

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 16.09.2014  
**Tid:** 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 10.09.14

Arnulf Goksøyr  
ordfører

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 139/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 140/14	Protokoll frå førre møte
PS 141/14	Delegerte saker
PS 142/14	Referatsaker
PS 143/14	Budsjettkontroll per 31.07.2014
PS 144/14	Detaljreguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs deler av FV10 på Moltustranda - Utlekking til offentlig ettersyn
PS 145/14	Detaljreguleringsplan for Myrabakken bustadfelt - Utlekking til offentlig ettersyn
PS 146/14	Byutviklingsprosjekt Fosnavåg by - open anbudskonkurranse
PS 147/14	Høyring 2 - utviklingsplanar for dei vidaregåande skulane i Eiksundregionen
PS 148/14	Brukarundersøking i Bu- og habiliteringsavdelinga 2014
PS 149/14	Resultat av brukarundersøking i pleie- og omsorgsavdelinga våren 2014
PS 150/14	Videokonferanseutstyr til bruk i samhandling innan helse - Leasingavtale
PS 151/14	Regional delplan for attraktive byar og tettstadar - høyring av forslag til plan
PS 152/14	Vedk. Lånegaranti til Tjørvåg Aktivitetspark
PS 153/14	Tak over tribune, Havila Stadion Fosnavåg - behov for ekstra løyving
PS 154/14	Utleige av gnr. 34 bnr. 237 snr. 4 til Fosnavåg Parkering AS

### **Delegerte saker frå avdelingane**

- DS 35/14 Søknad om å ta skjenkeløyve ut av lokalet/  
utvida skjenketid for én bestemt anledning  
(lukket og åpent arrangement)
- DS 36/14 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for  
én bestemt anledning (lukket og åpent  
arrangement)

### **Referatsaker**

- RS 44/14 Klimavalg 2015
- RS 45/14 Møteprotokoll frå Representantskapsmøte i  
Dragsunbygg IKS
- RS 46/14 Til orientering - KOFA-sak 2012/248 [SVW-  
SAKER.FID151503]

### **Delegerte saker frå avdelingane**

DS 35/14

Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)

DS 36/14

Søknad om å ta skjenkeløyve ut av lokalet/ utvida skjenketid for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement)

### **Referatsaker**

RS 44/14

Klimavalg 2015

RS 45/14

Møteprotokoll frå Representantskapsmøte i  
Dragsunbygg IKS

RS 46/14

Til orientering - KOFA-sak 2012/248 [SVW-  
SAKER.FID151503]



PS 139/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 140/14 Protokoll frå førre møte

PS 141/14 Delegerte saker

PS 142/14 Referatsaker



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2012/1014
		Arkiv:	210

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
143/14	Formannskapet	16.09.2014

### BUDSJETTKONTROLL PER 31.07.2014

#### Tilråding frå rådmannen:

Budsjettkontrollen per 31.07.2014 vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Avdelingane, her
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon, her
- Vest kontrollutvalssekretariat



## Vedlegg:

- [Budsjettkommentarer frå avdelingane](#)

### Saksopplysningar:

Målet med budsjettkontrollane er at dei stadig skal bli betre og syne at kommunen har god kontroll både på inntekts- og utgiftssida og kan varsle avvik så snart dei oppstår. På den måten vil politikarar og administrasjon få ei god oversikt over dagens drift og kva resultat denne drifta har å seie på rekneskapsresultatet ved utgangen av året.

Lønn er den viktigaste og største posten i rekneskapen. Den er vanlegvis meir å jour enn enn dei andre utgifts- og inntektspostane. Til orientering kan ein nemne at ein til ei kvar tid har mellom 50 og 100 fakturaer som ligg i avdelingane for kontering og tilvising. Desse er ikkje med i grunnlaget budsjettkontrollen er bygd på.

### 1. Tabell som syner situasjonen slik den einskilde leiar skildrar

I denne tabellen tek ein for seg rekneskapen per 31.07.2014 og samanliknar dette med budsjettet for 2014.

Netttotal i 1000 kr.

Avdeling/område	Rekneskap per 31.07.2014	Rev budsjett 2013	Forbruk i %	Meldt avvik	Rekneskap per 31.12.14
Folkevalde	2.309	3.495	66,1	200	3.695
Adm. Leining	2.643	3.320	79,6		3.320
Servicetorget	1.265	2.975	42,5	-100	2.875
Fellessekretariatet	1.291	2.190	58,9		2.190
Økonomiavdelinga	3.313	6.140	53,9		6.140
Pers- og org. Avd.	6.091	8.215	74,1	-350	7.865
IKT	3.497	4.550	76,9	400	4.950
Overføringar	12.938	8.795	147,1		8.795
Barnehagar	43.862	61.675	71,1	750	62.425
Grunnskular m.m	56.866	109.300	52,0	-1.250	108.050
Barn, familie og helse	17.835	34.545	51,6	1.000	35.545
Pleie- og omsorg	55.044	101.475	54,2		101.475
Bu- og habilitering	18.965	36.085	52,6	-750	35.335
Sosial og flyktning	5.881	9.470	62,1		9.470
Kulturavdelinga	3.354	8.020	41,8		8.020
Utviklingsavdeling	2.610	6.305	41,4		6.305
Anlegg og drift	8.848	16.240	54,5		16.240
Eigedomsavd.	10.016	15.140	66,2		15.140
Samhandlingsreforma	7.730	12.400	62,3		12.400
Skatt, ramme, fin.	-295.687	-450.530	65,6	10.000	-440.530
Sum (meirforbruk)				9.360	9.360

(normalt forbruk etter 7 mnd bør ligge på mellom 54 og 55%.

Ein ligg på etterskot med mange utgifts- og inntektspostar. Store delar av rente- og avdragskostnadane vert først betalt og utgiftsført i desember. Også evt pensjonsavvik, opp-/nedskriving av aksjar og obligasjonar, rentekompensasjon frå staten etc vert først kjent og ført etter nyttår. Det same blir det eksakte øyremarka

tilskotet for ressurskrevjande brukarar. For sistnemnde post fører vi i dag 1/12 av det budsjetterte tilskottet som inntekt kvar mnd.

## 2. Usikre punkt

1. Politisk leing. Vil nok få eit negativt avvik på om lag kr 200.000,- på dette ansvarsområdet. Grunnar til avviket er bl.a. budsjettet for annonser/støtteannonser er overskride og at reduksjonen av betalinga av tenester til Sunnmørsbadet først vart effektuert i mars/april.
2. IKT avdelinga har hatt 4 tilsette i 2014 medan ein i budsjettet har tatt høgde for 3. Sjølv om delar desse meirkostnadane er dekt av refusjon sjukeløn, kan det sjå ut til at ein får eit meirforbruk på opp mot kr 400.000,-. Andre grunnar til meirforbruket er lisenskostnarar og serviceavtalar. Rekneskapen til den interkommunale IKT avdelinga i Hareid kan også påverke dette i feil retning.
3. Barnehageavdelinga fekk auka si ramme i 2014 med 3,0 mill kr medan behovet var 3,5 mill kr for å dekke utbetalingane til private barnehagar. Grunnen til trekket var regjeringa sitt forslag om auka kontantstøtte til dei minste barna noko som dei meinte skulle redusere behovet for barnehageplassar. I Herøy har ein ikkje sett effekten av dette og dermed så blir trekket i rammetilskotet ei rein statleg sponing.
4. Avdeling for Barn, Familie og Helse. Her vil det nok bli ein sprekk på det som gjeld legetenestene. Kommunen har måtte leige inn mange vikarlegar dette året og det fører til store meirkostadar. Andre utgifter som blir høgare enn budsjettert i år er kostnadane til pasientskadeerstatning og til helsehjelp i utlandet. Herøy har mange utanlandske arbeidstakarar registrert i kommunen og det gjer at denne posten aukar år for år. Meirkostnadane knytt til ovannemde vil utgjere mellom 0,5 og 1,0 mill kr i 2014.
5. Pleie- og omsorgsavdleinga melder om travle dagar, men per i dag ser budsjettet ut til å halde.
6. Sosial/Flykting. Utgiftene til sosialhjelp er nr 0,6 mill kr høgare enn budsjettert. Eit anna usikkert punkt er ressurskrevjande brukarar som kan på føre avdelinga ei meirutgift på opp mot 2,0 mill kr i kommunal eigendel. Mottak av fleire flyktingar enn budsjettert kan veie opp ein del av desse meirkostnadane. Sjølv om ein set i verk tiltak for å få desse redusert framover vil det mest truleg bli eit meirforbruk her i 2013 – kanskje opp mot 1,0 mill kr.
7. Vi var optimistiske då vi budsjetterte skatteinntektene for 2014. Per 31.07.2014 er dei faktiske inntektene på dette området om lag 16,5 mill lavare enn budsjettert. Dette klarer ein ikkje å ta att på årets 5 siste månader. Mest truleg vil skatteinntektene bli mellom 15,0 og 18,0 mill lavare enn budsjettert noko som i sin tur medfører auka rammetilskott på mellom 7,0 og 8,2 mill kr. Det vil gi ein manko i budsjettet for 2014 på mellom 8,0 og 9,8 mill kr. Vi kan kome litt heldigare ut om skatteveksten på landsbasis blir høgare enn regjeringa har forutsett i statsbudsjettet for 2014.
8. Pensjonsoppgjera er også usikre. Vi har budsjettert med eit stort positivt pensjonsavvik. Om dette ikkje slår til etter forventningar og prognoser vil budsjettunderskotet bli endå høgare. Vi har «refinansiert» nokre av låna våre denne hausten, men det er vel tvilsomt om dette vil ha den store positive effekten i 2014. Også avdragsbiten er usikker. Det avgjerande her er kva som blir aktivert i balansen i 2014.

Basert på dei tala som ligg føre og dei prognosene ein har fått frå avdelinga kan det tyde på meirforbruk/mindreinntekter i 2014 på opp mot 10,0 mill kr.

#### **4. Rådmannen sine kommentarar**

Vi registrerer at svikten i skatteinntektene i Herøy er store sett i høve til statsbudsjettet sine føresetnadar og sett i høve til skatteinntektene i 2012 og 2013. Då skatteinntektene på landsbasis også er lavare enn rekna med i revidert så vil effekten får Herøy kommune bli endå meir negativ enn om skatteinntektene på landsbasis auka meir enn regjeringa sitt anslag.

Staten sine reformer og endringar slår ut i kommunen sin disfavør. Både tilskotet til barnehagedrifta og til samhandlingsreforma er mykje lavare enn det vi betaler ut. No ser vi også at trekket i barnehagetilskotet pga auka kontantstøtte til dei yngste barna også slår negativt ut for Herøy kommune sin del og at dette utgjør ein meirkostnad/mindreinntekter i 2014 på opp mot 1,0 mill kr (regjeringa har innsett at verknadane av endringa ikkje har vore slik ein har forutsett og at delar av trekket vil bli kompensert).

Nokre avdelingar rapporterer om eit venta meirforbruk i 2014, medan andre melder om eit mindreforbruk. Gledeleg nok ser det ut til at drifta i 2014 minst vil vere i balanse.

Vi har prøvd å tilpasse rammene til den einskilde avdeling etter deira ynskjer kombinert med dei midlane vi har til rådvelde. Likevel er det klart at avdelingane sine behov på mange områder er større enn det budsjettet gjev opning for. Arbeidspresset er aukande bl.a. på grunn av endra regelverk, nye og utvida oppgåver og større etterspurnad frå publikum. Avdelingane jobbar bra og driv nøkternt og er lojale mot det som vert bestemt.

Formannskapet har tidlegare uttrykt at dei ikkje ynskjer tenestekutt i budsjettåret. Det gjer at vi ikkje kjem med tiltak for å redusere budsjettunderskotet no, men vil prøve å regulere dette i budsjettframlegget for 2015.

Herøy kommune har forskottert tippemidlar, kulturhusmidlar, meirverdiavgift etc for fleire lag/organisasjonar/verksemder dei siste par åra. Totalt utgjør dette over 20,0 mill kr. Dette tærer på kommunen sin likviditet og Herøy kommune har i det siste brukt av trekkretten i Danske Bank.

For å rette på dette vil det bli aktuelt å selje seg ned i akjar og obligasjonar som kommunen har per dato.

Både ubundne driftsfond og ubundne kapitalfond er redusert/brukt opp den siste tida og det gjev oss store utfordringar når det gjeld finansiering av både drifts- og investeringstiltak framover.

#### **5. Om avvika kan dekkast inn**

Som nemnt i rådmannen sine kommentarar legg ein ikkje opp til kutt i drifta inneverande år. Ein styrer såleis mot eit meirforbruk.

Områdeleiarane er klar over dei økonomiske utfordringane Herøy kommune har framover og dei er lojale og gjer sitt beste for at forbruket skal haldast på eit nøkternt nivå slik at ein ikkje får overskridingar på drifta.

2015 vil nok bli ein minst like utfordrande år og ein må bruke budsjett 2015 og økonomiplanen 2015-2018 aktivt for å endre kostnadsbildet framover.

Det er utfordrande å dekkje inn avvik i avdelingar som driv rettighetsstyrte tenester, der nivået på tenestene frå før er dimensjonert til minimumsstandard etter lova.

Det er også ei utfordring at tiltak som får effekt på drifta føreset langsiktig planlegging og verknadane kan først godskrivas etter ein lang tidshorisont.

Tabellar som syner stoda per dato samanlikna med tilsvarande periode i 2013

Område	Rekneskap per 31.07.2014	Rev budsjett 2014	Rekneskap per 31.07.201	Rev. Budsjett 2013	Avvik rekneskap i kr
Folkevalde	2.309	3.495	2.464	4.350	-163
Administrativ leing	2.643	3.320	1.907	3.275	736
Servicetorget	1.265	2.975	1.323	2.775	- 58
Fellessekretariatet	1.291	2.190	1.483	2.300	- 192
Økonomiavdelinga	3.313	6.140	3.195	5.975	18
Personal- og org.	6.091	8.215	5.366	8.400	725
IKT	3.497	4.550	1.236	4.225	2.261
Overføringar	12.938	8.795	5.055	8.600	7.883
Barnehagar	43.862	61.675	40.565	56.850	3.297
Grunnskular m.m	56.866	109.300	55.843	106.220	1.023
Barn,familie og helse	17.835	34.545	18.931	32.390	- 1.096
Pleie- og omsorg	55.044	101.475	52.976	95.000	2.068
Bu- og habilitering	18.965	36.085	17.721	34.700	299
Barnevern					
Sosial og flyktning	5.881	9.470	6.080	9.100	- 199
Kulturavdelinga	3.354	8.020	4.506	7.530	- 1.152
Utviklingsavdeling	2.610	6.305	2.326	5.600	284
Anlegg og drift	8.848	16.240	13.509	15.110	- 4.661
Eigedomsavd.	10.016	15.140	7.826	15.900	2.190
Samhandlingsref.	7.730	12.400	7.293	12.400	437
Skatt, ramme, fin.	-295.687	-450.530	-291.856	-430.700	- 3.831
<b>Sum</b>					<b>9.869</b>

Av tabellen ser ein at det er store ulikskapar mellom rekneskap 2014 og rekneskap 2013 per 31.07 på nokre av avdelingane. Dette kan skuldast ulik periodisering i høve til når inntekter og utgifter er ført dei ulike åra. Likevel ser ein at det for eit par av delingane er større reelle kostnadar dette året enn i 2013. Det har også avdelingane meldt om i sine kommentarar.

(Alle tal i heile 1.000)

	Rekneskap per 31.07.2014	Budsjett 2014	Forbruk i %
Lønn inkl sosiale utgifter	208.212	375.607	55,43
Kjøp av varer og tenester	39.168	68.775	56,95
Kjøp av varer og tenester som erstattar komm eigenprod.	52.281	71.683	71,68
Overføring til andre	76.896	64.555	119,11
Finansieringsutgifter	13.064	61.292	21,31
<b>Sum utgifter</b>	<b>389.617</b>	<b>641.913</b>	<b>60,69</b>
Salsinntekter	-36.798	- 70.836	51,94
Refusjonar	-19.734	- 34.658	56,9
Overføringar frå andre	-353.912	- 475.177	74,48
Finansieringsinntekter	-10.100	- 61.242	16,49
<b>Sum inntekter</b>	<b>-420.544</b>	<b>- 641.913</b>	<b>65,51</b>
<b>Netto</b>	<b>- 30.927</b>		

Vi ser ikkje ut til å få sprekk i det som gjeld lønn og sosiale kostnader i 2014 (om vi tek med refusjon sjukeløn).

Avkastninga på Oslo Børs er noko høgare enn budsjettert og kan gi oss ei meirinntekt om ikkje børsen snur siste tertial.

Skatteinntektene er som nemnt 16,5 mill kr lavare enn budsjettert per 31.07.2014 og det er ikkje grunn til å tru at dette kan snuast. Vi ser også at den faktiske skatteinntekten per 31.07.14 er om lag 4,2 mill lavare enn på same tidspunkti 2013. Det skal då tyde på ei skatteinntekt i 2014 på om lag 234,0 mill kr

### **Vurdering og konklusjon:**

I 2014 må vi konstatere svikt på ein særst viktig inntektspost. Skatt/ramme vil bli mellom 8,5 og 10,0 mill kr mindre enn budsjettert.

Samla sett er det eit håp om at vi vil få eit mindreforbruk i drifta (områda). Det samt ei god utvikling på Oslo Børs resten av året gjer at ein vonar at meirforbruken skal krype nedover mot 7-8 mil kr. Då har ein ikkje tatt omsyn til at samla pensjonskostnadar heilt sikkert vil avvike frå det budsjetterte.

Fosnavåg, 03.09.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Geir Egil Olsen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Rapporteringstre		Enhetsleder vurdering avvik (kr)	Avvik hiå (kr)	Årsbudsjett	Avvik i %	Sentral vurdering	Status
10 Folkevalde	Akseptabelt	0	-174	3 694	0,00		Godkjent
12 Administrativ leing	Akseptabelt	0	-854	3 319	0,00		Godkjent
13 Servicetorget	Akseptabelt	0	362	3 007	0,00		Godkjent
14 Fellessekretariatet	Akseptabelt	0	-74	2 188	0,00		Godkjent
15 Økonomiavdeling	Akseptabelt	0	89	6 138	0,00		Godkjent
16 Personal- og organisasjonsavdelinga	Akseptabelt	0	-1 529	8 213	0,00		Godkjent
17 Informasjonsteknologi	Akseptabelt	0	-923	4 548	0,00		Godkjent
18 Overføringar	Akseptabelt	0	-7 669	8 796	0,00		Godkjent
21 Barnehagar	Akseptabelt	0	-8 404	61 677	0,00		Godkjent
22 Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	Akseptabelt	0	3 591	109 297	0,00		Godkjent
31 Barn, familie og helse	Akseptabelt	0	1 437	34 545	0,00		Godkjent
32 Pleie og omsorgsavdelinga	Akseptabelt	0	758	101 477	0,00		Godkjent
33 Bu- og habiliteringsavdelinga	Akseptabelt	0	700	36 084	0,00		Godkjent
34 Barnevernsavdelinga	Akseptabelt	0	0	0	0,00		Ikke rapportert
38 Sosial og flyktning	Akseptabelt	0	-603	9 470	0,00		Godkjent
40 Kulturavdelinga	Akseptabelt	0	358	7 643	0,00		Godkjent
50 Utviklingsavdelinga	Positivt	0	807	6 305	12,80		Ikke rapportert
51 Anleggs- og driftsavdelinga	Akseptabelt	0	973	16 240	0,00		Godkjent
60 Eignedomsavdelinga	Akseptabelt	0	-1 017	15 138	0,00		Godkjent
70 Samhandlingsreforma	Positivt	500	-304	12 400	4,03		Godkjent
90 Skatt, ramme, finans, tilskot	Akseptabelt	0	-2 470	-450 527	0,00		Godkjent
<b>Sum</b>		<b>500</b>	<b>-14 944</b>	<b>-346</b>	<b>144,69</b>		

Beskrivelse	Rekneskap i fjord pr.dato	Rekneskap hittil i år	Rev. budsjett hiå	Avvik hiå	Forv. avvik 31.12	Rev. årsbudsjett	Forventet årsresultat	Forbruk i %
Sum totalt	-66 894	-31 969	-46 914	-14 944	500	-346	-846	9251,14
Utgifter	375 114	388 099	359 190	-28 909	500	637 381	636 881	60,89
Løn inkl. sosiale utgifter	200 653	208 208	203 829	-4 379	0	371 882	371 882	55,99
Kjøp av varer og tenester	90 462	90 233	82 028	-8 205	0	139 785	139 785	64,55
Overføringar og andre utgifter	83 999	89 658	73 333	-16 325	500	125 714	125 214	71,32
Inntekter	-442 008	-420 068	-406 103	13 964	0	-637 727	-637 727	65,87
Salsinntekter	-35 336	-36 551	-39 565	-3 014	0	-70 051	-70 051	52,18
Refusjon sjukeløn	-9 751	-8 300	-1 633	6 667	0	-2 800	-2 800	296,43
Andre refusjonar og tilskot	-396 920	-375 217	-364 905	10 312	0	-564 876	-564 876	66,42
<b>I alt</b>	<b>-66 894</b>	<b>-31 969</b>	<b>-46 914</b>	<b>-14 944</b>	<b>500</b>	<b>-346</b>	<b>-846</b>	<b>9251,14</b>

#### Folkevalde

Meirforbruket på dette ansvaret skuldast i hovudsak utgifter til annonsering, bading og at utgiftene til kontrollutvalssekretariatet er betalt for heile året. Dersom det ikkje vert inn særskilte tiltak, kan det verte eit meirforbruk på ca 200.000 kr.

#### Administrativ leing

Meirforbruket skuldast periodisering av inntektene. Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg meirforbruk på dette ansvaret i år.

#### **Fellesekretariatet**

Utgifter til interkommunalt arkiv er betalt for heile året. Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg meirforbruk på dette ansvaret i år.

#### **Servicetorget**

Servicetorget har eit positivt avvik på ca 12%. Årsaka i dette ligg i: - unytta lønsmidlar - høgare inntekter enn budsjettet  
Ein del fakturaer vert betalt kvart kvartal og vil ha innverknad på forbruket. Med status ein har i dag meiner ein at det vil verte positivt avvik også i år med ca 3% eller omlag kr 100.000,-.

#### **Økonomiavdeling**

Ikkje dei store avvika på dette området/ansvaret. Bør kunne gå i balanse i 2014.

#### **Personal- og organisasjonsavdelinga**

Avdelinga vil ha mindre lønnsutgifter for juli, august og september, grunna redusert bemanning i perioden. Det er også færre lærlingar enn planlagt og budsjettet med. Dette vil kunne resultere i eit mindreforbruk på mellom kr 200.000,- og kr 500.000,- alt etter utviklinga i talet på lærlingar framover.

#### **Informasjonsteknologi**

IKT- avdelinga har hatt ei stilling meir enn budsjettet i 2014. I tillegg er det eit meirforbruk på lisensar og serviceavtalar. Vi kan få eit meirforbruk på dette ansvaret på 400.000 kr.

#### **Overføringar**

Det meste her er i rute når det gjeld ordnare overføringar til fellesråd, landbrukskontor, kommuneveterinær, revisjon etc.  
Avviket skuldast at det ikkje er henta inn midlar frå næringsfondet og frå RDA fonda for å dekke opp utbetalingane som har skjedd. Det utgjør differansen mellom rekneskap og budsjett i dette tilfellet.

#### **Barnehagar**

Avviket skuldast at det er utbetalt kommunalt tilskot til private barnehagar for juli, august og september 2014. Periodiseringa blir då feil, slik at det framstår som eit avvik. Det er utbetalt ca. 3 000 000 kr meir i kommunalt tilskot hittil i år samanlikna med i fjor. Budsjettet vart auka med ca. 3000 000 kr. Det vert utbetalt tilskot til private barnehagar for siste kvartal ca. 1. oktober. I tillegg vert andre refusjonskrav utbetalt ved slutten av året, dette gjeld betaling for barnehageplassar i Ulstein og Herøy. Refusjonskrav vedkomande tapt inntekt ved syskjennmoderasjon kjem og på slutten av året. Det er difor vanskeleg å vite nøyaktig kva resultatet vert ved slutten av året. Behovet for auka ressursar ved fastsetting av budsjettet var 3 500 000 kr. Dette vart redusert til 3 000 000 kr pga trekk i ramma til kommunen pga kontantstøtteordninga regjeringa forventa skulle redusere behovet for barnehageplassar. Dette har ikkje skjedd. Behovet har vore like stort, og kommunen må betale ut tilskot i samsvar med lovverket. I tillegg vil ein ved rekneskapsoppgjeret 2014 sjå om private barnehagar har rett til meir eller mindre tilskot. Det kan føre til at barnehageavdelinga får eit overforbruk frå kr. 500 000 til 1 000 000. Dette ser ein litt klarare etter 1 oktober 2014. Forbruket i kommunale barnehagar når det gjeld løn som er hovudposten for utgifter ser ut til å vere i balanse med budsjettet. Her er det sjukefråver og vikarutgifter som vil vere avgjerande for balansesituasjonen ved slutten av året.

#### **Grunnskuleavdelinga**

Månadsrapporten pr.juli og hittil i år viser eit positivt avvik på 3,5 mill.  
Utgiftene er 2,7 mill lavare enn budsjettet, med eit forbruk på 53% av totalen. Tilsvarende i 2013: 1,3 mill lavare utgifter, 54,4% av totalt budsjett.  
Lavare lønnsutgifter held seg stabilt, og ligg no på -800' hittil i år. Vi køyrer ei stram drift, med høgt fokus på organisering og effektiv bruk av personalressursar.  
Årsaka til det store underforbruket pr.dato, ligg i kjøp av varer og tenester, med - 1,5 mill. Dei store innkjøpa for skuleavdelinga skjer i juni, med faktura i august. Dette gjeld lærebøker og skulemateriell. Avviket er derfor kunstig høgt no, og vil bli redusert i august.  
Elles er det lavare mva-utgifter, -700'.

Inntektene er ca. 800' over budsjett. Det er ført 61% av budsjetterte inntekter, mot 1,3 mill og 67% på same tid i 2013.

Dei auka inntektene skuldast høgare refusjon foreldrepenngar og feriepenngar ( 550'), samt statlege tilskot til pedagogiske satsingar i grunnskulen. Her er også noko høgare refusjonar frå andre kommunar enn budsjettert, relatert til undervisning av barn i fosterheimar.

Prognose:

Tek ein omsyn til avviket på kjøp av varer og tenester, er det reelle positive avviket pr.no på ca.2 mill.

Ei ny elevsak vil krevje bemanning 1-1 utover hausten, samt at vi har fått ein del nye elevar i løpet av sommaren, med behov for norskopplæring.

Her er ikkje vesentleg "heng" på inntekter i forhold til budsjett.

Utifrå rapport pr. juli, og før endringane for skuleåret 2014/15 viser seg i august, styrer vi mot eit netto mindreforbruk på 1-1,5 mill.

#### Barn, familie og helse

Barnevernet har per i dag eit akseptabelt forbruk og eit lite avvik . Seksjonen gjer det den kan for å halde utgiftane nede, men det kan ikkje gå på bekostning av å setje inn tiltak når barn treng det. Barnevernet har mange vanskelege saker dei arbeidar med og kor ulike tiltak vil kunne måtte settast inn. Det er og sat i verk mange tiltak som er ressurskrevjane. Per i dag ser det ut som om budsjettet innan barnevern vil kunne halde, men deer likevel rett å varsle om at det vil kunne inntreffe forhold for einskilde barn som gjer at budsjettet ikkje vil kunne haldast.

Avdelinga har eit positivt avvik. Det er gledeleg, men det er ikkje forventa at det vil kunne vare. Utgiftene til legevikarar er ikkje fullt ut belasta enda og det er og forventa at det vert bruk av ytterlegare vikarar. Det vil og verte ein del ekstra utgifter knytt til nybygget som må takast på avdelingas budsjett. Det er og eit meirforbruk på utgifter kommunen ikkje kan påvirke, som feks pasientskadeerstataning og helsehjelp i utlandet koster kommunen pengar av ukjent storleik. Meirinntektene skuldast i hovudsak at det er betalt inn eit større beløp i leigeinntekter. Dette er midlar som vart avregna etter den gjeldande avtal ved slutten av året og såleiaast ikkje påverkar det endelege resultatet for avdelinga.

Ulik periodisering av inntekter og utgifter på enkelte område fører og til at det samla resultatet ikkje forventas å vere så positivt overtid. Avdelingas budsjett og forbruk følgast nøye.

#### Pleie og omsorgsavdelinga

Innsparing for 2014 (vikarmidlar) på 600 000 ligg på administrasjonen. Samt auke i inntekt på brukarbetalingar. Dette skulle ha vore fordelt ut på avdelingane.

Heimetenestene er ok. Litt lavare nettoforbruk i 2014 sett i høve til same periode i 2013. Det har over tid vore sterkt press på personalressursen i heimetenestene. Leiarane må leige inn ekstra ved behov.

Herøy omsorgssenter er godt i rute. Ei avdeling har i sommer hatt behov for noko ekstra innleige.

Drosjeutgifter til dagsenter for personar med demens er høgare enn forventa, og vi ser allerede no at budsjettet ikkje held. Det er vanskeleg å prognostisere behovet, så budsjettering skjer mykje basert på framskriving av dagens drift. Det varierar kor brukarane kjem ifrå., og pasientar med lang reiseveg kostar vesentleg meir enn dei som bur lokalt. Det er meldt om dyrare medisiner pga nye arbeidsoppgåver og pasientgrupper som brukar dyrare preparat. Straumutgifter er så langt noko høgt.

Myrvåg omsorgssenter. Ei avdeling har hatt behov for ekstra innleige på grunn av pasientbehov.

Øyeblikkeleg døgnopphald ved Myrvåg omsorgssenter krev faglært arbeidskraft. I tillegg var det i sommar leid inn vikarbyrå for å sikre sjukepleiekompetanse. Det er meldt om dyrare medisiner pga nye arbeidsoppgåver og pasientgrupper som brukar dyrare preparat.

Brukarbetaling er i rute.

Det er for tidleg på året å kome med ei god prognose då vår drift er totalt avhengig av pasientgrunnlaget og tilgang på personale. Men om drifta ligg på same nivået ut året kan ein kome ut i balanse. Det er imidlertid ein del kjende utfordringar som vil kunne dra i vei økonomisk sett.

#### Bu- og habiliteringsavdelinga

Bu- og habiliteringsavdelinga har samla sett god kontroll på utgiftene. Vi gjer det vi kan for å klare kravet om innsparing i løpet av budsjettåret. Det er grunnlag for å tru at bu- og habiliteringsavdelinga samla sett kjem positivt ut av driftssituasjonen også i år. Det er tre hovudmoment som avgjer utfallet: At vi refusjonsnøkkelen på statstilskot ikkje vert endra vesentleg i nytt budsjett (at inntektene vert i tråd med 2013), at vi klarar å halde kostnader til overtidsbruk og vikarløn på same låge nivå ut året, og at vi ikkje får ein auke i behov på tenestesida.

Med desse føresetnadene og slik situasjonen er per i dag, vil avdelinga truleg få eit overskot på mellom 500.000 til 1.000.000 ,-.



Administrasjon: På administrasjonsområdet ligg det midlar til interne overføringar og betaling til andre kommunar på vel 900.000,- som vert betalt ved slutten av året. Administrasjonen vil difor gå i balanse. Butilboda: Det positive overskotet i butilboda er i hovudsak ubrukte ferievikarmidlar, som vert nytta i sommarferieavviklinga. Korleis vi endar ut på løn ser vi klarare i september etter heile ferieavviklinga er over. Vi har ei kraftig forbetring i høve bruk av overtid i avdelinga. Per juli i år har vi brukt over 250.000 færre kroner enn til samanlikning med same tid i 2013. Klarar vi å halde slike kostnader nede ut året, er det grunn til å tru at butilboda går i positiv ubalanse. Med bakgrunn i det rekneskapsførte tilskotet for 2013 på statstilskot til ressurskrevjande brukarar, er det grunnlag for at tilskotet vert høgare enn budsjettert for 2014. Utan å ha finrekna på det per d.d, og med atterhald om at refusjonsnøkkelen ikkje vert endra, kan inntekta bli ca 500.000,- høgare enn budsjettert. Dette må vi rekne på etter at det nye statsbudsjettet og føringane der vert lagt fram i september/oktober. Vi ligg på etterskot med inntening på Herøy produksjon, noko som ikkje har betra seg særleg så langt i løpet av året. Dagtilboda vil truleg få ein liten negativ ubalanse. Mellomleiarane gjer ein god jobb ifht planlegging av drifta og skal ha honnør for godt arbeid.

### **Sosial og flyktning**

Totalt er budsjettet overskredet med kr 603 000 pr juli måned. Dette skuldast hovudsakleg eit overforbruk på økonomisk sosialhjelp. Det er satt i verk fleire tiltak for å redusere utbetalingane, men det er usikkert i kor stor grad dette vil ha effekt.

Noko av meirforbruket vil bli redusert pga auka inntekter. Dette gjeld kr 500 000 i prosjektmidlar frå Fylkesmannen/Arbeids- og velferdsdirektoratet, og integreringstilskot på nyankomne flyktningar. Integreringstilskotet vil dekkje etableringsutgifter og livsopphaldsutgifter fram til oppstart i Introduksjonsprogrammet, samt ekstra ressurs på skule.

Det er eit usikkert moment vedrørende ein ekstra ressurskrevjande brukar, kor Herøy kommune er refusjonsansvarleg. Her vil det påløpe utgifter ved årslutt. Noko av dette vil bli dekt av staten, men det er ein eigenandel som ikkje ligg inne i budsjettet pr i dag. Denne utgiften vil ikkje påløpe i 2015.

### **Kulturavdelinga**

Reknskapen pr juli 2014 viser at avdelinga har eit mindreforbruk på ca. 200'. Netto forbruk på dei ulike tenesteområda viser eit forbruk på ca. 35 % av samla nettoramme. Enno er ein del overføringar, tilskot, refusjonskrav og leige krav ikkje bokført på fleire av tenesteområda.

Kulturhuset har eit høgare forbruk enn budsjett hittil i år grunna høgare bruk av overtid og ekstra mannskap, samt lavere nettoresultat ved arrangement, enn budsjettert. Publikumsarrangement i regi av kulturavdelinga vert ikkje gjennomført før Fosnavåg konserthus er teke i bruk. Straumkostnadane er forventa å verte vesentleg lavere enn budsjettert.

Prognosane for kulturavdelinga sitt budsjett ut 2014 tyder på at vi vil gå i balanse.

### **Anleggs- og driftsavdelinga**

Pr. 31.07.2014 syner reknskapen totalt sett, justert for etterslep på interne føringar m.m., at det er eit mindreforbruk i forhold til periodisert budsjett. Samla sett kan ein ikkje sjå at det ligg an til store avvik i forhold til budsjett på årsbasis.

### **Eigedomsavdelinga**

Slik det ser ut no så vil ansvar 6051 få eit mindreforbruk i forhold til budsjettet.

Eigedomsavdelinga ligg an til eit overforbruk innanfor ansvar 6011 som skal korrigerast opp pga. feilføring, korrigerast opp grunna mindreforbruk innanfor ansvar 6012, 6031 og 6051, slik at ein håper ein skal oppnå budsjettbalanse i 2014

### **Utviklingsavdelinga**

Ikkje levert

### **Samhandlingsreforma**

Ein ser at dei månedlege akontoutbetalingane er noko større per mnd enn det ein har avsett. Det er avrekninga frå Helse Midt som vil avgjere om vi får eit meirforbruk eller ikkje dette året. Avrekninga kan også vere negativ for vår del og då vil meirforbruket overstige 0,5 mill kr.

### **Skatt, ramme, finans, tilskot**


Dette er vel det ansvarsområdet som vil få mest juling i 2014. Dette skuldast ei svak utvikling i skatteinntektene. Faktisk ser det ut til at Herøy får ein reduksjon av skatteinntektene for andre året på rad. I justert budsjett for 2014 har vi budsjettert med 253,5 mill kr i skatteinntekter og 200,1 mill kr i rammetilskott.

Slik det ser ut ved utgangen av juli vil vi få omlag 233,0 mill kr i skatteinntekter og 211,7 mill kr i rammetilskott - dvs ein total svikt i desse inntektene på omlag 8,9 mill kr.

Rente- og finansinntektene og utgiftene vil bli omlag som budsjettert (samla sett) om ikkje ein får ein verdireduksjon på aksjemarknaden i tida som kjem.

Det punktet det knytter seg størst spenning til er persjonskostnadane for 2014. Vi har budsjettert med totalt 13,5 mill kr (inntekt) for det som gjeld pensjonsavvik, amortisering av pensjonsavvik og arbeidsgjevaravgift av dette. I 2013 såg vi at desse "inntektene" vart mykje lavare enn budsjettert. Grunnen til at dette vert sett som ei inntekt er at dei skal førast i balansen og kostnadane skal deretter fordelast over 8-10 år.

Totalt sett, med det ein veit i dag, kan inntektssvikten her bli på omlag 10,0 mill kr. Om skatteinntektene på landsbasis også fortsetter med ein nedgong vil svikten kunne bli endå større.



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/552
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
144/14	Formannskapet	16.09.2014

### DETALJREGULERINGSPLAN FOR NY GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELER AV FV10 PÅ MOLTUSTRANDA - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

#### Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag for ny gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 på Moltustranda, datert 05.9.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

#### Særutskrift:

- Offentlege uttaleinstansar
- Grunneigarar, tverrbuarar og naboar til planområdet

**Vedlegg:**

01 – Plankart, datert 05.09.2014

02 - Reguleringsføresegner, datert 05.09.2014

03 - Planomtale med vedlegg, datert 05.09.2014

**Saksopplysningar:**

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd reguleringsplan for eit avgrensa område på Moltustranda. Området er hovudsakleg lokalisert langs fylkesveg 10 og er i kommuneplanen frå 2004 sett av til gang- og sykkelveg. Planforslaget viser også eit forslag til ny og framtidsretta løysing for Nygjerdevegen – som er ein viktig og avgjerande samleveg for det mest sentrale bustadområde på Moltustranda.

Oppstart av arbeid med planlegging av ny gang- og sykkelveg i området blei kunngjort i juni 2013, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentleg uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Det kom inn totalt 10 innspel frå både offentleg og private. .

Herøy kommune gjennomførte 12.09.2013 eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule om planarbeid for ny gang- og sykkelveg gjennom bygda. Til dette møte kom det om lag 23 personar. I møtet informerte kommunen om planarbeidet, samstundes som deltakarane fekk stille spørsmål og kome med sin synspunkt knytt til kommunen sitt arbeid. Referat frå møtet følgjer som vedlegg til planomtalen.

Til varsel om oppstart av planarbeid, mottok kommunen krav frå Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune, om at det måtte gjennomførast arkeologiske registreringar i området. Dette arbeidet blei gjennomført i slutten av august, byrjinga av september 2014. Ein har ikkje motteke rapport frå arbeidet med arkeologiske registreringar.

Planforslaget for gang- og sykkelveg må sjåast i samanheng med reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt, då desse to planane har samanfallande plangrenser og vert fremja på same tid.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon av dei mest sentrale elementa i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen.

**Vurdering og konklusjon:****Planforslaget****Bustad**

I FS1- området (frittliggjande småhusbebyggelse) er det teke med eksisterande bebyggelse som blir nytta til bustad. Innanfor dette området kan det fradelast totalt 3 tomter med dei elementa som planen viser.

### Forretning

Her inngår eksisterande lokal matvarebutikk (Coop marknad Moltu) som er gitt noko større handlingsrom mot vest. Det er her vist byggjegrænse mot fylkesveg på 25 meter.

### Vegar

Det er planlagt ei vegløyning med skulder 0.5 meter + køyrebane totalt på 6.0 meter + skulder 0.25 + fortau 2.5 meter + annan veggrunn 2.0 meter. Dimensjonert med utgangspunkt i Statens Vegvesen sin vegnormal handbok 017.

Ny veglinje for Nygjerdevegen er vist i plan etter kommunal vegnorm.

Eksisterande Nygjerdeveg er tenkt omklassifisert til bustadveg (felles privat) og er planlagt stengt for gjennomgangstrafikk av omsyn til trafikktryggleiken i området.

### Fortau

Nytt fortau langs fylkesvegen er planlagt frå eksisterande Nygjerdeveg og forbi Myrabakken til plangrensa. Her heng planen saman med eldre plan «Tarberg – Moltumyr») som ikkje er fullt ut realisert.

### Gang- og sykkelveg

Eksisterande etablert gang- og sykkelveg frå lokalbutikken til skulen er teke med i planforslaget, slik at arealbruken vert stadfesta og slik at ein ser samanhangen knytt til løysingar for gåande og syklande i området.

### Annan veggrunn – tekniske anlegg og grøntareal

Dette er planlagt som offentleg areal planlagt til skråning, skjæring, fylling, skulder, grøft eller mur i tilknytning til fylkesveg eller kommunal veg i området.

### Busslomme

Etablert busslomme er teke med i plan og utvida noko i høve Statens Vegvesen sin vegnormal.

## **Vurdering**

Planforslaget skal legge til rette for ny gang- og sykkelveg frå Moltu skule til grense mot reguleringsplan «FV10 Tarberg — Moltumyr»). Målet er å betre tilhova til mjuke trafikantar og gi desse ein tryggare ferdsel langs Fylkesveg 10. Det er også ei målsetting med planarbeidet å legge grunnlag for ein ny tilkomst til dei øvre delane av bygda, som erstatning for deler av dagens tilkomstveg (Nygjerdevegen).

I planarbeidet har ein nytta Statens Vegvesen si «Handbok 017» som utgangspunkt. I løysingar for gåande og syklande langs FV10, har ein i planforslaget valt å regulere ei fortausløyning i tillegg til breiddeutviding av eksisterande fylkesveg. Det er planlagt ei vegløyning med skulder 0.5 meter + køyrebane totalt på 6.0 meter + skulder 0.25 + fortau 2.5 meter + annan veggrunn 2.0 meter. Sistnemnde varierer noko grunna tilgrensande eksisterande busetnad i området.

Rådmannen vurderer det slik at ei løysing med fortau i staden for full gang- og sykkelveg, vil vere den rette løysinga for mjuke trafikantar i dette området.

Dette av omsyn til mellom anna trafikkmengd, fartsgrense, talet på gåande og syklande, avkøyrslar m.m. I tillegg er det tett busetnad i området. Sistnemnde gjer det utfordrande å finne gode løysingar som ivaretek mjuke trafikantar, samstundes

som ein ikkje grip for sterkt inn i eksisterande etablerte bustadtomter som grensar til vegen.

Når det gjeld forslag til ny veglinje for Nygjerdevegen, ser ein denne som heilt naudsynt av omsyn til den bustadsatsinga som ein no legg til rette for i området, mellom anna i Myrabakken. Ny veg er også tenkt for å betre tryggleik og beredskapen i området, slik at utrykkingskøyretøy lettare kan ta seg fram til dei øvre og sentrale delane av bygda.

## **Konklusjon**

Området er lagt ut til bustadføremål i kommuneplanen sin arealdel frå 2004. Som følgje av planen sitt innhald kjem ikkje planarbeidet inn under reglane i forskrift om konsekvensutgreiingar.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse.

Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd. Arealbruken ei vesentleg betring av trafikktryggleiken for denne delen av kommunen. Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget innebere eit grunnlag for seinare realisering av eit trafikktryggingstiltak som kan sikre ein tryggare skulevegar på Moltustranda. Dette er også i samsvar med Møre og Romsdal fylkeskommunen sin strategi for mjuke trafikantar.

Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Konsekvensar for folkehelse:

**Positivt.**

Konsekvensar for beredskap:

**Ingen særskilte**

Konsekvensar for drift:

**Ingen særskilte**

Fosnavåg, 08.09.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg





**HERØY KOMMUNE**

## **DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG MOLTUSTRANDA FV10**

PlanID: 201308 Arkiv: \_\_\_\_\_ Eigengodkjenning: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_

### **§ 1 - GENERELT**

#### **§ 1.1 – GYLDIGHEITSSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast – og plasserast – slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

#### **§ 1.2 - ANDRE BESTEMMINGAR**

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentral og kommunale lover og føresegner.

#### **§ 1.3 – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR**

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

#### **§ 1.4 – UNIVERSELL UTFORMING**

Ved detaljprosjektering og utbygging skal det leggast vekt på prinsippa om universell utforming

#### **§ 1.5 – AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE**

Dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjende, skal arbeidet straks stogkast og det skal takast kontakt med kulturminnemynde.

#### **§ 1.6 – FRISIKT**

Frisiktlinjer i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar den frie sikta. Areal innanfor frisiktlinja skal planerast ned til 0.5 meter over tilgrensande vegar sitt nivå.

### **§ 2 – FELLESFØRESEGNER**

#### **§ 2.1 TERRENGINNGREP**

**REGULERINGSFØRESEGNER**



Område for anlegg skal ha ei utforming med best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som mogleg.

### **§ 2.2 – STØY**

For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindauge til ei side der støynivået er  $L_{den}=55$  dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda. Viser elles til desse føresegnene sine § 15 vedkomande rekkjefølgje

### **§ 2.3 – GRAD AV UTNYTTING OG BYGGJEGRENSER**

Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillate bebyggd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

## **§ 3 - REGULERINGSFØREMÅL**

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

### Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr 1):

Bustader - frittliggjande småhusbebyggelse, FS1  
Forretning, F1

### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2):

Køyreveg, V1-2  
Fortau, F  
Gang/sykkelveg, GV  
Annan veggrunn – grøntareal  
Annan veggrunn - tekniske anlegg  
Kollektivhaldeplass, busslomme

## **§ 4 – AREALBRUK**

Planområdet er regulert i eit vertikalnivå og areala skal her nyttast til det som går fram av plankartet og desse føresegnene.

## **§ 5- BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr 1):**

### **5.1. GENERELT**

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for

tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

Maks tillaten BYA for dei enkelte delområda:

FS - område: maksimum BYA 35 %.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m<sup>2</sup> pr. bilplass.

Som minste oppphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan FS-område skal det setjast av min. 20m<sup>2</sup> eigna areal for lek. Arealet skal gå fram at situasjonsplan.

## **5.2 BUSTADER – FRITTLIGGJANDE SMÅHUSBEBYGGELSE (FS1):**

I område merka FS1 kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

I område merka FS skal nye bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal nye garasjar ikkje byggjast større enn 45 m<sup>2</sup> grunnflate og då berre i ei høgd. Nye garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

## **5.3 FORRETNING, F1**

I området F1 kan det byggjast forretning. Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggjegranser. Det skal leggjast til rette for HC-parkering.

Forretningsbygg kan førast opp med gesimshøgde som ikkje overstig 6.5 m og mønehøgde som ikkje overstig 8.5 meter.

## **§ 6 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2):**

I trafikkområdet skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, gang- og sykkelveg, murar, skjeringar og fylling (skråningar).

o\_V1 er offentlig køyreveg og del av Fylkesveg 10.

o\_V2 er offentlig køyreveg (kommunal veg).

f\_V er felles private køyreveg

Området o\_GSV er gang- og sykkelveg.

I området o\_F skal det etablerast offentlege fortau.

Annan veggrunn – grøntareal er sideareal til formålet køyrveg (V1-2) og kan nyttast til grøft/skulder/mur/skråning.

Annan veggrunn - tekniske anlegg sideareal til formålet køyrveg (V1-2) og kan nyttast til framføring av tekniske anlegg.

f\_V er felles private vegar for kringliggjande eigedomar.

Areal vist som busslomme i plankaret er offentlig kollektivhaldeplass i tilknytning til Fylkesveg 10.

I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekablar. Det vert tillate med etablering av naudsynte kummar, fundament, stolpar og mindre skap som har direkte tilknytning til offentlig infrastruktur.

Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

Der det er større nivåskilnader i overgang mellom arealformåla vert det tillate med oppføring av murar.

Mindre endringar i skråningsutslag som går ut over arealføremålet vil kunne skje som følge av uføresette forhold, som til dømes grunnforhold eller feil i kartgrunnlaget.

Areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som tilgrensande areal har.

\*\*\*

Reguleringsplan godkjent av kommunestyret i K-sak XX/XX, XX.XX.XX

Fosnavåg, \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_

**Ordførar**

**REGULERINGSFØRESEGNER**



**HERØY KOMMUNE**

**Plan-ID: 201308**



**REGULERINGSPLAN FOR GANG OG SYKKELVEG – FYLKESVEG 10 MOLTUSTRANDA  
PLANOMTALE  
SEPTEMBER 2014**

## INNHALD

<b>1 - BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET .....</b>	<b>3</b>
Formålet med planarbeidet .....	
Tidlegare vedtak i saka.....	
Planprosess .....	
Konsekvensutgreiing.....	
<b>2 - OMTALE AV PLANOMRÅDET - EKSISTERANDE TILHØVE.....</b>	<b>4</b>
Lokalisering og arealbruk.....	
Leidningar i grunnen og høgspenningsanlegg.....	
Overordna planar og retningsliner.....	
<b>3 - OMTALE AV PLANFRAMLEGGET .....</b>	<b>6</b>
Normalprofil .....	
Planlagt arealbruk.....	
Føresegner og omsynssoner.....	
Risiko og sårbarheit.....	
<b>4 - KONSEKVENSNAR AV PLANFRAMLEGGET .....</b>	<b>7</b>
Støy .....	
Landskap .....	
Konsekvensar for landbruk .....	
Trafikktryggleik.....	
Naturmangfald.....	
Barn- og unge.....	
Estetikk og miljø.....	
Kulturminne.....	
<b>5 - MEDVERKNAD I PLANPROSSESSEN.....</b>	<b>8</b>
<b>6 – VEDLEGG.....</b>	<b>8</b>

# 1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

## 1.1 Formål med planen

Målet med planarbeidet er å leggje ny gang og sykkelveg frå Moltu skule og langs Fylkesveg 10 til den sentrale delen av Moltustranda. Resultatet av planprosessen skal vere eit grunnlag for å realisere eit trafiksikkert tilbod for gåande og syklende på vegstrekninga. Dette er ein offentleg reguleringsplan. Framlegget er utarbeidd av utviklingsavdelinga (planavdelinga) i Herøy kommune på vegne av Formannskapet (planutvalet).

## 1.2 Tidlegare vedtak i saka

Gang- og sykkelvegstrekninga inngår som planlagd gang- og sykkelveg i arealdelen i kommuneplanen, vedteken i Herøy kommunestyre den 16.12.2004. Tiltaket er prioritert i Herøy kommune si planprioritering for 2013.

## 1.3 Planprosess

Varsel om planoppstart vart kunnngjort 14.06.2013 i Vestlandsnytt og på kommunen sine nettsider med frist for innspel til planarbeidet den 01.06.2013. Brev med melding om oppstart har også vore sendt grunneigarar og offentlege høyringsinstansar for uttale.

Det er vidare gjennomført informasjons- og medverknadsmøte den 12.09.2013 på Moltu skule. Referat frå møte følgjer planomtalen som vedlegg.

## 1.4 Konsekvensutgreiing

Herøy kommune har vurdert det slik at planarbeidet ikkje utløyser krav om KU (konsekvensutgreiing), då tiltaket er i tråd med overordna plan, samt at det ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jfr. Plan- og bygningsloven §§ 4-2 og 12-2 tredje ledd, samt § 4-2 i forskrift om konsekvensutgreiing.

Som ein del av planarbeidet vil det bli gjennomført ei ROS- analyse (Risiko og sårbarheitsanalyse), samt at ein vil avklare om det er behov for andre utgreiingar / analyser som ein del av planomtalen.

## **2. OMTALE AV PLANOMRÅDET - EKSISTERANDE TILHØVE**

### **2.1 Lokalisering og arealbruk**

Planområdet er lokalisert på nordsida av Gurskøya, langs FV10 i Herøy kommune. Avgrensing av planområdet er vist med svart stipla linje (plangrense) på plankartet og strekk seg frå Moltu skule til Myrabakken.

Området er prega av tett bebyggelse orientert langs eksisterande Fylkesveg 10 som går gjennom bygda. Det er etablert gang- og sykkelveg for ein kort del av strekninga i dag. Tett bebyggelse og mange avkøyrslar til Fylkesvegen skaper utfordringar for planlegging av ny gang- og sykkelveg i dette området.


Det er i dag lokalisert daglegvare forretning (Coop Marknad Moltu) og skule som grensar til planområdet.

### **2.2 Leidningar, tekniske anlegg høgspenningsanlegg**

Ein er ikkje kjent med at det er lokalisert høgspenningsanlegg innanfor planområdet. Vasseleidning for Moltustranda Vassverk går gjennom planområdet. Leidningane kjem frå ovanliggjande områder og ligg i tidlegare utbygd gangveg frå butikken til skulen med tilhøyrande kummar. Når det gjeld leidningar for offentleg avlaup er dette prioritert og under planlegging som eit eige prosjekt i regi av kommunen. Ein har ikkje oversikt over el-teleleidningar i området.

### 2.3 Overordna planar og retningslinjer

#### Kommuneplanens arealdel 2004



I gjeldande kommuneplan er det langs FV 10 lagt opp til at det kan etablerast gangveg. Tilgrensande areal i planen er avsett til bustadformål i kommuneplan frå 2004.




Kommunestyret har i K-sak 144/93, vedteke «Kommunedelplan for Fylkesveg 10 HP 02 Moltustranda» som inneberer ei omlegging av dagens Fylkesveg 10 og plassering av gangveg på nordsida av vegen.



### 3. OMTALE AV PLANFRAMLEGGET

#### 3.1 Normalprofil

NORMALPROFIL GANGVEG MOLTU FYLKESVEG 10



Løysinga bygger på ei dimensjonering ut i frå Statens vegvesen sine vegnormalar H017. Utgangspunktet er her er fartsgrense og ÅDT. Planforslaget inneheld ei køyrebanebreidde på 6.0 m med grøft/skulder på 0.5 m og 0.25 m tilhøyrande einssidig fortau på 2.5 m. Grøft/skulder for fortau mot sør vert tilpassa eksisterande avkøyrslar og murar langs vegtrasen. For deler av strekninga vert det teke med i reguleringsplan eksisterande gang- og sykkelveg som er etablert frå butikken til skulen.

#### 3.2 Planlagd arealbruk

Arealformåla i planforslaget er køyrveg, annan veggrunn-tekniske anlegg, annan veggrunn-grøntareal, fortau og parkering. Disse formåla med tilhøyrande linjeføring går fram av plankartet. Det er avsett egne soner for frisikt i avkøyrslar.

#### 3.3 Føresegner og omsynssoner

Det er i eige vedlegg føresegner som skal utdjupe løysingane i plankartet og som samla vil vere juridiske dokument som skal gjelde for arealbruken i området. Det er teke inn egne føresegner som skal regulere frisikt i avkøyrslar.

### **3.4 Risiko og sårbarheit (ROS)**

Det er gjennomført ei enkel risiko- og sårbarheitsanalyse som går fram av eige vedlegg. Så langt ein kan sjå av tilgjengeleg kunnskap er det ikkje spesielle moment knytt til ROS-vurderingar som gjer seg gjeldande innanfor planområdet.

## **4. KONSEKVEN SAR AV PLANFRAMLEGGET**

### **4.1 Støy**

Plangrepet tilfører ikkje området nye støykjelder. Det er difor ikkje gjennomført støymålingar i området.

### **4.2 Landskap**

Løysingane innanfor planområdet vil ikkje medføre vesentlege endringar i landskapet. Området er flatt og medfører i hovudsak ei endring av hovudvegssystemet (Fylkesvegen) der ein tek sikte på ei endring i dagens vegbane, og fastsetting av areal til bygging av fortau. Unntaket vil her vere ny løysing for starten på Nygjerdevegen. I Planforslaget blir det lagt opp til ei flytting av vegen frå dagens kryss og lengre mot aust for å oppnå betre framkomst til dei øvre områda i bygda. Ein vonar at løysinga spesielt vil gi ei betring av beredskapen, då med ein enklare tilkomst for utrykningskøyretøy på vinterstid med tidvis glatt vegbane. Løysinga med ny Nygjerdeveg vil generer utslag i terrenget. Det er i føresegene teke inn bestemmelsar som gir høve til bruk av murar og som set krav om tilplanting av skråningar med stadeigen vegetasjon for å dempe dei visuelle verknadane av denne vegløysinga.

### **4.3 Konsekvensar for landbruk**

Planområdet omfattar areal som har arealtype fulldyrka jord. Areal har formål som bustad, offentleg formål og forretning/kontor i kommuneplanens arealdel. Ein har i planarbeidet søkt å gjere grep for å minimalisere inngrep i desse areala. Grunna tett bebyggelse i området, vil ein måtte gjere løysingar som inneberer flytting av senterlinje og utviding av vegbane for å få plass til ei løysing med fortau innanfor eit avgrensa handlingsrom (tett bebyggelse). Inngrep og konsekvensar for landbruk vil soleis vere minimale i denne saka.

### **4.4 Trafikktryggleik**

Løysingane i planområdet vil styrke trafikktryggleiken for mjuke trafikantar langs fylkesveg 10 på Moltustranda. Gjennom å skilje gåande og syklande frå biltrafikken med fortau, vil trafikkbilete bli differensiert og meir oversiktleg for den samla trafikken i dette området. Plangrepet vil vesentleg styrke trafikktryggleiken og bidra til ein tryggare skuleveg.

#### **4.5 Naturmangfald**

Det er ikkje kjent at det eksisterer utvalde naturtypar, prioriterte artar, verneområder, inngrepsfrie naturområder eller kulturminner innanfor planområdet. Desse opplysningane er basert på tilgjengeleg kunnskap i databasen til Direktoratet for Naturforvaltning og tilgjengelege kartdatabaser.

#### **4.6 Barn- og unge**

Efter ei samla vurdering vil løysingane i dette planforslaget kunne styrke interessene til barn og unge, då realisering av nytt fortau på strekninga vil skape ein tryggare ferdssårs langs FV10 til/frå skuleområdet på Moltustranda.

#### **4.7 Estetik og miljø**

Løysingane i planforslaget vil ikkje generere større skjeringar/fyllingar. Det er teke med punkt i føresegne om at der slike terrengutslag gjer seg gjelande, skal desse tilplantast med stadeigen vegetasjon. Større nivåskilnader i terrenget kan regulerast ved bruk av murar.

#### **4.8 Kulturminne**

Det er ikkje registrerte automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført arkeologiske registreringar innanfor planområdet i august/september 2014.

### **5. MEDVERKNAD I PLANARBEIDET**

Det har i alt kome 10 innspel til planarbeidet. Desse går fram av vedlegg til denne planomtalen og er kommentert handsama av kommunen i eige vedlegg.

### **6. VEDLEGG**

- V1 – ROS-analyse
- V2 - Innspel til planarbeidet
- V3 - Merknadsskjema – behandling av innspel til planoppstart
- V4 - Referat frå informasjon- og medverknadsmøte 12.09.2013.
- V5 - Kart som viser samla plansituasjon for området

# ROS- ANALYSE FOR REGULERINGSPLAN


GANG OG SYKKELVEG MOLTUSTRANDA ( PLAN-ID: 201308)

## 1. Bakgrunn

Ved utarbeiding av planar for utbygging stiller plan- og bygningslova krav til at det skal vere utarbeidd ROS-analyse for planområdet. (§4-3 Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse.) Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har relevans for utbyggingsplanane og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Målet er at forhold som kan medføre alvorleg skade på menneskjer, miljø eller samfunnsfunksjonar skal klargjerast i plansaka og ligge til grunn for vedtak av planen.

## 2. Metode

Metoden i denne analysen er basert på rettleiar «Samfunnssikkerhet i arealplanleggingen.» (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, 2010.) Skjematisk kan arbeidet og metoden framstillast slik:



Gjennom dette arbeidet med ROS-analysen er det nytta fleire kjelder for innhenting av faktaopplysningar. Analysen byggjer soleis på eksisterande kunnskap frå ulike databaser, synfaringar i felt og lokal kunnskap om området.

Som ein del av arbeidet med utarbeiding av ROS-analyse, er det gjennom [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no) avdekkja at området ligg innanfor NVE sine aktsemdskart for potensielt utløpsområde for snøskredfare. Dette grunna området ligg i skuggen av fjelltoppen Storehanen på 471 m.o.h.

### Uønska hendingar knytt til ras

I forbindelse med utvalget av uønskede hendelser som inngår i risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) understrekes det at denne analysen går utelukkende mot steinsprang.

### Konsekvensanalyse

Konsekvensanalysen er utført først slik at den etterfølgende sannsynlighetsvurderingen beskriver sannsynligheten for at en hendelse med en gitt konsekvens skal forekomme. Det er i analysen benyttet en inndeling av konsekvensklasser som skiller mellom skader på personell og materiell slik dette er gjengitt i tabell 1.

## Tabell 1: Inndeling i konsekvensklasser

Eit snøskred frå Storehanen (471 m.o.h) vil, med omsyn til dei lokale forholda i dette området, få ubetydelig skade på personell, miljø og materiell.

### Sannsynsanalyse

Sannsynsanalysen baserer seg på årsak til at hendinga inntreff og forutseier frekvens av hendingar med konsekvens gitt frå konsekvensanalysen. Dei valte frekvensane er basert på tal av hendingar sett i eittårs-, tiårs-, hundreårs- og tusenårsperspektiv.

Med ei slik inndeling kan ein samanlikne deler av ROS-analysen direkte mot dei kvantifiserte krava i Plan- og bygningslova der blant anna tusenårsskredet er dimensjonerande for bustader med tilhøyrande utomhus areal mens hundreårsskredet er dimensjonerande for garasjar og lagerskur.

Analysen nyttar sannsynsklassar slik dei er gitt i tabell 2. Desse er uavhengige av om konsekvensen gjelder skader på personell eller materiell.

Konsekvenskategori	Konsekvensklasse	Skader på personell	Skader på materiell
K1	Ubetydelig	Ubetydelige	Ubetydelige
K2	Liten	Få og små	Få og små
K3	Farlig	Alvorlige skader	Alvorlige skader
K4	Alvorlig	Alvorlige skader / noen døde	Materielle ødeleggelser
K5	Katastrofal	Store skader / mange døde	Store materielle ødeleggelser

**Tabell 2: Inndeling i sannsynsklassar**

Sannsynlighets-kategori	Grad av sannsynlighet	Frekvens (predikert antall hendelser pr tidsrom)
S1	Lite/minst sannsynlig	Mindre enn én hendelse på 1000 år
S2	Mindre sannsynlig	Mellom én hendelse pr 100 år og én hendelse pr 1000 år
S3	Sannsynlig	Mellom én hendelse på 10 år og én hendelse pr 100 år
S4	Meget sannsynlig	Mellom én hendelse på ett år og én hendelse pr 10 år
S5	Svært/mest sannsynlig	Mer enn én hendelse pr ett år

**Ei heilskapsvurdering gir S1 for sannsynlighet:**

- Ein har ikkje observert snøskred i området og ein kjenner ikkje til slike hendingar
- Vi snakkar om låge mengder snø med lite omfang
- Topografi med stein og skog gir stor friksjon mot underlaget
- Utspringshøgde gir liten bevegelsesenergi og kort utløpsdistanse
- Ikke gått snøskred som dagens bebuarar i området kjenner til
- Ikke funne dokumentert hending i Skrednett sin database
- Ingen spor i terrenget etter nyare snøskred
- Topografien flater ut gjennom planta skog, bebyggelse og vidare mot planområdet
- Vegetasjon; kystlyng, mindre krattskog og noko planta sitkagran
- Klimatiske forhold gir svært låg risiko for snøskred i dette området

## Risikodiagram

Etter vurdering av konsekvens og sannsyn kan risiko definerast ut fra ei systematisering av kategoriane. Denne analysen nyttar eit risikodiagram som vist i tabell 3.

Tabell 3: Risikodiagram

RISIKODIAGRAM FOR UØNSKEDE HENDELSER, SKRED					
SANNSYNLIGHET	KONSEKVENNS				
	K1 Ubetydelig	K2 Liten	K3 Farlig	K4 Alvorlig	K5 Katastrofalt
S5 – Svært/mest sannsynlig					
S4 – Meget sannsynlig					
S3 – Sannsynlig					
S2 – Mindre sannsynlig					
S1 – Lite sannsynlig	Myrabakken bustadfelt				



Låg risiko

Avbøtende tiltak gjennomføres bare når kost/nytte-vurderingen tilseier det.



Middels risiko

Akseptabel risiko. Avbøtende tiltak iverksettes dersom effekten er stor og ulempene/kostnadene små.



Høy risiko

Uakseptabel risiko. Avbøtende tiltak er nødvendig.

Kombinerer vi sannsynlighet og konsekvens S1 og K1, ser vi at vi kjem på låg risiko i diagrammet. Avbøtende tiltak gjennomførast berre når kost/nytt-vurderingane tilseier det.



----- Avgrensing av planområde

## Risikoevaluering

### Sammenligning av identifisert risiko med kriterier for akseptabel risiko.

Risikoen er vurdert som låg og ein vurderer det difor ikkje som aktuelt å gjennomføre tiltak utanfor planområdet i eit kost/nytt-perspektiv.

### Oppsummering

Planområdet er alt bebygd i sør og i dei områda som er omfatta av aktsemdskarta. Det er ikkje spor etter snøskred i planområdet. Steinmateriale som er observert ligg på marine avsetningar og stammer frå lokalt fjell.

Utløpsområde har ur, steinmateriale, lyng og skog som vil ha preventiv verknad på lengde av utløpsdistanse for eit evt snøskred. I dette området er deler av utspringsområde og øvre deler av utløpsområde planta med tett sitkagran-skog som vil ha svært preventiv verknad på utløpsdistanse.

### Klimatiske forhold:

*Stasjonen ligger i Herøy kommune, 38 m o.h. Den er nærmeste offisielle målestasjon, 0,2 km fra punktet Svinøy. Stasjonen ble opprettet i juni 1955. Stasjonen måler temperatur og vind. Det mangler normaler for nedbør. Det kan mangle data i observasjonsperioden.*



*Siste 30 døgn: Snittemperaturen var 12,0 grader, 0,9 grader over normalen. Høyeste temperatur var 23,1 grader (7. juli), og laveste var 7,1 grader (21. juni). Høyeste vindhastighet var 17,8 m/s (7. juli).*

*Siste 12 hele måneder: Høyeste temperatur var 23,1 grader (7. jul. 2014) og laveste -3,1 grader (13. jan. 2014).*

**Utspring av snøskred frå Storehanen 471 m.o.h og til planområdet vurderer ein ikkje representerer nokon fare av omsyn til dei lokale klimatiske og topografiske forholda på staden. Låg fallhøgde, steinur og planta skog gjer at ein vurderer evt utspring ikkje representerar noko fare i planområdet.**


**Med bakgrunn i ovannemnde vurderer ein det nominelle sannsynet for snøskred (farenivået) mot byggverk og tilhøyrande uteareal til å vere under grenseverdien 1/1000 pr år. Etter denne vurderinga tilfredsstillar lokaliteten sikkerheitsklasse S1 i TEK 10 § 7-3.**

## **Konklusjon**

Denne vurderinga omfattar fare for snøskred ved Myrabakken bustadfelt på Moltustranda.

Konklusjonen byggjer på vurdering av aktsomhetskart snøskred, lausmassekart, topografisk kart, flybilder, synfaring i området og lokal kunnskap.

Risikovurdering viser at prosjektet ut fra ei geofagleg vurdering har ein akseptabel risiko. Nominelle sannsynet for steinsprang (farenivået) mot byggverk og tilhørende uteareal vurderes til å være under grenseverdien 1/1000 pr år, slik at sikkerhetsplanområdet tilfredsstillar klasse S1 i TEK 10 § 7-3.



Utsnitt av NVE sine aktsemdskart. Utløpsområde snøskred.

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Emne	Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja	
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Er området utselt for flaum/flaumskred?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	e	Er det registrert radon i grunnen?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	f	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	g	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	h	Anna (spesifiser)?		
Omgivnad	a	Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Naturlege tarrongformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil drenering kunne føre til oversymjing i lågareliggande område?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar området spesielt farlege anlegg?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko for området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Brann-/ulykkesberedskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området:	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - til skole/barnehage? - til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Krafforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: -elektrisitet? -teletenester? -vassforsyning? -renovasjon/spillvatn?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Er det vassforsyning/drikkevatt i området	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Er det spesielle brannobjekt i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Er det omsorgs- og oppvekstinstusjonar i området?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Er området påverka/forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Sjekklista er gjennomgått den 17/7-14 av sign: Aleksander Zahl Tarberg

①

Ⓔ

**Fra:** postmottak  
**Sendt:** 14. juni 2013 08:07  
**Til:** Arkiv  
**Kopi:** Aleksander Nykrem Tarberg  
**Emne:** FW: Reguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda FV 10

Helsing

**HERØY KOMMUNE**  
 Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Periode: 2013/ 552	Saksbeh: AZT
14 JUNI 2013	
Arkivkode F	L12
Arkivkode S	
Fur	Dokument 2
Kategori	

**Fra:** Sjøsiden Eiendomsselskap A/S [mailto:perdyb@tussa.com]  
**Sendt:** 13. juni 2013 17:31  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Reguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda FV 10

Innspel til reguleringsplanen FV 10 Moltustranda.  
 Sjå vedlagt dokument.

Mvh  
 Sjøsiden Eiendomsselskap as  
 6095 Bølandet  
 Per Helge Dybvik  
 Mob 41587522

①

Til

Herøy Kommune

Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Bølandet. 13.06.2013

Att

Aleksander Zahl Tarberg

## Reguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda FV 10.

Viser til telefonsamtale i dag 13.6.2013 ang reguleringsplanen, og sender som avtalt innspel på dette.

Slik det er skissert på tilsendte tegninger, så vil det ikke lenger være mulighet og bruke parkeringsplassen foran bygningen. Dette er parkeringsplass til leietakere, og delvis også til turister som selskapet driver med. Skulle parkeringsmuligheter forsvinne, vil også grunnlaget for drift bli vesentlig forringet.

Ber derfor om at dette blir nøye vurdert i den videre prosessen med planarbeidet.

Mvh

Sjøsidens Eiendomsselskap as

6095 Bølandet

Per Helge Dybvik

2



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	14.06.2013	39532/2013/REGULERINGSPLAN/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	02.07.2013

## **Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan - gang- og sykkelveg langs Fv 10 - strekninga Tarberg-Moltumyr - fråsegn ved varsel om oppstart**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi er ikkje kjent med automatisk freda kulturminne i eller ved planområdet. Delar av planområdet ser ut til å ha potensiale for slike funn, og vi varslar med dette at det kan verte aktuelt å sette krav om nærare arkeologisk registrering, jf. lov om kulturminne § 9, i samband med reguleringsplanen. Jamfør kml. §10 er det tiltakshavar som lyt dekke kostnadane ved registreringa. Vi vil vurdere § 9 og eventuelt omfanget av § 10 gjennom ei synfaring i området, og vil kome attende med nærare uttale etter dette.

Vi gjer merksam på at vi vil måtte fremje motsegn til planar som vert lagt ut til offentleg ettersyn utan at § 9 er oppfylt og eventuelle påviste automatisk freda kulturminne er ivareteke på ein god måte i planen.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre  
rådgivar

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Trond Eilev Linge, arkeolog/rådgjevar, tlf. 71 25 88 40

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her





Statens vegvesen

HERØY KOMMUNE  
Fylkeskommunen

2013/552 | HCT

- 3 JULI 2013

L12

5

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:  
2013/071720-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
02.07.2013


## Fv. 10 Moltustranda i Herøy kommune - gang - og sykkelveg - varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Uttale

Viser til skriv frå Herøy kommune med varsel om oppstart av reguleringsarbeid for m.a. gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 Moltustranda, udatert skriv registert motteke her 13.6.2013.

Statens vegvesen stiller seg positiv til at det gjennom varsla planarbeid vert teke sikte på å betre tilhøva til mjuke trafikantar og gje desse ein tryggare ferdsel langs fylkesvegen. Vi føreset at planlegginga vert basert på gjeldande vegnormalar med tilhøyrande rettleiarar og retningslinjer.

Utover dette har vi i denne omgang ikkje særlege innspel og merknader til varsla planarbeid. Nærare detaljer vert å kome attende til når framlegg til reguleringsplan ligg føre etter regelverket i plan- og bygningslova,

Plan- og trafikkseksjoen  
Med helsing

  
Ole Jan Tønnesen  
seksjonsleiar

  
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen  
Fylkesmannen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52





Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

(5) (4)


HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Møte nr. 2013/552	Saksnummer AZT
18 JULI 2013	
Arkivkode 1 212	
Arkivkode 2	
Uttalelse	Dokument 6
Kontrollsjon	

Oslo, 17. juli 2013

### Innspill til; Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10

Med bakgrunn i mottatte underlag til arbeidet med plan for gang- og sykkelvei på Moltustranda, oversender jeg her mine synspunkter og innspill.

Slik jeg tolker underlaget så har kommunen valgt å slå sammen to ulike tiltak til ett. Det første en etterlengtet sikring av skoleveien fra Myrabakken og inn til skolen, og det andre en forbedret tilkomst til Nygjerdevegen fra fylkesveien. Når disse to tiltakene er valgt samlet i et felles planarbeid, vil jeg utfordre kommunen til å tenke løsninger utover det angitte planområde. Mine etterfølgende synspunkter og innspill strekker seg derfor utover det varslede planområdet, som markert på denne skissen:



I den opprinnelige planen fra Statens vegvesen er gang- og sykkelveien lagt på nedsiden (nordsiden) av fylkesvegen, noe jeg antar i sin tid ble vurdert som den enkleste løsningen for strekningen fra Myrabakken og forbi bedehuset, da veien her er smal og bebyggelsen ligger tett inntil veien. Selv om biltrafikken er relativt begrenset per i dag, så vil jeg mene at dette er den minst trafikksikre løsningen. Her legges det opp til at alle myke trafikanter fra bygda trekkes ned til fylkesvegen – for så å måtte krysse fylkesvegen, og dermed skape kryssing av veien langs hele strekningen. Med andre ord, det er ikke tatt hensyn til hvilken side av veien befolkningen bor på Moltustranda, da fortauet er valgt lagt til motsatt side (nordsiden).

I forbindelse med et tidligere tomtesalg ble jeg av kommunen bedt om å endre arronderingen, grunnet kommunens "planer" om en fremtidig vei fra midt i Myrabakken og vestover til Nygjerdevegen. En slik vei bør vurderes som alternativ rute for myke trafikanter fra bygda og vestover til både skole og butikk, og mitt innspill viser denne i forlengelse til den antatte omlegging av tilkomst til Nygjerdevegen opp fra fylkesveien. Derfor spiller jeg inn dette som en utvidelse av planområdet, for vurdering som hovedtrase for gående og syklende. Dette vil også kunne redusere behovet langs fylkesveien til et smalere fortau (med tanke på kun gående) på sørsiden av fylkesveien, enn om det tas høyde for både gående og syklende.

Mellom eiendommene 60/229 og 60/236 er det på min eiendom et ca. 5 meter bredt belte som kan være en alternativ trase, for å slippe å berøre eiendommen 60/229 langs fylkesveien. Denne plasseringen vil i tillegg lede gående og syklende på baksiden av butikken, og dermed unngå kryssende biltrafikk inn og ut av parkeringsplassen.

På denne skissen har jeg tegnet inn mine alternative forslag til gang- og sykkelveier, samt stiplet inn en alternativ forbindelse mellom nordre og søndre trase:



I Vestlandsnytt den 8. november i 2011 etterlyste ordfører Goksøyr og handelsforeningen "sjønære hyttefelt" i Herøy. Til kommuneplanen 2013-2025 har jeg med bakgrunn i dette spilt inn omregulering av mitt areal (Gnr. 60 / Bnr. 35) nedenfor (nordsiden av) fylkesveien som egnet området. Opprinnelig plan fra Statens vegvesen med gang- og sykkelvei på nordsiden av fylkesveien vil redusere tilgjengelig areal, og dermed gjøre det mer utfordrende å finne en landskapsmessig god utnyttelse av arealet. På motsatt side (sørsiden) av fylkesveien er det derimot tilgjengelig areal med rikelig bredde for gang- og sykkelvei, og dette er samme side som dagens gang- og sykkelvei ligger fra Nygjerdevegen og inn til skolen.

Jeg vil også minne kommunen om at jeg velvillig har akseptert plassering av avløpsanlegg med slamskinner i vestre ende av dette området nedenfor fylkesveien. Dette reduserer allerede tilgjengelig areal for eventuell utvikling, og en gang- og sykkelvei vil bety ytterligere reduksjon i hele områdets lengde langs fylkesveien.

Jeg håper mine innspill kan være til nytte i kommunens videre planarbeid, og kanskje åpne for alternative løsninger utover det i utgangspunktet angitte planområde. Samtidig ønsker jeg her å vise min positive vilje til utnyttelse av min eiendom for utvikling av bygda, både hva angår infrastruktur, boliger og næring.

Med vennlig hilsen

  
Endre Moltu Grønhaug

Adresse: Olav Nygards veg 172  
0688 Oslo  
Mobil: 934 80 257  
Mail: groennh@online.no





Herøy kommune  
Utviklingsavdelingen  
Postboks 274

6099 FOSNEVÅG

Telefon: 70 08 64 70  
Adresse: 6080 Gurskøy  
E-post: [kontor@landbrukskontoret.no](mailto:kontor@landbrukskontoret.no)  
Heimeside: [www.landbrukskontoret.no](http://www.landbrukskontoret.no)

Dykkar ref:


Vår ref: AKL

Dato: 19.07.2012

### **Reguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda FV10**

Del av planarealet har arealklasse "fulldyrka jord". Dyrka og dyrkbar jord har sterkt vern. Jordlova §9 forbyr å nytte slik jord til anna enn landbruksføremål. Omsyn til samfunnsinteresser kan likevel tale for omdisponering. Føremålet med planen vil ha slik interesse og det bør gjevast løyve til omdisponering.

Med helsing

  
Anne Kathrine Løberg

Landbrukssjef





*utredning*  
*Arvid Eide*

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Saks nr. 2013/552	Saksst. ART
22 JULI 2013	
Ark. F. utd. P. L12	
Ark. F. utd. S.	
F. utd.	8
Kategori	

## Herøy kommune. Detaljregulering - reguleringsplan gang- og sykkelveg langs Fv 10 Moltustranda. Fråsegn til melding om oppstart.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader ved oppstart av planarbeidet:

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til at det blir sett i gong eit arbeid for å sikre mjuke trafikkantar på denne strekninga.

Deler av planområdet er dyrka mark. Vi oppmodar om god arealutnytting ved at ein i størst mogleg grad søker å avgrense bruken av dyrka mark.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f)  
fung. samordnar

Lars Kringstad  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### Fagsaksbehandlar

Landbruk: fylkesagronom Kristin Eide, tlf 71 25 81 35

### Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt, Fylkeshuset, 6404 Molde





Til

Herøy Komm.

P. b. 274

6099 FOSNAVÅG

(7)

29/7.13

(E)

HEI	HEI	HEI
2013/552	AZT	
FV 10	Moltustr. 12	
gang/sykkelvegen	9	skal

Viser til brev fra Dere vedr. oppstart av reguleringsplanarbeid for gang og sykkelvei langs

Vi har oppfatta det slik at gang/sykkelvegen skal leggest på nordsida av hovedveg. Det blir også frå Dere hevda at tryggleiken for born/unge og bygdefolk ellers er hovudfokus. Det har i dette krysset vært påkøyrser av barn og utallige nestenulykker spesielt vinterstid, der born krysser vegen på akkebrett.

Vi stiller derfor spørsmål om Dere har tatt hensyn til tryggleiken, når brukerne må krysse hovedvei på fleire punkt for å benytte gang/sykkelvei. Dette oppfattes for oss som lite gjennomtenkt!!

Den parkeringsplassen vi har mot hovedveg pr. idag er allerede et minimum. Utemper vinterstid / snøbrøyting med skade på biler, isklumper og snøserpe som blir slengt både mot husvegg og vinduer er også en negativ faktor for oss.

For vår eiendom Gnr. 60 Br. 73 blir ikkje dette valg akseptert.

Vi ser fram til videre diskusjon i saka.

Med helsing  
Fogear Olav Skarpen.  
Inger Skarpen.



Herøy Kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE  
Servicetorget  
Pb 274  
6099 FOSNAVÅG

⑧ 31.07.13

Innlevert 31.07.13 ⑤

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN
2013/552
og sykkelveg
- 1 AUG. 2013
A2T
L12
10

Ang.: Reguleringsplan gang-  
Mottustranda FV10

Gjeld synspkt. på og rundt området på 60/220  
da denne vil verte berørt ved utbygging av  
gang- / sykkelveg.

Ønskjer sjølv sagt at det ikkje vert nødvendig å  
ta så mykje av næverande hage på vår tomt.  
Etter mitt synspkt. bør både veg og gang/sykkelsti  
leggast litt nærmare sjøen for å rette opp vegen  
utover mot bedehuset.

Går likevel ut fra at delar av vår tomt vert  
teken bort. Dersom det vert nødvendig vil vi gjerne  
ha det kompensert ved å istaderfor overta  
stykket bak huset (mellom 60/229 og 60/236)  
som ein gong i tida var tenkt til veg.

Vi har dessutan både støypt kant rundt  
huset, og har beplantning langs med heile vegen.  
Så dersom det vert aktuelt å fjerne dette,  
må det sitlast i stand på same måte som før,  
med anten ein støypt kant eller ein oppmurt kant

langs med heile gang / sykkel vegen.  
Sjå vedlagt kart, merka av med X.

Helsing frå

Sigrid Aud Mottumyr

Nyggerdev. 2

6076 Mottustranda

9

**Fra:** postmottak  
**Sendt:** 1. august 2013 08:06  
**Til:** Arkiv  
**Kopi:** Jarl Martin Møller; Aleksander Nykrem Tarberg  
**Emne:** FW: Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10

Helsing

**HERØY KOMMUNE**  
Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

**Fra:** Geir Moltubakk [mailto:gmoltubakk@yahoo.com]  
**Sendt:** 31. juli 2013 21:14  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

### **Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10**

Forbi min eiendom går det allerede en vei som blir benyttet til gang- og sykkelvei - veien til den nedlagte "Videokiosken". Kanskje det er en ide og forlenge denne veien - tid og penger spart.  
Fylkesveien går nå i en stor bue/sving forbi meg - denne bør etter mitt syn rettes/flyttes mot nord/vest hvis en eventuell ny gang- og sykkelvei kommer på sør/øst siden av fylkesveien.

Mvh  
Geir Moltubakk  
60/114





 N  
**HERØY KOMMUNE**  
09.06.2013 1:2500  
Det kan forekomme feil i kartet  
0 25 50 75 100 m





10

## Aleksander Nykrem Tarberg

---

**Fra:** Ole Magne Rotevatn  
**Sendt:** 5. august 2013 13:15  
**Til:** Aleksander Nykrem Tarberg  
**Emne:** VS: Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moldtustranda FV10

Helsing

**OLE MAGNE ROTEVATN**  
Planleggar

7008 1300 / 7008 1353

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** postmottak  
**Sendt:** 5. august 2013 13:15  
**Til:** Arkiv  
**Kopi:** Ole Magne Rotevatn  
**Emne:** FW: Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moldtustranda FV10

Helsing

**HERØY KOMMUNE**  
Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Camilla Storøy Hermansen  
**Sendt:** 5. august 2013 13:11  
**Til:** postmottak  
**Emne:** Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moldtustranda FV10

Uttale frå Barnerepresentanten:

Barnerepresentanten ser positivt på all etablering av gong- og sykkelveg og trygging av skuleveg. Når det gjeld Moltu, ønskjer barnerepresentanten også ei tryggare kryssing av vegen frå noverande gongveg og over til skulen. Her bør det etablerast opphøgde overgongsfelt.

Camilla Storøy Hermansen, barnerepresentant



VEDLEGG 3 TIL PLANOMTALE FOR «GANG- OG SYKKELVEG MOLTUSTRANDA FV10» PLAN-ID: 201308

BEHANDLING AV INNSPEL TIL PLANARBEIDET – VARSEL OM OPPSTART

	<b>Avsender og dato</b>	<b>Innspel</b>	<b>Vår vurdering</b>
1	Sjøsiden Eiendomsselskap v/ Per Helge Dybvik 14.06.2013.	Grunneigar hevdar det ikkje lenger vil vere mogleg å nytte parkeringsplassen framfor bygget etter tilsendt teikningar. Det blir vist til at dette er parkeringsplassar for leigetakarar og delvis for turistar som selskapet opererer mot. Grunneigar påpeikar at dersom parkeringsmoglegheitene skulle forsvinne, vil også grunnlaget for drift bli «vesentleg forringa». Grunneigar ber om at dette blir vesentleg vurdert i den vidare planprosessen.	Planforslaget er utforma med intensjon om at ikkje skal kome i konflikt med dei parkeringsplassane det blir vist til. Det er teke inn i føresegnene at det kan etablerast mur innanfor områda som er vist som «annan veggrunn – grøntareal». Vidare detaljar kring dette må løysast gjennom byggingeplanar / detaljprosjektering når vegen skal realiserast.
2	Møre og Romsdal fylkeskommune (MRfylke) 02.07.2013	Fylkeskommunen er ikkje kjent med automatisk freda kulturminne i eller ved planområdet. Delar av planområdet ser ut til å ha potensiale for slike funn, og dei varslar med dette at det kan verte aktuelt å sette krav om nærare arkeologisk registrering. Det er tiltakshavar som lyt dekke kostnadane ved registreringa. Fylkeskommunen vil vurdere § 9 og eventuelt omfanget av § 10 gjennom ei synfaring i området, og vil kome attende med nærare uttale etter dette. Fylkeskommune gjer merksam på at vi vil måtte fremje motsegn til planar som vert lagt ut til offentleg ettersyn utan at § 9 er oppfylt og eventuelle påviste automatisk freda kulturminne er ivareteke på ein god måte i planen	Arkeologiske registreringar er gjennomført og det er ikkje registrert funn i området. Rapport er enno ikkje motteke frå Fylkeskommunen.
3	Statens Vegvesen Region Midt (STV), 03.07.2013	Statens vegvesen stiller seg positiv til at det gjennom varsla planarbeid vert teke sikte på å betre tilhøva til mjuke trafikantar og gje desse ein tryggare ferdsel langs fylkesvegen. Vi føreset at planlegginga vert basert på gjeldande vegnormalar med tilhøyrande rettleiarar og retningslinjer. Utover dette har vi i denne omgang ikkje særlege innspel og merknader til varsla planarbeid. Nærare detaljar vert å kome attende til når framlegg til reguleringsplan ligg føre.	Innspelet er teke til vitande.

4	Endre Moltu Grønhaug 18.07.2013	<p>Påpekar at ei løysing med gang- og sykkelveg på nordsida av FV10, slik den er vist i eldre plan, vil vere den minst trafikksikre løysinga. Det vert vist til at mjuke trafikantar frå bygda blir trukke ned til Fylkesvegen, for så å måtte krysse vegen. Det er, i eldre plan, ikkje teke omsyn til kva side av vegen befolkninga er busett på Moltustranda.</p> <p>Grønhaug viser til noko han hevdar er ein tidlegare plan med veg frå midten av Myrabakken til Nygjerdevegen, og ber om at dette blir vurdert som alternativ rute for mjuke trafikantar.</p> <p>Grunneigar viser også til eit 5 meter breiddt belte mellom 60/229 og 236 som ein alternativ trase for gåande og syklande i området.</p> <p>Grønhaug viser til at ein gang- og sykkelveg på nordsida av FV10 vil kome i konflikt med grunneigar sitt innspel til kommuneplan om omregulering av bnr 35 til «sjønært hyttefelt»</p>	<p>Løysing for gåande og syklande (mjuke trafikantar) er i dette planforslaget lokalisert på sørsida av fylkesvegen – og vist med fortau som løysing. På denne måten vil ein unngå kryssing av vegen i høve hovudtyngda av bebyggelsen og allereie etablert gangveg på deler av strekninga</p> <p>Denne løysinga blir ikkje vurdert som aktuell, då ein ser det som eit vesentleg viktig poeng at ferdseksareal blir lokalisert langs hovudfarsåra i området og at den også skal ta omsyn til gjennomgangstrafikk av mjuketrafikantar</p> <p>Ettersom det er planlagt ei fortausløyising på sørsida av fylkesvegen, så kan ein ikkje sjå at gangvegen her vil vere i konflikt med Grønhaug sine byggeplanar på gnr 60 bnr 35.</p>
5	Søre Sunnmøre Landbrukskontor 19.07.2013	Landbrukskontoret viser til at del av planområdet har arealklasse «fulldyrka jord». Dyrka og dyrkbar jord har sterkt vern. Jordlova §9 forbyr å nytte slik jord til anna enn landbruksformål. Omsyn til samfunnsinteressene kan likevel tale for omdisponering. Føreremålet med planen vil ha slik interesse og det bør gjevast løyve til omdisponering.	Innspelet er teke til vitande.
6	Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 22.07.2013.	Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til at det blir sett i gong eit arbeid for å sikre mjuke trafikantar på denne strekninga. Deler av planområdet er dyrka mark. Det vert oppmoda om god arealutnytting ved at ein i størst mogleg grad søker å avgrense bruken av dyrka mark.	Det er forsøkt teke omsyn til innspelet frå Fylkesmannen ved planlegging av ei løysing for gåande og syklande i området. I planforslaget er det valt ei mindre arealkrevjande løysing med fortau. Innspelet er teke til følgje i planutforminga.
7	Jogeir Olav Skorpen Inger Skorpen 29.07.2013	Grunneigar av gnr 60 bnr 73 har oppfatta det slik at at gang- og sykkelvegen skal ligge på nordsida av FV10. Vidare blir det påpeika at trafiktryggleiken for	Ein viser til at løysinga som er planlagt inneberer etablering av fortau på sørsida av fylkesvegen. Det blir vidare vist til vurdering av innspel nr 4.

		<p>born/lunge og bygdefolk elles er hovudfokus. Grunneigar viser til at det i krysset (ved Myrabakken?) har vore fleire påkøyrslar av barn og uttallige nestenulykker vinterstid, der born krysser vegen på akebrett. Det blir stilt spørsmål om kommunen har teke omsyn til tryggleiken, når brukarane må krysset hovudvegen på fleire punkt for å nytte gang- og sykkelvegen? Grunneigar viser til at parkeringsplassen dei har mot vegen i dag allereie er eit minimum og at dei opplever ulemper vinterstid med skade på bilar, husvegg og vindauge grunna snøbrøyting. Grunneigar vil ikkje akseptere ein gang- og sykkelveg på nordsida av FV10.</p>	<p>Ein kan ikkje sjå at planforslaget vil kome i konflikt med parkeringsplassane på eigedomen. Øvrige moment i innspelet frå Skorpen vert ikkje ytterlegare kommentert her, då ikkje kan sjå at dette har relevans i plansamanheng.</p>
8	<p>Sigrid Moltumyr 01.08.2013</p>	<p>Gjeld eigedom gnr 60 bnr 229. Grunneigar ynskjer at det ikkje vert naudsynt å ta så mykje areal av noverande hage på deira tomt. Grunneigar meiner at veg og gang- og sykkelveg bør leggst litt nærare sjøen for å rette opp vegen utover mot bedehuset.</p> <p>Grunneigar går ut frå at deler deira tomt vert teken bort. Dersom dette blir naudsynt, vil dei gjerne ha det kompensert med å overta stykket bak huset.</p> <p>Grunneigar viser til at dei har støypt kant rundt huset og har beplantning lang heile vegen. Dersom det vert aktuelt å fjerne dette, må det setjast i stand på same måte som før, med anten ein støypt kant eller ein oppmurt kant langs heile gang- og sykkelvegen.</p>	<p>Planforslaget legg opp til at noko av arealet til eigedom gnr 60 bnr 229 blir regulert til offentleg vegareal (fortau m.m). I etterkant av godkjend reguleringsplan og i samband med realisering av vegprosjektet, vil ein kome nærare attende til detaljar kring avgrensing av veg mot eigedomen. Førebels er det lagt til rette for eit noko smalare areal med «anna veggrunn» som også kan vere mur mot tilstøytande hageareal.</p> <p>Det er ønske om at det blir oppretta dialog med grunneigar kring løysingar med grunnnerverv.</p> <p>For å oppnå ei best mogleg veglinje med omsyn til sikt, framkomst og trafikktryggleik, har ein ikkje valt å flytte senterlinja vesentleg mot sjø for denne delen av planområdet.</p>
9	<p>Geir Moltubakk 31.07.2013</p>	<p>Grunneigar av gnr 60 bnr 114. Han viser til at det forbi eigedomen i dag, allereie går ein veg som blir nytta til gang- og sykkelveg; vegen til den nedlagde «Videokiosken». Grunneigar stiller spørsmål om det let seg gjere å forlengje den vegen? Det blir vidare vist til at Fylkesvegen i dag går i ein stor buesving forbi eigedomen, og at denne bør flyttast nord/vest dersom det kjem ein ny gang- og sykkelveg på</p>	<p>Innspelet vert delvis teke til følgje.</p> <p>Planforslaget inneberer ei justering av senterlinja av dagens veg forbi Moltubakk m.fl sin eigedom. For å oppnå naudsynt radius (R) på linjeføringa til ny senterlinje, har det vore naudsynt å flytte denne noko mot nord. Dette vil medføre at køyrevegen får noko lenger avstand frå eigedomen til Moltubakk, men at det samstundes vert lagt til rette for fortau der deler av eksisterande vegbane er i dag mot bnr 114.</p>

10	Barnerepresentanten 05.08.2013	sør/austsida av FV10. Barnerepresentanten ser positivt på all etablering av gong- og sykkelveggar og trygging av skuleveggar. Når det gjeld Moltu, ønskjer barnerepresentanten også ei tryggare kryssing av vegen frå noverande gongveg og over til skulen. Her bør det etablerast opphøgd overgangsfelt.	Innspelet er teke til følgje. Det blir vist til at kommune har sett i gong arbeid med kryssingspunkt for fotgjengarar ved Moltu skule. Ein har søkt og fått løyve frå Statens vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune til å legge til rette for eit «tilrettelagt kryssingspunkt» ved skulen. Dette vert også regulert inn i plan. Innspelet er delvis teke til følgje.
----	-----------------------------------	--	---

Utviklingsavdelinga, september 2014.

## Referat frå informasjons- og medverknadsmøte om ny gang- og sykkelveg på Moltustranda (FV10)

Dato: 12.09.2013

Deltakarar: Aleksander Zahl Tarberg (Planleggar)

Tid: 18 – 20.00

Ida Marie Herre (Ingeniør)

Stad: Moltu skule, gymsalen

Frammøte: ca 23 personar.


- 
- Møte starta med at planleggar frå Herøy kommune orienterte om bakgrunnen for planarbeidet gjennom ein power point presentasjon. Her blei det orientert om korleis arbeidet er forankra i vedtak og overordna planar, samt korleis planområdet er avgrensa og kva som er bakgrunnen for plangrensa.
  - Det blei orientert om planprosessen vidare og kvifor ein ynskjer å halde eit ope møte med grunneigarane. Ein understreka at dette møtet blei sett på som eit viktig ledd i å sikre medverknad frå dei som blir råka og dei som evt blir framtidige brukarar av gangvegen.
  - Det blei vist til foreløpig skisse som viser ei løysing med flytting av senterlinja på vegen, samt breiddeutviding og ensidig fortau.
  - Ein vil i det komande planarbeidet søkje å avklare om fortau vil vere den beste løysinga for området med tanke på dei eksisterande forholda langs Fylkesveg 10 med tett bebyggelse og murar plassert tett inn mot vegbana.
  - Det kom fram synspunkt i frå dei frammøtte på at den avkøyrsla som går ned mot den «gamle kiosken» må samkøyrast med planarbeidet.
  - Det blei stilt spørsmål om dei murane langs vegtrasen vil vere eit problem for å få på plass gode løysingar, også stilt spørsmålsteikn ved om desse må fjernast. Her blei det svart at foreløpig skisse viser at ved å flytte senterlinja på vegen for eit kortare strekk, så vil ein unngå å måtte gjere inngrep i den største muren. Mindre murar vil likevel vere i faresona for å måtte fjernast. Ein vil sjå nærare på desse forholda i planprosessen før ein konkluderer. Nokre stader er dei oppsette murane så dårlege at dei må fjernast innan kort tid grunna fare for nedras.
  - Frå nokre blei det stilt spørsmål om kva tidsperspektiv ein ser føre seg før dette kan realiserast. Planleggar orienterte om at ein pr no ikkje kan seie noko om byggestart, då dette er avhengig av politisk prioritering hjå Møre og Romsdal fylkeskommune., før tiltaket går vidare til Statens Vegvesen som fagetat for byggeprosjektering, anbod og evt oppstart.
  - Dei politiske representantane (Høgre) som hadde møtt opp, orienterte litt om den politiske prosessen og ventetid. Her blei det vist til at prosjektet er i konkurranse med veldig mange andre viktige saker på fylkesnivå. Det vil difor ikkje vere enkelt å få aksept for prioritet og midlar til realisering. Dei politiske representantane nemnde trafikktryggingssmidlar som aktuelle tiltak, men også RDA-mildar og evt kommunal forskottering som aktuell løysing.
  - Nokre av dei frammøtte stilte spørsmål resten av fylkesveg 10? Det blei vist til at ein såg behov for at det må tenkast langsiktig og heilheitleg på Moltu. Det blei etterlyst ein samanhengande plan med gangveg frå Tarberg til kryss mot Legane. Det kom fram sterke meiningar om at bygda ikkje blir prioritert av kommunen. Mange var samde i dette punktet, og vil ha gangveg frå skulen og innover til krysset mot Legane.



- Foreldre som hadde møtt fram vist til at det er totalt 16 skuleborn som har skuleveg frå Munkestranda i dag, og etterlyser tiltak med ny gangveg frå Legane til Skulen.
- Planleggjar orienterte om at ein i ny trafikktryggingsplan vil tilrå eit tiltak med overgangsfelt ved skuleområdet. Dvs eit felt som blir fysisk oppmerka og skilta som kryssingspunkt.
- Planleggjar orienterte om at resten av fylkesveg 10 frå Moltu skule til kryss mot Legane, er ein vesentleg meir omfattande prosess enn det arbeidet som no er oppstarta. Her må Statens vegvesen tyngre på bana i forhold til ei omlegging og nybygging av Fylkesveg 10. Det blei vist til kommunedelplan frå 1993.
- Planleggjar påpeika at målsettinga med planleggingsarbeidet på sikt vil vere å kome seg fram til krysset mot Legane med ein reguleringsplan som kan avklare arealbruken for ny veg og gang- og sykkelveg. Dette vil ein arbeide mot på sikt i tråd med tidlegare vedtak i Formannskapet.
- Rektor på Moltu skule stilte spørsmål om det kan gjerast tiltak mens ein ventar på ny gangveg. Her blei det skissert ønske om fartsreducerande tiltak i form av fysisk «dump» og oppmerka gangfelt og skilting av overgangsfelt ved skuleområdet.
- Frå politisk hald blei det understreka at det tidlegare er gjort vedtak om at administrasjonen skal planlegge vidare fram til krysset mot Legane.
- Det kom fram meiningar om at ein i bygda er bekymra for den aukande trafikken langs FV10, og spesielt i høve talet på større køyretoy som passerer Moltu om vinteren, då desse har problemer med å forsere Leikongbakkane grunna glatt føre.
- Det kom innspel om at ein bør starte opp arbeidet med å bygge ny vegløyning for Nygjerdevegen snarast råd. Vist til vegløyning frå 1963.
- Det blei stilt spørsmål ved om det verkeleg er naudsynt med arkeologisk registrering. Nokre uttrykte misnøye med at dette vil kunne forseinke prosessen med planarbeidet.
- Det kom innspel om at politikarane i kommunen (og frå Moltu) må arbeide vidare med å finne løysingar for finansiering av ny gangveg på Moltu.
- Enkelte som hadde møtt fram framheva at dei meinte at behova knytt til veg på Moltu ikkje blir prioritert
- Ein av grunneigarane i området kom med innspel om at grunneigarane langs vegen må vere positive til arbeidet som no er starta opp, slik at ein kan kome fram til konstruktive løysingar. Det blei også sagt at grunneigarane må vere med å legge press på planen slik at planområdet blir utvida og slik at prosessen med denne planen blir prioritert.
- Grunneigaren drøfte seg i mellom i salen om at det vil stå saman, snakke seg i mellom om løysingar, gå ut i pressa og legge press på politikarane for å dette prosjektet prioritert.

Ref

Aleksander Zahl Tarberg.



F1  
3,0 dda

FS1  
3,1 dda  
%BYA=30%

FS2  
11,8 dda  
%BYA=35%

o Leik 1  
0,8 dda

o GI  
0,1 dda

KS1  
4,4 dda  
%BYA=40%

FS3  
5,5 dda  
%BYA=35%

Bedehus  
0,9 dda

FS4  
4,5 dda  
%BYA=35%

o Leik 2  
0,4 dda


KS2  
3,2 dda  
%BYA=40%

FS5  
4,2 dda  
%BYA=35%

FS6  
4,0 dda  
%BYA=35%

o Leik 3  
0,8 dda

FS7  
10,3 dda  
%BYA=35%



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/1418
		Arkiv:	L12

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
145/14	Formannskapet	16.09.2014

### DETALJREGULERINGSPLAN FOR MYRABAKKEN BUSTADFELT - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

#### Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at reguleringsplanforslag for Myrabakken bustadfelt, datert 05.9.2014, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

#### Særutskrift:

- Offentlege uttaleinstansar
- Grunneigarar, tverrbuarar og naboar til planområdet

**Vedlegg:**

01 – Plankart, datert 05.09.2014

02 - Reguleringsføresegner, datert 05.09.2014

03 - Planomtale med vedlegg, datert 05.09.2014

**Saksopplysningar:**

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd reguleringsplan for eit avgrensa område på Moltustranda. Området blir kalla «Myrabakken» og er lokalisert innanfor eit felt som i kommuneplanen frå 2004 er sett av til bustader. Det er eit krav i kommuneplanen at det skal utarbeidast reguleringsplan for dette området.

Oppstart av arbeid med planlegging av nytt bustadfelt blei kunngjort 03.12.2013, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentleg uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Det kom inn totalt 9 innspel frå både offentleg og private, der 2 av desse ikkje hadde merknader til planarbeidet.

Herøy kommune har gjennomførte 22.02.2011 eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule om planarbeid for nytt bustadfelt i bygda. Til dette møte kom det om lag 26 personar. I møtet informerte kommunen om arbeidet, samstundes som deltakarane fekk stille spørsmål og kome med sin synspunkt knytt til kommunen sitt arbeid. Referat frå møtet følgjer som vedlegg til planomtalen.

Som ein del av arbeidet med nytt bustadfelt på Moltustranda, har kommunen i første omgang vore nøydd til å sikre seg areal gjennom grunnerv. Dette har vore ein omfattande prosess som har teke tid, mellom anna på grunn av grunnforhandlingar med fleire grunneigarar, eigedomsoverdraging etc.

Til varsel om oppstart av planarbeid, mottok kommunen krav frå Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune, om at det måtte gjennomførast arkeologiske registreringar i området. Dette arbeidet blei gjennomført i slutten av august, byrjinga av september 2014. Ein har ikkje motteke rapport frå arbeidet med arkeologiske registreringar.

Planforslaget for Myrabakken må sjåast i samanheng med reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av FV10 på Moltustranda, då desse to planane har samanfallande plangrenser og vert fremja på same tid.

Rådmannen vil nedanfor gi ein kort presentasjon av dei mest sentrale elementa i planforslaget. For meir detaljert informasjon om planen, vert det vist til planomtalen.

**Vurdering og konklusjon:****Planforslaget****Bustad**

Planforslaget legg til rette for 2 KS-område (konsentrert småhusbebyggelse) og 6 FS-område (frittliggjande småhusbebyggelse). 2 av FS-områda er nye byggjeområder med totalt 8 nye tomter. Innanfor KS-områda vert det tillate med bygging av inntil fire bueiningar pr bygg. I FS-området vert det tillate med bygging av inntil to bueiningar pr tomt.

### Leik

Det vert i planforslaget lagt til rette for 3 nye leikeplassar, spreidd rundt i planområdet. Totalt er det avsett areal til leik på 2.0 dekar. Det er i føresegnene sagt at leikeplassane skal planerast i samband med utbygging av infrastrukturen i området, og setjast i ein slik stand at dei seinare kan møblerast. Ein har lagt til grunn at leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast.

### Grønstruktur

Leikeområda er kopla saman med vegsystemet gjennom grønne korridorar. Innanfor desse korridorane legg ein til grunn at det opparbeidast grusa stiar.

### Vegar

I planforslaget er regulert ny offentleg veg gjennom bustadområdet o\_V2. Vegen er tenkt som offentleg tilkomst (o\_V2) til regulerte bustadareal og er samankopla med Nygjerdevegen (o\_V1) i aust og Myrabakken (o\_V3) i vest. F\_V4 er tenkt som felles privat tilkomst veg for tilgrensande bustadareal.

### Fortau

Nygjerdevegen (o\_V1) er regulert utvida i breidde, og planlagt med nytt fortau på sørsida av vegbana.

### Bedehus

Moltu bedehus er regulert i planforslaget slik eigedomen framstår i dag. Ein legg ikkje opp til nokon endringar her.

### **Vurdering**

Området er lagt ut til bustadføremål i kommuneplanen sin arealdel frå 2004. Som følge av planen sitt innhald kjem ikkje planarbeidet inn under reglane i forskrift om konsekvensutgreiingar.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse.

Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er godt gjennomarbeidd. Arealbruken i plan legg opp til fortetting og rasjonell utnytting av bustadareala for denne delen av kommunen. Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget innebere ein berekraftig og framtidsretta arealbruk for denne delen av Moltustranda.

Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

### Konsekvensar for folkehelse:

Positivt.

### Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilte.

### Konsekvensar for drift:

Planforslaget legg til rette for utbygging av offentlege vegar, leikeplassar m.m.  
Det er på noverande tidspunkt ikkje teke stilling til driftsutgifter for ny infrastruktur,  
noko ein ser på som meir relevante opplysningar i sak om utbygging av området.

### **Konklusjon:**


Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at  
reguleringsplanforslag for Myrabakken bustadfelt, datert 05.9.2014, vert lagt ut til  
offentleg ettersyn.

Fosnavåg, 08.09.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg



### TEKNISKE FORKLARING

- Reguleringsplan-Bedyngelse og anlegg (PBL 2008 §12-5 NR.1)
  - Bedyngelse - Beddyngelse (11720 m<sup>2</sup>)
  - Bedyngelse - Beddyngelse (11720 m<sup>2</sup>)
  - Bedyngelse - Beddyngelse (11720 m<sup>2</sup>)
  - Bedyngelse - Beddyngelse (11720 m<sup>2</sup>)
  - Bedyngelse - Beddyngelse (11720 m<sup>2</sup>)
  - Bedyngelse - Beddyngelse (11720 m<sup>2</sup>)
  - Bedyngelse - Beddyngelse (11720 m<sup>2</sup>)
  - Bedyngelse - Beddyngelse (11720 m<sup>2</sup>)
- Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL 2008 §12-5 NR.2)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
- Reguleringsplan-Grenstruktur (PBL 2008 §12-5 NR.3)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
- Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
- Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL 2008 §12-5 NR.2)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
  - Samferdselsanlegg (188 m<sup>2</sup>)
- Reguleringsplan-Grenstruktur (PBL 2008 §12-5 NR.3)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
  - Grenstruktur (1111 m<sup>2</sup>)
- Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008
  - Reguleringsplan-Felles for PBL 1985 og 2008

**Kartopplysninger**  
 Kilde for kartdata: Google AS  
 Data for kartdata: -  
 Koordinatsystem: UTM zone 32 / Euro89  
 Høydemåling: NN 1954

**Endemål**  
 O = Offentlig formål  
 L = Felles privat formål

**Avvikler-IT:**  
 Ferskvann: -  
 Havn: -  
 Kystnære: -  
 UTM-koordinater: -



**DETAJLPLAN - PBL (2008) § 12-3**  
 MED TILHØYRANDE REGULERINGSFORSLAG  
 Kommune: -  
 Kartprosjekt: -  
 Kartprosjekt: -  
 Kartprosjekt: -  
 Kartprosjekt: -

REVISJON	AVVIKLER-IT	REVISJON	AVVIKLER-IT
A		A	
B		B	
C		C	

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAK	DATO	SGN.
2. gangs behandling i Kommunestyret			
Offentlig ettersyn			
1. gangs behandling i Kommunestyret			
Konferanse av oppnevnt planutvalg			
PLANEN UTARBEIDET AV:	PLANLEDER	TRENER	SANSER
	001	AZT	



DETALJREGULERINGSPLAN FOR MYRABAKKEN BUSTADFELT  
PLAN-ID: 201312

REGULERINGSFØRESEGNER

**§ 1 – Avgrensing av planområdet**

Reguleringstørrelsene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

**§ 2 - Andre bestemningar**

Desse føresegnene kjem i tillegg til dei til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

**§ 3 - Privatrettslege avtalar**

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

**§ 4 – Forhold til kulturminne**

Dersom det i samband med utbygginga vert oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast med ein gong, og regional kulturvern mynde skal varsast, jf. lov om kulturminne § 8, andre ledd.

**§ 5 - REGULERINGSFORMAL**

Areal et innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar plan- og bygningsslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12 – 5, nr.1)

- Bustader – frittiliggjande småhus (FS)
- Bustader - konsentrerte småhus (KS)
- Leikplass (LP)
- Forsamlingslokale (Bedehus)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12 – 5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Fortau (F)

Grønstruktur (PBL § 12 – 5, nr. 3)

- Grønstruktur (G)



## § 6 – FELLESFØRESENER

- a. Detaljreguleringsplanen fastset hovudstrukturen for utbyggingmønsteret. Dei viste vegane i plankartet ligg fast. I tillegg til dei viste vegane kan mindre korte tilkomstvegane etablere innanfor FS og KS-område, som følgje av byggesøknad.
- b. Bebyggelsen skal plassere innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillate bebygg arealet i prosent av tomte sitt nettoareal.
- c. Alle inngrep skal planleggast og utføre på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomte og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utføre så skånsamt som mogleg.
- d. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningsslova med tekniske forskrifter.
- e. Innanfor byggeområde kan det oppføre trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar, der nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen eller i området.
- f. For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf. retteliar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støvsituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side på leside av støykjelda.
- g. Innanfor område kan det byggast nødvendige bygg og installasjonar for el- og telenett. Bygg skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa busetnaden eller i området.
- h. Vegareal er vist i plankartet. I tillegg til vist areal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggjast på tilgrensande grunn.

Bustadbygg skal oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarende krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknaast inn i grunnlaget for BYA med 20 m<sup>2</sup> pr. bilplass.

- FS - område: maksimum BYA 35 %
- KS - område: maksimum BYA 40 %

Maks tillaten BYA for dei enkelte delområda:

Grad av utnytting av tomten er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

visast.

På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav. materialar på bygningar eller anlegg. Unnatøke er glastasade. Parkeringsbehovet høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast refleterande

Kommunen krav at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal

gjelast ei harmonisk utforming.

## 1. Generelt

### § 8 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr.1)

Universell utforming skal også leggst til grunn for utforming leikplassar og felles ute opphaldsareal, jf. TEK.

Som prinsipp for utbygging av konsentrerte småhusområde skal livsstandard/universell utforming leggst til grunn.

- Tomtegrenser
- Grense mellom seksjonar
- Parkeringsplassar
- Interne køyvegar og gangvegar
- Murarar
- Kotehøgder på utvendig terreng
- Plassering av bygningar
- Minste ute opphaldsareal (MUA)

skal vise:

Situasjonsplan skal handsamast av kommunen i samband med byggesøknad og

Det skal utarbeidast ein samla situasjonsplan for alle KS-områda

### § 7 – SITUASJONSPLAN / DETALJAR VED BYGGESØKNAD

Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast. Leikplass skal opparbeidast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande forskrift om leikplassustyr. Leikplasssen skal ha areal og utstyr nok til varierte aktivitetar som fremjar rørsleglede, gir allsidig rørsleerfaring, sansseerfaring og moglegheit for læring og meistring.

Områda merka LP1-LP3 er offentlege og opne for alle. Leikplassane skal ved utbygging setjast i ein slik stand som gjer det mogleg å opparbeide dei for leik og opphald. Leikeareala kan møblerast. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd, leggjast til grunn slik at leikplassane heilt eller delvis kan nyttast av alle.

### 3. Leikplass

c. Ved val av takvinkel skal eksisterande/kringliggande bustadhus takast omsyn til. Dette skal at bygga som gruppe gjev ei harmonisk områdeoppfatning. Dette skal likevel ikkje vere til hinder for arkitektoniske uttrykk i frå vår tid. Nye bygg skal framheve vår tid sin byggeskikk og medverke til vidare utvikling av denne.

b. I område merka FS og KS skal bygningane ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal garasjar ikkje byggjast større enn 45 m<sup>2</sup> grunnflate og då børre i ei høgde over 4,5 m. I KS-område bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittstående enkelt garasje eller carport (til ei buening) byggast med grunnflate inntil 36 m<sup>2</sup>. I KS-område skal garasjar ikkje ha større gesimshøgde enn 3,5 meter og mønehøgde ikkje over 5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

KS-område skal planleggjast under eitt, men kan byggjast ut i trinn.

a. I område merka FS kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueningar på kvar tomt. I område merka KS kan det byggjast fleirmannsbustader med inntil fire (4) bueningar i kvart bygg.

### 2. Bustader – frittliggjande og konsentrerte småhus

b. Som minste opphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan FS-område skal det setjast av min. 20m<sup>2</sup> eigna areal for leik. Areal et skal gå fram at situasjonsplan. Innan KS-område gjeld krav til MUA 15 m<sup>2</sup>. Innan KS-område skal areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60 m<sup>2</sup>.

Dersom samla tal bueningar overstig 10 i KS-områda vert kravet til gjesteparkering redusert til 0.25 bil frå og med 1. buening. For sjølvstendige einbustadotter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vi likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. buening.

for 1 bil pr. buening pluss 0.5 bil pr. buening til gjesteparkering.

#### 4. Bedehus

Eksisterende bedehus inngår i reguleringsplan.

#### § 9 Uteareal tilhørende byggeareal

- a. Ikke utbygd del av tomte skal utformast tiltalende. Det er ikke tillate å ha skjemmaende skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følger av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadegen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbølte. Mur mot offentleg vegar skal godkjennast av kommunen før dei kan oppførast.
- b. Ein bør i størst mogleg grad søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabo tomt eller veg, kan kommunen krevje at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.

- c. Opphaldsareal ute skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegg.

- d. Ved ev. trinnavis utbygging skal utbyggingssareal som ikke vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førarbeis med vegetasjon e. l. etter detaljplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegg et elles.

- e. Innator kvar tomt må utbygjar syte for naudsynt drenering for overvatin og grunnvatin, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.

- f. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

- g. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikke vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkryrsle gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikke vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktilliner.

#### § 10 - SAMF. ANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2)

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:  
- køyreveg med tilhørende areal

Avkryrsler skal som hovudregel ikke leggast til veg med fortau eller gang-/sykkelveg med mindre det er vist avkryrsel eller avkryrselspill på plankartet.

Følgjande vegar er vist som offentlege vegar  
- o<sup>-</sup>V1 (Nygjerdevegen)  
- o<sup>-</sup>V2 (Ny bustadveg)  
- o<sup>-</sup>V3 (Myrabakken)

Fortau er vist som offentleg areal og er tilknytt Nygjerdevegen.

ordførar

Fosnavåg,

Reguleringsplan godkjent av kommunestyret i k-sak xx/xx i møte XXXX/201X

\*\*\*

- c. Før utbygging av område kan gjennomførast, skal høgspenlitilfylling gjennom området leggast i jordkabel (! veg- og friluftsansaal).
- b. Offentlege leikplassar skal opparbeidast, planerast og setjast i ein slik stand at dei kan møblerast. Dette skal skje samstundes med opparbeiding av infrastruktura i området. Private eller felles private leikansaal innanfor KS-områda sitt byggeansaal (MUA) skal opparbeidast samstundes med oppføring av bustadhusa.
- a. Før utbygging av nye tomter kan gjennomførast, skal o\_V2 med tilhøyrande offentlig infrastruktur, vere opparbeidd og ferdigstilt.

## § 12 – REKJEFØLGJEKRAV (PBL. § 12-7, nr. 10)

I plan er det vist grøne korridorar gjennom områda o\_G. Desse er tilkomst til leikplassar frå offentlig vegansaal. Innanfor desse områda kan det etablerast grusa stiar med belysning.

## § 11 GRØNTSTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 3)

I vegansaal og gangvegansaal kan det leggast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkabler. I tillegg til vist trafikkansaal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboansaal, jf. PBL. kap. 16. Vist skråningsutslag på plankartet kan endrast som følgje av nærare detaljprosjektering.

I vegansaal og gangvegansaal kan det leggast VA-leidningar, EL-, tele- og fiberkabler. I tillegg til vist trafikkansaal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboansaal, jf. PBL. kap. 16. Vist skråningsutslag på plankartet kan endrast som følgje av nærare detaljprosjektering.

f\_V4 skal vere felles privat bustadveg for tilgrensande tomteansaal og tilkomst til området KS1.

Felles privat veg:  
- f\_V4 (Ny bustadveg)

# PLANOMTALE



SEPTEMBER 2014



(Foto: Aleksander Zahl Tarberg, Juli 2014)

## DETALJREGULERINGSPLAN – PBL § 12-3 MYRABAKKEN BUSTADFELT

PLAN-ID: 201312

10.	VEDLEGG.....	18
9.	MEDVERKNAD I PLANPROSSEN.....	17
8.	KONSEKVENSNAR AV PLANFORSLAGET.....	16
7.	PLANFORSLAGET.....	14
6.	PLANOMRÅDET - DAGENS SITUASJON..	6
5.	PLANSTATUS OG RETNINGSLINJER.....	5
4.	PLANPROSSEN.....	5
3.	BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET.....	5
2.	NØKKELOPPLYSNINGAR.....	4
1.	SAMANDRAG AV PLANFORSLAGET.....	3

## 1. SAMANDRAG

Planforslaget er ein detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3. Reguleringsplanen tek føre seg eit område på Moltustranda (bygd) i Herøy kommune. Forslaget består av eit plankart med tilhøyrande reguleringsføresegner, samt denne planomtalen med tilhøyrande vedlegg.

Detaljplanen legg til rette for eit større og variert bustadområde sentralt på Moltustranda. Planområdet er om lag 54 daa. I planforslaget har ein teke sikte på å regulere areal med både eksisterande og nye bygningar og anlegg, der både ny og eldre bebyggelse er teke med. I plan er det regulert inn nye fritiliggjande bustadtomter, konsentrerte bustadområde, køyreveggar, leikeareal og bedehus m.m.

Ein har teke sikte på å skape grunnlag for nye og attraktive bustadtomter på Moltustranda, der det blir gitt rom for bygging av både einbustader og fleirmannsbustader (2-manns og 4-mannsbustader).

Planforslaget viser eit hovudprinsipp med ein ny samleveg som går frå Nygjerdvegen i aust, gjennom planområdet, mot Myrabakken i vest. Samlevegen (V1) er definert som (o\_V) offentleg veg etter kommunal standard, og skal tenne trafikkken internt for dei fleste tomtene innanfor planområdet. Samlevegen er tenkt utforma slik at den ikkje skal medføre til eit høgt fartsnivå internt i bustadfeltet og er lagt slik i terrenget at den får tilført naudsynt kurvatur. Dette er valt med omsyn til trafikktryggleiken og bukvalitet i området.

Tilkomstvegen er definert som felles private vegar (f\_V). Denne vegen er plassert slik i terrenget at den skal skape ein ny og betre tilkomst til dei ulike tomtene. Dei fleste av tomtene har tilkomst gjennom felles private vegar. Ein har valt å regulere inn avkøyrsløp gjennom piler på plankartet, dette er gjort med tanke på skape betre trafikktryggleik internt i planområdet.

Planforslaget legg vidare sterk vekt på leikeareal og barn- og unges interesser ved etablering av nye bustadområder. Ein har valt å leggje til rette for fire (3) leikeareal innanfor plan grensa. Leikeareala er regulert som felles private områder, som skal tenne dei ulike FS og KS områda i planen. I tillegg til at det er avsett areal til leik innanfor planområdet, er det også kort veg til skule og barnehage. Dette har vore eit viktig element i planarbeidet.

Når det gjeld dei topografiske forholda i området, viser terrenglinjje at ein her legg opp til bebyggelse i eit terreng med svak helling frå sør til nord. Det eksisterar i dag fleire bekkar som renn gjennom planområdet og desse har ein forsøkt teke omsyn til gjennom føresegnene i plan. Bekkane er regulert slik at dei i størst mogleg grad skal haldast opne – både av omsyn til kontroll med avrenning og av omsyn til estetikk og bruk av vatnet som ressurs i bustadområdet.

Intensjonen bak den samla planløyisinga trur vi kan bidra til eit meir attraktivt og variert bustadmiljø for dei som ynskjer å etablere seg i dette området.

Utviklingsavdelinga, September, 2014.



## 2. NØKKELOPPLYSNINGAR

Bygd:	Moltustranda
Stad/adresse:	Myrabakken
Gnr / bnr:	Gnr 60 bnr 25, 35 m.fl
Gjeldande planstatus:	Bustad i kommuneplan
Forslagstillar:	Herøy kommune
Grunneigar:	Herøy kommune + private
Plankonsulent:	Utviklingsavdelinga
Eksisterande planstatus:	Ikkje eksisterande reguleringsplan
Planområde sitt areal (daa):	65 daa
Nytt reguleringsføremål:	Bustad, leik, veg, bedehus
Grad av utnytting:	BYA% = 35 og 40
Tal på nye bueningar:	Om lag 44
Aktuelle problemstillingar:	Fortetting, nye og eksisterande bustader
Kunngjering, dato:	28.11.2013.
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei – i samsvar med overordna plan

### 3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

#### 3.1 – Bakgrunn

Formannskapet har tidlegare både rådmannen starte prosess med tilrettelegging av fleire bustadtomter på Moltustranda. Etter fleire alternative områder har Formannskapet vakte dette området som aktuelt for utvikling til bustadtomter på Moltustranda, og det er gjennomført prosess og erverv av areal til førerområdet.

#### 3.2 - Føremål med planforslaget

Ein ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for nye byggjeklare bustadtomter, med tilhøyrande infrastruktur og naudsynt leikeareal innanfor planområdet. Planingepet må her sjåast på som ei fortetting av allerede utbygde bustadområde på Moltustranda, og reguleringsarbeidet vil såleis vere ei utnyttning av ledige areal til bustadformål innanfor grensene fastsett i kommuneplanens arealdel frå 2004.

Formannskapet har i tidlegare vedtak gjeve rådmannen i oppgåve å starte

reguleringsarbeid for nye bustadfelt på Moltu, og administrasjonen har over ei lengre periode vore i dialog med aktuelle grunnigarar for erverv av naudsynt areal til bustadformål og infrastruktur i området. Ein har no kome til semje med grunnigarar om avtalar for kjøp av areal som gir kommunen grunnlag for å starte opp prosessen med utarbeiding av reguleringsplan for eit avgrensa område på Moltustranda.

Reguleringsplanen skal danne grunnlaget for ei seinare utbygging av infrastruktur i området og skape ny byggekclare kommunale bustadtomter sentralt på Moltustranda.

#### 4. PLANPROSS

Oppstart av planarbeid blei varsla 03.12.2013. Start på planarbeidet blei kunnngjort på

kommunen sine nettsider og gjennom annonse i Vestlandsnytt. Perm med varslingsdokument blei gjort tilgjengeleg på Herøy rådhus og på den lokale Coop Marknad butikken på Moltustranda. Grunneigarar og naboar til planområdet har vore varsla i eige brev. Det same gjeld offentleg myndigheter, samt lag og organisasjonar som ein har vurdert kan ha interesse i planleggingsarbeidet.

Utviklingsavdelinga har gjennomført møte om planarbeidet med særskilte grupper.

Det har tidlegare også vore gjennomført eit oppe informasjons- og medverkrads møte på Moltu skule, der innbygjarane på Moltustranda fekk høve til å kome med sine innspel knytt til planlegging av nye bustadområder i bygda.

#### 5. PLANSTATUS OG AREALBRUK

##### 5.1 - Planstatus

Området er pr i dag ikkje regulert gjennom ein rettsleg bindande reguleringsplan. I gjeldande kommuneplan frå 2004, er området sett av til bustadformål med krav om at det vert utarbeidd ein reguleringsplan. Området er tenkt vidareført som bustadområde i forslag til ny arealdel av kommuneplan for Herøy 2013-2025

Området er ligg i dag omkransa av eksisterande byggelese sentralt på Moltustranda, og er avgrensa av dei offentlege vegareala Fylkesveg 10, Myrabakken og Nygjerdevegen. Dagens situasjon i planområdet viser at dette er innmarksareal (lyng og mindre krattskog), der dei ikkje utbygde areala pr i dag ikkje blir betta eller halde i hevd ved slått. Dette viser seg i form av at mindre krattskog veks opp i klynger spreidd utover planområdet.

## 6. PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON

Det er ikkje gjeldande reguleringsplanar innanfor plangransa. Herøy kommune arbeider parallelt med ny reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 som går gjennom Moltustranda.

### 5.3 - Reguleringsplanar



Planområdet er i gjeldande kommuneplan (2004) sett av til bustadøremål med krav om at det vert utarbeidd ein reguleringsplan.

### 5.2 - Kommuneplan

Planarbeidet for Myrabakken er sett i samanheng og tilpassa det pågåande planarbeidet for ny gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 gjennom Moltustranda. Begge desse planane vert utarbeidd av Herøy kommune.




Det renn bekkar gjennom planområdet frå sør til nord, der nokre av desse er steinsette veiter frå tidlegare jordbruksaktivitet.



Bilteer som syner dagens situasjon i planområdet (Foto: Aleksander Tarberg – Juli 2014)  
Gjennom planområdet går det i dag ein del kablar og leidningar i luftspenn – både tele og kraftforsyning. Lokal kraftleverandør har ståande ein trossasjon sentralt i planområdet .



Området ligg sentralt plassert i bygda og med kort gåavstand til butikk, skule, barnehage og fylkesveg 10.



## 6.1 - Lokalisering

Nokre av busteidegdomane har opparbeidd gjerde, murar og hekkar som avgrensing mot naboareal som pr i dag ikkje er utbygde.



Det er også funne spor etter tidlegare gravarbeid i grunnen, i samband med utbetring av vassforsyrninga til området.

## 6.2 – Avgrensning av planområdet



Utsnitt av planområdet sitt omfang ved varsel om oppstart

Planområdet er avgrensa av fylkesveg 10 i nord, Nygjerdevegen i aust og sør og Myrabakken i vest. Mot nord og aust er planområdet tilpassa parallelt planarbeid for ny gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 på Moltustranda.

## 6.3 - Bruk av naboreal til planområdet

Med unntak av Moltustranda bedehus er den dominerande arealbruken for naboegedomane til planområdet frittliggjande einbustader, eller bustadhus med sokkelleiighet. Planområdet inngår som eit mindre område av eit samla og større bustadområde på Moltustranda.

## 6.4 - Eksisterande busetnad i området



Karakter og særtrekk ved eksisterende bussetnad i området er at dette er fritiliggjande småhusbebyggelse. Bustadhusa er frå ulike tidsperiodar og har ulike storleikar, utforming og struktur. Eit fellestrekk for alle husa er at dei har saltak, der nokre av takkonstruksjonane har ulike arker og utbygg. Nokre hus i området er oppført i to etasjar, mens andre har tre etasjar.

### 6.5 – Topografi og landskapstrekk


Planområdet ligg i ei svak helling frå sør til nord, med eit tynt vegetasjonsdekk (myr/torv) og mindre krattskog.

### 6.7 – Solforhold

Området ligg nordvendt og har best solforhold på sør/vest-sida av byggingen.

### 6.8 - Vegetasjon, dyreliv og andre naturforhold

Torvdekke og lynn er den dominerande vegetasjonstypen i området. Ein har ikkje observert at areala er i bruk som beiteområde i dag. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar eller raudlista artar i planområdet, jfr. Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase.



Utsnitt av Direktoratet for naturforvaltning sin naturbase.

### 6.9 – Barn og unge sine interesser

I kommunen sine data frå «Barnetrakkregistreringar 2012», er det ikkje registreringar som viser at barn og unge leikar/oppheid seg innanfor planområdet. Det er heller ikkje registreringar som seier at barn og unge oppfatar vegane i området som utrygge.

Gjennom synfaring i området kom ein over ein stad i planområdet der det var ført opp leikapparat.

Innanfor planområdet er det både offentlige og private vegar. I sør og aust ligg den offentlege **Nygjerdevegen**, som startar ved Coop S-Marknad med kryss mot Fylkesveg 10. Denne vegen er hovudsamleveg for byggleiøtet på Moltustranda og er i dag opparbeidd med ei vegbreidd på 4 meter. Vegen har ikkje differensiert lysing for gåande og syklande, men har ein blanda funksjon av mjuke trafikantar og køyretillkomst til bustaddeigedomar og barnehage.

Frå krysset ved Moltu barnehage, startar vegen **Monslassen**, som er ein offentlig veg innanfor planområdet fram til krysset mot Myrabakken i vest. Dette er ein sekundærveg for Nygjerdevegen og tener bueningar. Vegen er i dag opparbeidd med ei vegbreidd på 3 meter. Vegen har blanda funksjon som køyreveg og gang/sykkelveg for mjuke trafikantar. Vest for planområdet er **Myrabakken** er ein sekundærveg for Monslassen og tener færre bueningar. Vegen er i dag opparbeidd med ei vegbreidd på 3 meter.



**6.11 - Veg og trafikforhold**

Det er ingen kjende kulturminneverdier innanfor planområdet. Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført arkeologiske registreringar i september 2014.

**6.10 - Kulturminneverdier**

Planområdet ligg sentralt i bygda Moltustranda og dei næraste leikplassane er i enden av Monslassen, og ved Moltu skule. Begge desse områda har opparbeidd areal som blir nytta av barn og unge, og ligg innanfor ein avstand som kan nåast til fots frå planområdet.

**Bilte og flyfoto av leikapparat i planområdet**






Vegen har blanda funksjon som køyreveg og gang/sykkelveg for mjuke trafikkantar og endar i kryss mot fylkesvegen.

Planområdet grensar i nord mot Fylkesveg 10, som blir omtala og regulert i eigen plan.

### 6.12 – Støy

Delar av planområdet er i dag utsett for vegtrafikkstøy (gul sone) frå fylkesveg 10 gjennom Moltustranda. Grenseverdiane for støy er her mellom L db 55-60, og råkar i hovudsak eksisterande byggingse nord i planområdet.



Utsnitt frå støykart (gul sone = L db 55-60)

### 6.13 - Offentleg kommunikasjon

Buss er i dag den einaste forma for offentlig kommunikasjon i området. Køyreruta for buss går i dag langs fylkesveg 10.

### 6.14 – Vatn, avløp og overvatn (drenering)

Vassleidningar til Moltustranda Vassverk (privat vassverk) går i dag gjennom planområde, som vist på kartutsnitt under:

luftspenn.


Gjennom området går det i dag både høgspennline (22-kv + trafokiosk) og telekabler i

### 6.15 - Energi- og tøløysingar

Moltustranda knytast til det kommunale reinseanlegget.

Når det kommunale reinseanlegget er tenkt ferdigstilt, skal byggingen på

Avpussituasjonen for byggingen i og i nærleiken av planområdet fungerer i dag gjennom private og felles private løysingar. Nokre har eigne private septiktankar, mens andre har løysingar med felles private avløpsleidningar.



Dreneringssystemet i området fungerer i dag i form av steinsatte veiter og bekkar som renn gjennom planområdet frå sør til nord.

Anleggs- og driftsavdelinga arbeider pr i dag med bygging av nytt reinseanlegg for kloakk på Moltustranda. Dette er tenkt lokalisert nord for Fylkesveg 10, slik som vist på skissa under:



### 6.16 - Privat og offentlig servicetilbod

I nærheten av planområdet ligg ein lokal matvarebutikk, skule, barnehage. Beduset på Moltustranda ingår i planområdet.

### 6.17 - Risiko og sårbarheit

Det er utarbeidd eiga risiko og sårbarheitsanalyse for denne reguleringsplanen. Analysen følger som vedlegg til denne planomtalen.

## 7. PLANFORSLAG

### 8.1 Innleiing

Forlag til reguleringsplan for Myrabakken blir sett på som ei naturleg «innfylling» av nye bustader i eit allerede etablert bustadfelt. Areal er foreslått regulert til køyreveggar, leik, bustadtomter og tomter for fleirmannsbustader. I tillegg ingår tomte til eksisterande bedehus. Leikareala er samankopla med vegsystemet gjennom grøne korridorar der det kan etablerast grusa stiar.

Planforslaget blir sett i samanheng med reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs FV10 på Moltustranda.

### 8.2 Arealformål

Formål	Areal
Bustad – frittiliggjande småhusbyggingse (FS)	41176 m <sup>2</sup>
Bustad - konsentrert småhusbyggingse (KS)	7581 m <sup>2</sup>
Forsamlingslokale (Bedehus)	931 m <sup>2</sup>
Leikplass (LEIK)	1945 m <sup>2</sup>
Køyreveg (V)	10245 m <sup>2</sup>
Fortau (F)	2234 m <sup>2</sup>
Grønstruktur (G)	557 m <sup>2</sup>
<b>SUM</b>	<b>64 669 m<sup>2</sup></b>

### 8.3 Bygjeareal

I planforslaget er det vist følgjande byggeareal:  
Frittiliggjande småhusbyggingse (FS):

Pareringsbehovet er foresatt dekt på eige areal.

Bustadbygg skal oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. buening pluss 0.5 bil pr. buening til gjesteparkering.

Dersom samla tal bueningar overstig 10 i KS-områda vert kravet til gjesteparkering redusert til 0.25 bil frå og med 11. buening. For sjølvstendige einbustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vil ikkje kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. buening.

## 8.5 - Parkering/garasje(r)

I KS-område bør garasjar som hovudregel organiserast ved felles garasjeanlegg. Unntaksvis kan frittsåande enkelt garasje eller carport (til ei buening) byggast med grunnflate inntil 36 m<sup>2</sup>. I KS-område skal garasjar ikkje ha større gesimshøgde enn 3,5 meter og mønehøgde ikkje over 5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

Offentlege leikplassar skal opparbeidast, planerast og setjast i ein slik stand at dei kan møberast. Dette skal skje samstundes med opparbeiding av inntastrukturen i området. Private eller felles leikareal innanfor KS-områda sitt byggeareal (MUA) skal opparbeidast samstundes med oppføring av bustadhusa.

Planforlaget har 3 leikareal som er spreidd utover planområdet. Desse har varierende storleik og ligg sentralt til i høve tilgrensande bustadareal – både eksisterande og planlagt nye bustader. Leikplassane har tilkomst gjennom grøne korridorar frå offentlege vegareal.

## 8.4 Leik og utareal

Bedehus:  
Eksisterande bedehus på Moltustranda inngår i planforlaget.

Konsentrert småhushbyggelse (KS):  
I planen er det sett av to område for konsentrerte bustadbygg, der det blir tillate med inntil 4 bueningar pr bygg. Grad av utnytting for alle KS-områda er på BYA=40%.

I område merka FS og KS skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal garasjar ikkje byggast større enn 45 m<sup>2</sup> grunnflate og då berre i ei høgde. I FS-områda skal garasjar ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m.

Områda FS2-4 regulerer eksisterande etablert bustader i området. FS5 og FS6 nye tomter der det vert tillate med bygging av bustadbygg med inntil 2 bueningar. Grad av utnytting for alle FS-områda er på BYA=35%.

## 8.6 - Trafikkareal

Det er planlagt bygging av nye offentlege vegareal i planområdet. 0\_V2 og f\_V4 er nye vegar som skal byggjast etter offentleg

## 8.7 Støytiltak

For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf retteliar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støvsituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindu til ei side der støynivået er  $L_{den}=55$  dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda.

## 8.8 Renovasjon

Planområdet sine løysingar knytt til renovasjon skal vere i høve reglement for interkommunal renovasjonssordning.

## 8.9 Risiko og sårbarheit (ROS)

ROS-analyse følger som vedlegg til denne planomtalen.

## 8.10 Andre relevante moment i planen

Ingen særskilte.

## 8. KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET

### 9.1 - Overordna planar og vedtak

Planforslaget er i samsvar med overordna kommuneplan.

### 9.2 – Eksisterande reguleringsplanar

Det er ingen eksisterande godkjende reguleringsplanar som grensar til planområdet. Reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt er utarbeidd og sett i samanheng med reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs FV10 gjennom Moltustranda. Planrensene til dei to planane er soleis tilpassa kvarandre for å oppnå ein samanheng i arealbruken.

### 9.3 – Estetik

Ingen særskilde.

### 9.4 - Konsekvensar for naboar og gjenbuarar

Utbygging av bustadfeltet vil medføre auke trafikk og belastning på omgjevnadane. Spesielt på eksisterande infrastruktur, som også er regulert slik at den seinare kan oppgraderast dersom det oppstår behov.

Etabbert bebyggelse vil oppleve at det skjer bygging i dei ra nærmiljø og rundt dei ra eigedomar.

### 9.5 - Trafikk- og parkeringsforhold

Det er tidlegare haldt oppe møte om planlegging av nytt byggefelt på Moltustranda. Røferat frå dette møtet følger som vedlegg til planomtalen. Innspel og vurdering av desse går fram av vedlegg til planomtalen.

## 9. MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN

Desse interessene vil få styrka sine rettigheter og vilkår gjennom at det blir etablert fleire leikplassar i området. Leikplassane kan også fungere som sosiale møteplassar og dei kan vere samlingspunkt for dei blir busett i området.

### 9.15 - Barn og unges interesser i nærmiljøet

Kommunen vil ha ansvar for drift av offentleg infrastruktur i området.

### 9.14 – Juridiske/ økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen særskilte.

### 9.13 – Konsekvensar for næringsinteresser

Detaljær kring dette må ein kome attende til ved endeleg detaljprosjektering av infrastruktur i Myrabakken.

Det må byggjast nye løysingar for avløp, el/tele og handtering av overflatevatn i området. Dette er føresett gjennomført samstundes med bygging av vegareal som vist i plan. Eksisterande vassleidningar må mest truleg flyttast nokre stader, der desse vil kome i konflikt med planlagt byggjearreal / vegareal.

### 9.12 - Infrastruktur (veg/vatn/avløp, el-anlegg etc )

Ingen særskilte.

### 9.11 – Risiko og sårbarheit

Det er både barneskule og barnehage i nærleiken. Det er føresett at realisering av planforslaget ikkje vil medføre kapasitetsvanskar for desse funksjonane.

### 9.10 – Privat og offentlege servicetilbod

Grøne korridorar vil sikre framkomst til leikplassar og ferdsel gjennom planområdet. Utbygging av Myrabakken bustadfelt er ikkje vurdert til å ha vesentlege konsekvensar for friluftslivsaktivitet eller naturområder.

### 9.7 - Friluftslivsaktivitet, naturområder

Ingen konsekvens.

### 9.6 – Kulturminner

Det er i planområdet teke med arealløysingar som gir grunnlag for ei framtidig oppgradering av Nygjerdvegen med fortau.

## 10. VEDLEGG

1. ROS-analyse
2. Innspel til planarbeidet (samla)
3. Merknadsskjema med vurdering av innspel
4. Temakart med samla plansituasjon for Moltu
5. Referat frå medverknadsmøte av 22.02.2011.

## Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarhet i samfunnsplanlegginga

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgende forhold?	Nei	Ja	
Naturgutte forhold	a	Er området utsatt for snø- eller steinskrud eller større fjellskred?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	b	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	c	Er det fare for utglidning av området (ustabile grunnforhold)?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	d	Er området utsatt for flaum/flaumskred?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	e	Er det registrert radon i grunnen?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	f	Vil skogbrann/lyngrann i området vere ein fare for bustader/hus?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	g	Er området sårbar for ekstremvær/stormflo?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	h	Anna (spesifiser)?			
	Omgivnad	a	Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	<input checked="" type="checkbox"/>	
		b	Vil utslakta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemdar (industriretak etc.), utgjere ein risiko for området?	<input checked="" type="checkbox"/>	
c		Vil drenering kunne føre til oversvømming i lågareliggende område?	<input checked="" type="checkbox"/>		
d		Anna (spesifiser)?			
Verksemdsrisiko	a	Omfattar området spesielt farlege anlegg?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	b	Vil utslakta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande verksemdar (industriretak etc.), utgjere ein risiko for området?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	a	Har området utilstrekkeleg sløkkjevassforsyrning (mengde og trykk)?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykkningskjøretøy?	<input checked="" type="checkbox"/>		
Beredskap	a	Har området gode tilkomstpunkt på transportnettet i området?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	b	Vil utslakta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportarar inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	c	Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: <ul style="list-style-type: none"> <li>- til skole/barnehage?</li> <li>- til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?</li> </ul>	<input checked="" type="checkbox"/>		
	d	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	<input checked="" type="checkbox"/>		
Kraftforsyrning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspennlinjer?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspennmaster?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningsstryggleiken i området?	<input checked="" type="checkbox"/>		
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: <ul style="list-style-type: none"> <li>- elektrisitet?</li> <li>- telenester?</li> <li>- vassforsyrning?</li> <li>- renovasjon/spillvann?</li> </ul>	<input checked="" type="checkbox"/>		
	b	Er det vassforsyrning/drikkevann i området?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	c	Er det spesielle brannobjekt i området?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	d	Er det omsorgs- og oppvekststusjonar i området?	<input checked="" type="checkbox"/>		
Er området påverka/forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	b	Millitære anlegg: fjellanlegg, piggtårdsperingerar etc.?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	d	Anna (spesifiser)?			
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormålt?	<input checked="" type="checkbox"/>		
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormålt i nærleiken?	<input checked="" type="checkbox"/>		

Sjekklista er gjennomgått den 17/7-14 av sign: Aleksander Zolt Tarberg



①

②

Fra: postmottak

Sendt: 14. juni 2013 08:07

Til: Arkiv

Kopi: Aleksander Nykrem Tarberg

Emne: FW: Reguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda FV 10

Helsing

HERØY KOMMUNE

Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

HERØY KOMMUNE		
RÅDMANNEN		
Rø nr.	2013/552	
Saksbeh.	AZT	
14 JUNI 2013		
Ark kode P	L12	
Ark kode S		
J nr.		
Dok nr.	2	
Kassasjon		

Fra: Sjøiden Eiendomsselskap A/S [mailto:perdyb@tussa.com]

Sendt: 13. juni 2013 17:31

Til: postmottak

Emne: Reguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda FV 10

Innspeil til reguleringsplanen FV 10 Moltustranda.

Sjå vedlagt dokument.

Mvh

Sjøiden Eiendomsselskap as

6095 Bølandet

Per Helge Dybvik

Mob 41587522



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler:	Vår dato:
	14.06.2013	39532/2013/REGULERINGSPLAN/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	02.07.2013

## Herøy kommune - detaljregulering - gang- og sykkelveg langs Fv 10 - strekninga Tarberg-Moltumyr - fråsegn ved varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Automatisk freda kulturminne

Vi er ikkje kjent med automatisk freda kulturminne i eller ved planområdet. Delar av planområdet ser ut til å ha potensiale for slike funn, og vi varslar med dette at det kan verte aktuelt å sette krav om nærare arkeologisk registrering, jf. lov om kulturminne § 9, i samband med reguleringsplanen. Jæmfør km1. §10 er det tiltakshavar som lyt dekke kostnadane ved registreringa. Vi vil vurde § 9 og eventuelt omfanget av § 10 gjennom ei synfaring i området, og vil kome attende med nærare uttale etter dette.

Vi gjer merksam på at vi vil mätte fremje motsegn til planar som vert lagt ut til offentleg ettersyn utan at § 9 er oppfylt og eventuelle påviste automatisk freda kulturminne er ivareteke på ein god måte i planen.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar  
Kristian Hole Fløtre  
rådgivar

Fagsaksbehandler  
Automatisk freda kulturminne: Trond Eilev Linge, arkeolog/rådgjever, tlf. 71 25 88 40

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Kopi: Fylkeskommunen  
Fylkesmannen

Plan- og trafikkseksjoen  
Med helseing  
Ole Jan Tønnesen  
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud

Viser til skriv frå Herøy kommune med varsel om oppstart av reguleringsarbeid for m.a. gang- og sykkelveg langs fylkesveg 10 Moltustranda, udatert skriv registrert motteke her 13.6.2013.

Statens vegvesen stiller seg positiv til at det gjennom varsla planarbeid vert teke sikte på å betre tilhøva til mjuke trafikanter og gje desse ein tryggare ferdsl langs fylkesvegen. Vi føreset at planlegginga vert basert på gjeldande vegnormalar med tilhøyrande rettletarar og retningslinjer.

Utover dette har vi i denne omgang ikkje særlege inspel og merknader til varsla planarbeid. Nærare detaljer vert å kome attende til når framlegg til reguleringsplan ligg føre etter regelverket i plan- og bygningsslova.

### Fv. 10 Moltustranda i Herøy kommune - gang - og sykkelveg - varsel - uttale om oppstart av reguleringsplanarbeid - Uttale

Behandlande eining: Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr: Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse: 2013/071720-002

Dykkar referanse:

Vår dato: 02.07.2013


Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE	RADMANNEN
Statens vegvesen	nr. 2013/552
Saksbeh.	#27
- 3 JULI 2013	
L-12	
Luk nr.	5
Prosjekt nr.	



3

5



Med bakgrunn i mottatte underlag til arbeidet med plan for gang- og sykkelvei på Moltustranda, oversender jeg her mine synspunkter og innspill.

Slik jeg tolker underlaget så har kommunen valgt å slå sammen to ulike tiltak til ett. Det første en etterlengtet sikring av skoleveien fra Myrabakken og inn til skolen, og det andre en forbedret tilkomst til Nygjerdevegen fra fylkesveien. Når disse to tiltakene er valgt samlet i et felles planarbeid, vil jeg utfordre kommunen til å tenke løsninger utover det angitte planområdet. Mine etterfølgende synspunkter og innspill strekker seg derfor utover det varslede planområdet, som markert på denne skissen:

**Innspill til: Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10**

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE		Saksbeh		Reg nr		Kassasjon	
RADMANNEN		HCT		2013/552		J nr	
				18 JULI 2013		Ark kode S	
				212		Ark kode P	
				6		Dok nr	

Oslo, 17. juli 2013

(4)

(5)

Adresse: Olav Nygards veg 172  
0688 Oslo  
Mobil: 934 80 257  
Mail: groennh@online.no



Endre Moltu Grønning

Med vennlig hilsen

I Vestlandsnytt den 8. november i 2011 etterlyste ordfører Goksøyr og handlingsforeningen "sjonære hyttefelt" i Herøy. Til kommunepLANEN 2013-2025 har jeg med bakgrunn i dette spilt inn omregulering av mitt areal (Gnr. 60 / Bnr. 35) nedenfor (nordsiden av) fylkesveien som egnet område. Opprinnelig plan fra Statens vegvesen med gang- og sykkelvei på nordsiden av fylkesveien vil redusere tilgjengelig areal, og dermed gjøre det mer utfordrende å finne en landskapsmessig god utnyttelse av arealet. På motsatt side (sør siden) av fylkesveien er det derimot tilgjengelig areal med rikelig bredde for gang- og sykkelvei, og dette er samme side som dagens gang- og sykkelvei ligger fra Nygjerdevegen og inn til skolen.

Jeg vil også minne kommunen om at jeg velvillig har akseptert plassering av avløpsanlegg med slamskille i vestre ende av dette området nedenfor fylkesveien. Dette reduserer allerede tilgjengelig areal for eventuell utvikling, og en gang- og sykkelvei vil bety ytterligere reduksjon i hele områdets lengde langs fylkesveien.

Jeg håper mine innspill kan være til nytte i kommunens videre planarbeid, og kanskje åpne for alternative løsninger utover det i utgangspunktet angitte planområdet. Samtidig ønsker jeg her å vise min positive vilje til utnyttelse av min eiendom for utvikling av bygda, både hva angår infrastruktur, bolig og næring.



Herøy kommune  
Utviklingsavdelingen  
Postboks 274  
6099 FOSNEVÅG

Telefon: 70 08 64 70  
Adresse: 6080 Gurskøy  
E-post: [kontor@landbrukskontoret.no](mailto:kontor@landbrukskontoret.no)  
Heimside: [www.landbrukskontoret.no](http://www.landbrukskontoret.no)

Dykkar ref:

Vår ref: AKL

Dato: 19.07.2012

## Reguleringsplan gang og sykkelveg Moltustranda FV10

Del av planarealet har arealklasse "fulldyrka jord". Dyrka og dyrkbar jord har sterkt vern. Jordlova §9 forbyr å nytte slik jord til anna enn landbruksføremål. Omsyn til samfunnsinteresser kan likevel tale for omdisponering. Føremålet med planen vil ha slik interesse og det bør gjestast løyve til omdisponering.

Med helsing  
Anne Kathrine Løberg  
Landbruksjef



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Saksbehandler, innvalgtelefon  
senioringeniør Lars Kringstad, 71 25 85 4150

Vår dato 19.07.2013  
Dykkar dato 13.06.2013

Vår ref. 2013/4000/ASBU/421.4  
Dykkar ref. ~~13.06.2013~~  
*Utr. avg*

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg nr 2013/552	Saksbe A21
22 JULI 2013	
Ark kode P L12	Ark kode S
J nr	Dok nr 8
Kassasjon	

## Herøy kommune. Detaljregulering - reguleringsplan gang- og sykkelveg langs Fv 10 Moltustranda. Fråsegn til melding om oppstart.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarssområde følgjande merknader ved oppstart av planarbeidet:

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til at det blir sett i gong eit arbeid for å sikre mjuke trafikkantar på denne strekninga.

Delar av planområdet er dyrka mark. Vi oppmodar om god arealutnytting ved at ein i størst mogleg grad søker å avgrense bruken av dyrka mark.

Med helsing

Bjarne Olmes (e.f)  
Fung. samordnar

Lars Kringstad  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Fagsaksbehandler**

Landbruk: fylkesagronom Kristin Eide, tlf 71 25 81 35

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Postadresse:  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon:  
71 25 84 43

Telefax:  
71 25 85 10

E-post:  
postmottak@fmmr.no

Web:  
www.fylkesmannen.no

2. jul

Herøy komm.  
P. b. 274  
6091 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
EADMANNEN	
Keg nr. 2013/552	421
Dere vedr. oppstart av reguleringsplan -	
arbeid for gang og sykkelvei langs FV 10 Moltustr. 12	
Vi har oppfatta det slik at gang/sykkelvegen skal	

leggst på nordsida av hovedveg. Det blir også fra  
Dere hevta at tryggleiken for born/unge og bygdefolk  
ellers er hovudfokus. Det har i dette krysset vart  
påkøyrset av barn og utalige nestenulykker spesielt  
vinterstid, der born krysser vegen på akberett.

Vi stiller derfor spørsmål om Dere har tatt hensyn til  
tryggleiken, når brakerne må krysse hovedveg på fleire  
punkt for å benytte gang/sykkelveia. Dette oppfattes for  
oss som lite gjennomtenkt!!

Den parkeringsplassen vi har mot hovedveg pr idag er allerede  
et minimum. Utemper vinterstid / snøbrøying med skade på  
biler, isklumper og snøserpe som blir strengt både mot husveg  
og vinduer er også en negativ faktor for oss.  
For var trygdom Gnr. 60 Br. 73 blir ikkje dette valg  
akseptert.

Vi ser fram til vidare diskusjon i saka.

Med helsing

Jørgen Olav Skarpen.  
Jnger Skarpen.

29/7.13

Ⓡ

Ⓡ



Herøy Kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE  
Servicetorget  
Pb 274  
6099 FOSNAVÅG  
Innkjøpt 31.07.13  
⑧ 31.07.13

HERØY KOMMUNE	RADMANNEN	A21
2013/552	gang- og sykkelveg	- 1 AUG. 2013
L12		
10		

Ang.: Reguleringsplan gang- og sykkelveg FV10  
Mottustanda FV10

Gjeld synspkt. på og rundt området på 60/221  
då denne vil utte berett ved utbygging av  
gang- / sykkelveg.

Ønsker påvisning at det ikke vil nødvendig å  
ta så mykje av næværende hage på vår kont  
Etter mitt synspkt. bør både veg og gang/sykkelsti  
legast litt nærmare sjøen for å rette opp veg  
utover mot bedehuset.

Gir likevel utfra at delar av vår kont vil  
taen bort. Dermed vil nødvendig vil vi gjeme  
ha det kompensert ved å i skaden for utta  
styrket bak huset (mellom 60/229 og 60/236)

Som en gang i tida var tenkt til veg.  
Vi har dessutan både stoypt kant rundt  
huset, og har beplantning langs med heile vegen.  
Så dersom det vil utte akkurat a fjeme dette,  
na det sitkast i stand på same måte som før,  
med anten ein stoypt kant eller ein oppmalt kant

6

**Fra:** postmottak  
**Sendt:** 1. august 2013 08:06

**Til:** Arkiv  
**Kopi:** Jarl Martin Møller; Aleksander Nykrem Tarberg  
**Emne:** FW: Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10

Helsing

**HERØY KOMMUNE**

Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

---

**Fra:** Geir Moltubakk [mailto:gmoltubakk@yahoo.com]  
**Sendt:** 31. juli 2013 21:14

**Til:** postmottak  
**Emne:** Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

## Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10

Forbi min eiendom går det allerede en vei som blir benyttet til gang- og sykkelvei - veien til den nedlagte "Videokiosken". Kanskje det er en ide og forlenge denne veien - tid og penger spart.  
Fylkesveien går nå i en stor bue/sving forbi meg - denne bør etter mitt syn rettes/flyttes mot nordvest hvis en eventuell ny gang- og sykkelvei kommer på sør/øst siden av fylkesveien.

Mvh  
Geir Moltubakk  
60/114



NORWAY

**HERØY KOMMUNE**

09.06.2013 1:2500

Det kan forekomme feil i kartet



**Fra:** Ole Magne Rotevatn  
**Sendt:** 5. august 2013 13:15  
**Til:** Aleksander Nykrem Tarberg  
**Emne:** VS: Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moldtustranda FV10

**Fra:** Ole Magne Rotevatn  
**Sendt:** 5. august 2013 13:15  
**Til:** Aleksander Nykrem Tarberg  
**Emne:** VS: Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moldtustranda FV10

Helsing

**OLE MAGNE ROTEVATN**

Planleggar

7008 1300 / 7008 1353

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

**Fra:** postmottak

**Sendt:** 5. august 2013 13:15

**Til:** Arkiv

**Kopi:** Ole Magne Rotevatn

**Emne:** FW: Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moldtustranda FV10

Helsing

**HERØY KOMMUNE**

Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

**Fra:** Camilla Storøy Hermansen

**Sendt:** 5. august 2013 13:11

**Til:** postmottak

**Emne:** Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moldtustranda FV10

Uttale frå Barnerepresentanten:

Barnerepresentanten ser positivt på all etablering av gang- og sykkelveg og trygging av skuleveggar. Når det gjeld Moltu, ønskjer barnerepresentanten også ei tryggare kryssing av veggen frå noverande gongveg og over til skulen. Her bør det etablerast opphøgde overgongsfelt.

Camilla Storøy Hermansen, barnerepresentant

**MERKNADSSKJEMA – VURDERINGAR AV INNSPEL TIL VARSEL OM OPSPART AV PLANARBEID**

Plannamn	Myrabakken bustadfelt	Plankonsulent	Utviklingsavdelinga – Herøy kommune
PlanID.	201312	Dato	18.07.2014
Saksnummer.	2013/1418	Tal på innspel	9

**Følgjande instansar har ingen merknader til planarbeidet:**

- Søre Sunnmøre Landbrukskontor, innspel motteke 13.12.2013.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, innspel motteke 30.01.2014.

Avsendar og dato	Hovudpunkt i innspel / merknad	Forslagsstillars vurdering
1. Anleggs- og driftsavdelinga (Herøy kommune) 30.12.13	<p>Viser til at dei i mange år har etterlyst regulering av hovudinfrastruktur på Moltustranda, og ser positivt på arbeidet som no vert sett i gong. Dei skulle gjerne sett at planen omfatta heile Moltustranda og ikkje berre ein mindre del. Avdelinga peikar på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Plan bør omfatte ny tilkomst frå FV10 – grunna utfordringar i høve beredskap med behov for framkomst av utrykkingskøyrety, då eksisterande tilkomst til tider er uframkomeleg vinterstid med glatte vegar.</li> <li>- Planarbeidet bør omfatte forbetring av infrastruktur for eksisterande eigedomar ved at det vert regulert nye fellesavkøyrslar.</li> </ul>	<p>Planarbeid for bustadområde på Moltustranda har lenge vore eit tema, og spørsmålet har vore behandla i Formannskapet fleire gongar. I samband med prosessen rundt grunnerv og val av område for kjøp av grunn, kom Formannskapet til at det var dette området ein vil satse på som nytt bustadfelt på Moltustranda. Kommunen har no erverva grunn i dette området med tanke på vidare utbygging.</p> <p>I reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg på Moltu er det utarbeidd forslag til ny veglinje for Nygjerdevegen frå Fylkesveg 10 og fram til planområdet. Dette vert sett på som hovudtilkomsten til dei øvre bustadområda. Veglinja er teikna på ein slik måte at det skal vere mogleg å bygge denne nye vegen, i samsvar med kommunen sin vegnormal, når dette blir aktuelt.</p> <p>Innspelet er teke inn i plan og det er vist forslag til stenging av fleire avkøyrslar – både mot fylkesveg og kommunal veg.</p>

<p><b>2. Statens Vegvesen</b> <b>Region Midt</b> <b>09.01.14</b></p>	<p>Vegvesenet har følgje innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Av omsyn til trafikktryggleik bør det leggst opp til ei planløyising der talet på avkøyrslar direkte til/frå fylkesveg 10 i størst mogleg grad vert redusert gjennom sanering og samlokalisering – helst med tilkomstløyisingar knytt til vegnett på sørsida av fylkesvegen.</li> <li>- Det vert føreset at reguleringa vert tilpassa og samordna med utarbeiding av reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.</li> </ul> <p>Statens vegvesen varslar at dei vil kome attende til nærare detaljar når framlegg til reguleringsplan ligg føre.</p>	<p><i>Innspelet er teke inn i planforslaget. Det er lagt opp til sanering av nokre avkøyrslar frå fylkesveg 10. Desse er erstatta med ny tilkomst gjennom etablering av nytt vegsystem i bustadområdet sør for fylkesvegen.</i></p> <p><i>Reguleringsplanen for Myrabakken er koordinert med reguleringsplan for gang- og sykkelvegen gjennom samanfjallande plangrense og samanheng mellom element i dei to planane. Av ulike grunnar har ein valt å køyre desse to planen som to ulike saker. Ein likevel strekke seg etter å samkøyre planprosessane så langt dette er mogleg.</i></p>
<p><b>3. Mariann Helleseith og Ståle Nes</b> <b>10.01.14</b></p>	<p>Som eigarar av gnr. 60 bnr. 263-270, har dei stor interesse av å knyte seg på vegen som vert bygd i forbindelse med det nye bustadfeltet Myrabakken.</p>	<p><i>Innspelet er ikkje teke inn i plan. Med bakgrunn i det plangrepet og den tomteledinga som er valt for det nye bustadområdet i Myrabakken, har ein dessverre ikkje funne rom for å imøtekomme dette innspelet.</i></p>
<p><b>4. Barnerepresentanten I Herøy kommune</b> <b>23.01.14</b></p>	<p>Barnerepresentanten er godt fornøgd med tilrettelegging av godt leikeareal i reguleringsplanen for Myrabakken bustadfelt. Peikar på behovet for gangveg frå der Myrabakken kjem inn på Fylkesvegen og bort til gangvegen som vert avslutta ved butikken. Utviding av bustadfeltet fører til fleire som har dette til skuleveg og for Barnerepresentanten er det svært viktig at det vert lagt til rette for at born og unge skal ferdest trygt langs dei trafikkerte vegane i kommunen. Vonar dette blir tatt med i det vidare planarbeidet.</p>	<p><i>Innspelet vert ivareteke gjennom planforslaget for gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 på Moltustranda. Her er det vist ei løysing for mjuke trafikantar i form av fortau plassert på sørsida av fylkesvegen.</i></p>

<p><b>5. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) 22.01.14</b></p>	<p>Viser til at I planarbeidet er tryggeleik mot skred ei aktuell problemstilling. I skrednett sine databasar er planområdet definert som potensielt fareområde for skred. Det betyr i første omgang at det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet.</p>	<p>I utarbeiding av ROS-analyse for reguleringsplanen er det gjort vurderingar kring NVE sine aksemdskart for skredfare. Her viser aksemdskarta at det er potensiell fare for snøskred i området. Det er gjennomført ei lokal vurdering av området med tanke på fare for snøskred. Konklusjon viser at klima, nedbør og topografi i området ikkje gir grunnlag for ein reell fare for snøskred.</p>
<p><b>6. Møre og Romsdal fylkeskommune (MRfylke) 24.01.14</b></p>	<p>I NGU sitt lausmassekart ligg planområdet innanfor marine strandavsetningar. Det kan ikkje utelukkast at det finnest ustabile avsetningar som til døme leire i grunnen. I ROS- analysen må det gjerast ei vurdering av området kan bestå av avsetningar som potensielt kan rase ut. Dersom det er mistanke om, eller vert påvist ustabile massar må det gjerast ei grundigare geoteknisk undersøking for å eventuelt avdekke fare for utgliding/setningsskadar.</p>	<p>Det blir her vist til at det i dag alt er oppført bustadhus innfor planområdet og i det området der det er registrert marine strandavsetningar.</p> <p>Ein har i samband med arkeologiske registreringar i området, heller ikkje fått melding om det er registrert ustabile avsetningar i dette området.</p>
<p><b>7. Sylwester Zawadzki 05.05.14</b></p>	<p>Fylkeskommunen vurderer planområdet til å ha eit potensielle for funn av automatisk fredda kulturminne, jf. fråsegn til reguleringsplan for Fv10 Moltustranda. Vi varslar difor at det vil verte stilt krav om arkeologisk registrering, jf. Kulturminnelova § 9, i samband med planen. Jmfør § 10, same lov, er det tiltakshavar som må dekke kostnadane ved registreringa. Kostander til arkeologiske registreringar er stipulert til kr 83.400,-.</p>	<p>Arkeologisk registreringar er gjennomført og avslutta.</p> <p>Resultatet av desse følgjer i eigen rapport.</p>
<p><b>7. Sylwester Zawadzki 05.05.14</b></p>	<p>Ynskjer utviding av bustadtomt – ber om at det vert teke omsyn til ved utarbeiding av reguleringsplan.</p>	<p>Det er teke omsyn til at bustadtomta kan utvidast mot nord, sør og aust i det planforslaget som no ligg føre. Innspelet er teke med i planarbeidet.</p>





## NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr	Arkivkode	Gradering	Dato
2010/950	L12		02.03.2011

## REFERAT FRÅ MØTE OM BUSTADFELT PÅ MOLTUSTRANDA.

### Referat frå møte om bustadfelt på Moltustranda 22.02.2011.

Tilstades frå administrasjonen:

Ole Magne Rotevatn, Jarl Martin Møller, Aleksander Tarberg, Jon Rune Våge, Robert Myklebust.

Date: 22.02.2011 - Kl. 18.00 – 20.00

Stad: Gymsalen på Moltu skule.

Frammøtte: omlag 26 personar i salen.

Møte kan delast inn i to delar. Første del inneheldt ein kort presentasjon frå administrasjonen i Herøy kommune. I andre del vart det lagt opp til at dei framømte skulle få høve til å seie si meinining om framtidig utvikling av Moltustranda.

### Del 1 – Presentasjon

Møte vart opna med at representantar frå utviklingsavdelinga heldt ein kort presentasjon på ca. 20-30 min. Presentasjonen inneheldt informasjon om bakgrunnen for møte, dagens planstatus, plansystemet og medverknad i planprosessen.

Jarl Martin (utviklingsleiar) opna møte med å presentere kven som var tilstades frå Herøy kommune. Utviklingsleiareren presenterte dagens arealstatus og førerøålet med den vidare planlegginga. Aleksander (planleggjar) snakka litt om det kommunale plansystemet, og skilnaden mellom områderegulering og detaljregulering. Ole Magne Rotevatn (planleggjar) fortalde om planprosessen og når innbyggjarane hadde høve til å kome med innspel i ein slik prosess.

## Del 2 – Diskusjon

Etter ein kort presentasjon frå administrasjonen gjekk møte over i ein annan fase. Utviklingsleiar (Jarl Martin Møller) la opp til at dei framme hadde fått fram sine synspunkt og innspel. Utviklingsleiar fungerte som ordstyrar for resten av møtet.

Del forhold som vart opptekne under møtet kan ein stikkordsmessig oppsummere som følger:

- Første innspel for kvelden kom frå Idar Tarberg. Han påpeika at administrasjonen burde ha nemnt meir om det vedtaket som vart fatta i Formannskapet, og at administrasjonen burde ha starta med å presentere alternativa som blei lagt fram for formannskapet. Det vart også påpeika at det har starta med å få ferdig byggjelære tomter i bygda, og at administrasjonen burde starte regulering for å få ferdig 15 – 20 byggjelære tomter, dvs ein mindre detaljplan. Det blei samtidig framheva behovet for ein større områdeplan for Moltustranda.
- Fleire av dei framme stilte spørsmål ved tidsperspektivet i ein planprosess. Utviklingsleiar svarte at ein reguleringsplanprosess kan vare i opp til 1 år avhengig av problemstillingar i planarbeidet. Det blei poengtert at ei områderegulering vil ta lenger tid enn detaljplanlegging pga større omfang og arbeidsmengd.

- Jon Rune Våge (anleggs- og driftsleiar) orienterte om infrastruktur med fokus på eksisterande veg- og avløpsnett, og poengtert at det er svært viktig at ein ikkje øydelegg for framtidig av infrastruktur på Moltustranda. Anleggs- og driftsleiar viste vidare til at terrenget er bratt fleire stader på Moltustranda, og at ein til tider har hatt problem med overfløvatn på markane som følgje av terrenghelling og jordsmonn. Det blei framheva behovet for ein større plan som kan løyse dei tekniske problemstillingane i høve eksisterande og framtidig infrastruktur. Anleggs- og driftsleiar orienterte litt om dagens og framtidige planar for infrastruktur på Moltu. Det blei nemnt litt om samling av avløp i felles slamavskiljar og ønske om å bygge ut kloakkplanane som ligg ferdig prosjektert. Det vart stilt fleire spørsmål angående kloakkanlegg og tilkopling. Anleggs- og driftsleiar poengterte av kommunen har oversikt over kven som ikkje er tilkoppa offentleg leidningsnett og at desse vil få eit pålegg om å knyte seg på det nye avløpsnettet. Det kom også fleire spørsmål om konkrete enkeltsaker. Anleggs- og driftsleiar poengterte vidare at det er viktig med ei større områderegulering for å få plass dei overordna rammene, dette med tanke på seinare detaljregulering og utbygging på Moltustranda.
- Utviklingsleiar stilte spørsmål til dei framme i salen. Kva område på Moltu bør kommunen regulere til nytt bustadfelt ?

- Det kom fleire innspel om at folket vil busei seg "opp i bygda" i området rundt og over "Kalvegjerdet", og at kommunen må vere med på å finansiere tomter. Fleire av dei frammente hadde konkrete spørsmål om utbygging.
- Utviklingsleiararen viste til at avtale om utbygging må fremjast som eiga politisk sak. Det blei nemnt at ein først og fremst må få plass ein reguleringsplan på Moltustranda. Det kom fleire innspel om vegløyving inn mot "Kalvegjerdet", der ein av dei frammente presenterte ei løyving som gjekk på skrå inn mot kalvegjerdet frå vest. Idar Tarberg poengterte at det var viktig å få plass ein reguleringsplan, og at ein bør halde på "Kalvegjerdet" som alternativ til nytt bustadfelt.
- Det kom eit innspel på at kommunen bør tenkje større og framtidsetta. Enkeltne hevda at det skisserte planområdet for det øvste feltet var for lite i omfang. Her meinte ein av dei frammente at planområdet burde utvidast mot aust / sør aust og at ein burde fokusere på tilkomsten til det øvste feltet (over "Kalvegjerdet"). Det blei illustrert ei tilkomstløyving frå eksisterande vegnett lengre ned i bygda, der vedkomande meinte at tilkomsten burde strekkje seg frå nord til sørvest. Kommunen blei bedt om å lage ein overordna plan (ei områderegulering) som viser hovudlinjene til eit framtidig vegsystem. Det kom fleire innspel på at kommunen burde fokusere på det øvste feltet (lengst sør). Sterke signal frå dei frammente på at "folket" ønskjer å busei seg i området rundt "Kalvegjerdet".
- Jon Rune Våge (anleggs- og driftsleiar) orienterte litt om utbyggingsskostnader og meinte at utbygging av det øvste feltet vil vere ei dyr løyving. Han stilt eit oppe spørsmål til dei frammente. Det blei spurt om kva aktuelle tomtekjøparar på Moltu er villige til å betale for ei tomt i feltet. Anleggs- og driftsleiararen meinte at ein evt burde sjå føre seg ei stegvis utbygging.
- Robert Myklebust (eigedomleiar) og Jon Rune Våge (anleggs- og driftsleiar) orienterte litt om grunnprisar i andre bygder.
- Jarl Martin Møller (utviklingsleiar) orienterte alternativ for områderegulering og detaljregulering på Moltustranda. Det blei nemnt at ønskjer å sjå på eksisterande vegløyving frå butikken og oppover mot eksisterande bustadfelt. Jarl og Jon Rune orienterte om ei tidlegare "tenkt" endring for delar av denne vegstrekninga. Spesieit fokus på svingen over butikken. Det blei nemnt at ein alternativ veg frå Steinar Moltu (vidare bak huset til Reidulf Moltu) kunne vere ei aktuell løyving.
- Innspel om eit fjerde alternativ til bustadfelt. Spørsmål om området mellom eksisterande byggefelt og Torgeir Hide kan vere eit alternativt bustadområde for framtida. Utviklingsleiararen poengterte at fleire mindre område på Moltu kan takast med som ledd i ein fortettingstrategi, og at dette bør avklarast gjennom områderegulering. Det er ikkje teke stilling til om det fjerde alternativet kan vere aktuelt å regulere.


- Utviklingsleiarer la fram prioriteringa for det vidare planarbeidet. Her blei det undersøkt om det var mogleg å utarbeide ein detaljplan for å løse utbyggingstomter, samtidig som ein vil gjennomføre ei områderegulering for å fastsette dei overordna rammene for vidare detaljplanlegging.

Kort oppsummert kan ein seie at det var bra oppslutning og engasjement rundt møte den 22.02.2011. Administrasjonen sit igjen med inntrykk av at eit slikt møte både var konstruktivt, nyttig og informativt for både Hørøy kommune og dei framøtte. Møte gav administrasjonen ei tilbakemelding på interessa og behovet for vidare planarbeid. Dei fleste innspel viser også at dei framøtte såg behovet for både områderegulering og detaljregulering på Moltustranda.

Referat av:

Aleksander Tarberg, 02.03.2011





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/519
		Arkiv:	L05

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
146/14	Formannskapet	16.09.2014

### BYUTVIKLINGSPROSJEKT FOSNAVÅG BY - OPEN ANBUDSKONKURRANSE

#### Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet (styringsgruppe for «Byutviklingsprosjekt- Fosnavåg by») ber administrasjonen om at konkurransegrunnlaget for open anbudskonkurranse for «Byutviklingsprosjekt Fosnavåg by» vert lagt ut på Doffin.

Vilkåret for å legge ut prosjektet på Doffin er at Møre og Romsdal fylkeskommune forhandsgodkjenner sitt økonomiske bidrag i prosjektet.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylke  
Herøy Næringsforum  
Økonomiavdelinga

## **Vedlegg:**

Konkurransesgrunnlag – open anbudskonkurranse  
Oppgaveprogram

## **Saksopplysningar:**

Formannskapet vedtok i møte den 14.05.2013 å starte opp «Byutviklingsprosjekt- Fosnavåg by» med fylgjande vedtak:

- Formannskapet skal vere styringsgruppe for «Byutviklingsprosjekt- Fosnavåg by».
- Det vert satt ned arbeidsgruppe for å følgje opp prosjektet med følgjande representantar: Ordførar, varaordførar, 2 medlemar frå Formannskapet, rådmann, representant frå næringslivet, representant frå fylkeskommunen og representant frå Utviklingsavdelinga. Valnemnda vel dei to representanane.
- Ein forutsetter at prosjektet vert finansiert med tilskot frå fylkeskommunen og RDA- midler.
- Valnemnda kjem med tilråding av to representantar frå Formannskapet

Arbeidsgruppa er sammensatt av desse medlemmane: Arnulf Goksøyr, Tor Sindre Steinsvik, Camilla S Hermansen, Olaug Andreassen, Erlend Krumsvik, Frank Lied, Arne-Dag Gjerde og Jarl Martin Møller.

Prosjektet har fått RDA tilskot på 600 000 kroner som forutsett.

Det har vore gjennomført 2 møter med styringsgruppa, eitt møte med arbeidsgruppa og ein studietur til no.

I samband med prosessen har Herøy kommune vorte invitert til å vere med som pilotprosjekt i Framtidens bygder og var i den forbindelse med på eit seminar på Granvolden på Hadeland. Målet med Framtidens bygder er å vise i praksis korleis ein kan planlegge og byggje på mindre stadar på ein slik måte at Norge går i ei retning mot klimanøytralt samfunn.

Konkurransesgrunnlaget er utarbeidd i samarbeid med innkjøpsansvarleg og skal sikre at konkurransen fyl dei krav som vert stilt til slike konkurransar. Oppgaveprogrammet er utarbeidd saman med Møre og Romsdal fylkeskommune og Framtidens bygder.

Kostnadar med prosjektet er stipulert til 1 700 000 kroner og er finansiert slik:

RDA tilskot	600 000 kroner
Møre og Romsdal fylkeskommune	850 000 kroner
Herøy kommune	250 000 kroner

Herøy kommune sin andel vert finansiert over konto 12700/5011/302 (Konsulenttenester) og det ligg føre muntleg førehandsgodkjenning frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Vurdering og konklusjon:

Ein er no klar til å starte opp byutviklingsprosjektet som skal danne grunnlaget for å utviklinga av Fosnavåg framover.

Ein ynskjer at Fosnavåg vert kjent for å vere ein spydspiss i «bærekraftig byutvikling», lik det ein er i maritim sektor. Dette vil kunne gjere staden meir attraktiv for busetjing og gjere framtidig rekruttering av kompetanse lettare, ein kompetanse som både kommune og bedrifter treng.

Den maritime innovasjonskrafta er sterk og bidreg til auka identitet, styrkjer felleskjensla og manar aktivt til å skape noko nytt. Gjennom bevisste val skal parallelloppdraget bidra til å styrkje den innovative krafta som er i samfunnet og gjere Fosnavåg til ein attraktiv plass for bustad- og næringsetablering.

Konkurransen vert kjørt som parallelloppdrag der 3 firma (grupperingar) vert valgt ut etter ei prekvalifisering.

Parallele oppdrag er valt for å få ein meir open prosess med brei fagleg diskusjon.

Prosessene er valgt fordi:

- grupper skal dele røynsle undervegs
- prosessen mot ferdige forslag kan påverkast
- kompetanseheving gjennom dialog skal prioriterast
- ein skal få eit best mogleg grunnlag for utarbeiding av ein reguleringsplan

Ingen vinner vert kåra og dei ulike forslaga kan alle bidra til utforming av ein områdeplan. Evalueringskomiteen vil i sin rapport ikkje foreta noko rangering eller gi noko tilråding om oppdragstildeling. I etterkant av oppdraget er det sannsynleg at kommunen engasjerer enkelte deltakarar i eit vidare arbeid mot eit ferdig produkt. Dette kan vere arbeid som omfattar både heilskaplege løysingar på områdenivå og oppdrag med utgangspunkt i gode løysingar av enkelttema eller –område. Kven som vert valt og korleis dette skal gjennomførast vert opp til kommunen å avgjere i ettertid.

Føremålet med parallelloppdraget er å få fram gode, realistiske og visualiserte idear og løysingar for ei attraktiv og bærekraftig byutvikling i Fosnavåg. I oppdraget vert det og etterspurt ei skildring av kva for prosessar som kan bidra til å sikre utviklinga av Fosnavåg slik gruppene ser det for seg.

Forslaga skal leggjast fram på ein slik måte at idear kjem klart fram og eignar seg som grunnlag for medverknad og offentleg debatt. Det er samstundes eit mål at prosessen rundt parallelloppdraget skal bidra til kompetanseheving hjå alle involverte partar, både kommunen sine tilsette, dei ulike deltakande gruppene, grunneigarar og næringslivet i og rundt Fosnavåg.

Forslaga skal danne grunnlag for seinare utarbeiding av ein område/detaljreguleringsplan som omfattar både delar av eksisterande sentrum og

det nye byutviklingsområdet. Arbeidet med reguleringsplan(ar) tek til etter at parallelloppdraget er ferdigstilt.

Grupper skal delta på eit første seminar i Fosnavåg , eit dagars seminar midtvegs og eitt avsluttande seminar .

Det vert lagt opp til ope møte før det første seminaret i Fosnavåg. Formålet med møtet er at ein kan kome med innspel før prosessen tek til samstundes som ein kan kome med informasjon om korleis konkurransen vert gjennomført framover med milepælar.

Ein vil nytte kommunen si heimeside, facebook, pressemeldingar og artiklar i lokalavis for å informere om prosjektet løpande.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:


Fosnavåg, 04.09.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

# KONKURRANSEGRUNNLAG

OPEN ANBODSKONKURRANSE

## Byutviklingsprosjekt for Fosnavåg parallelloppdrag

Tilbudsfrist:

XXXXXX kl 14:00

# 1 OPPDRAGET

## 1.1 OPPDRAGSGJEVAR

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga, heretter kalla oppdragsgjevar, inviterer til **open plan og design konkurranse** på Byutviklingsprosjekt for Fosnavåg.

## 1.2 FØREMÅL MED ANSKAFFINGA

Herøykommune har gjennom stadanalysen frå 2008 vurdert ulike framtidsbilete knytt til ambisjonar og utviklingsvilje for å skape ein samordna by. Analysen såg nærare på utviklingspotensiale og område for å styrkje funksjonar, særpreg og identitet. Gjennom revidering av kommuneplanen sin arealdel ønskjer ein no å sjå fleire store utbyggingsprosjekt i Fosnavåg sentrum og nærområdet til Fosnavåg i samanheng og skape synergieffektar mellom dei ulike prosjekta.

Den maritime innovasjonskrafta i Fosnavåg er sterk og bidreg til auka identitet, styrkjer felleskjensla og manar aktivt til å skape noko nytt. Gjennom bevisste val skal parallelloppdraget bidra til å styrkje den innovative krafta som er i samfunnet og gjere Fosnavåg til ein attraktiv plass for bustad- og næringsetablering. Vidareutvikling av kvadraturen med heilskapleg sjøfront og understreking av staden sitt kjennemerke vil stå sentralt.

Føremålet med parallelloppdraget er å få fram gode , realistiske og visualiserte idear og løysingar for ei attraktiv og bærekraftig byutvikling i Fosnavåg. I oppdraget blir det og etterspurt ei skildring av kva for prosessar som kan bidra til å sikre utviklinga av Fosnavåg.

Byutviklingsprosjektet i Fosnavåg er eit pilotprosjekt i den nasjonale satsinga Framtidens bygder i regi av Norske arkitekters landsforbund i samarbeid med TreFokus og miljøstiftinga Zero.

## 1.3 KONTRAKTSREGLAR

Statens standard avtale om konsulenttenester ( SSA-O) vil ligge til grunn for innkjøpet. Dette dokumentet (dvs. konkurransegrunnlaget og kravspesifikasjonen) skal vere ein del av kontrakta.

## 1.4 KUNNGJERING

Konkurransen er kunngjort i DOFFIN den **XXXX**

## 1.5 TIDSPLAN

Vi tek sikte på følgjande framdriftsplan for anskaffelsen:

Kunngjering:	<b>21.5.2014</b>
Innleveringsfrist:	???????
Juryen si innstilling:	???????

## 1.6 TILLEGGSOPPLYSNINGER – OPPDRAGSGIVERS KONTAKTPERSON

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, kan han be om tilleggsoppllysningar på e-post til : "jarl.martin.moller@heroy.kommune.no"

Alle spørsmål / tilleggsoppllysningar skal vere merka: " **Byutviklingsprosjekt for Fosnavåg** ".

Dersom det kjem ein førespurnad om tilleggsinformasjon i samband med konkurransegrunnlaget, og dette er framsett i tilstrekkeleg tid før tilbudsfristen, skal oppdragsgjevar sitt svar sendast til alle som har motteke konkurransegrunnlaget, seinast 6 dagar før tilbudsfristen.

## 1.7 RETTINGAR, TILLEGG ELLER ENDRING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET

Oppdragsgjevaren har rett til å gjere rettingar, tillegg og endringar av konkurransegrunnlaget, som ikkje er av vesentleg karakter, heilt fram til fristen for levering av tilbod går ut.

Rettingar, tillegg eller endringar skal omgåande sendast til alle som har motteke konkurransegrunnlaget. Opplysningane som oppdragsgjevaren gjev på førespurnad frå ein leverandør, skal også gjevast omgåande til alle dei andre leverandørane.

Dersom rettingane, tillegg eller endringane, som er nemnde i første ledd kjem så seint at det er vanskeleg for leverandøren å ta omsyn til det i tilbodet, skal det fastsetjast ei forlenging av tilbodsfristen. Alle leverandørar skal varslast om forlenginga.

## 2 VANLEGE REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

### 2.1 REGLAR FOR KONKURRANSEN

Kjøpet er omfatta av [Lov om offentlege innkjøp av 16. juli 1999 nr 69](#) og forskrift om offentlege innkjøp av 7.april 2006. For denne konkurransen gjeld del IV kap 23 Plan og design konkurranse, i tillegg gjeld relevante reglar i FOA del I og II.

Dei 3 gruppene/leverandørane som blir vurdert til å ha levert det mest fordelaktige tilbodet, ut i frå tildelings kriteria vert kåra til vinnarar. Dei blir invitert til å delta i parallelloppdraget og blir honorert i samsvar med utlyste premiar og godtgjersler som omtala i oppgåveprogrammet.

### 2.2 INNKJØSPROSEDYRE

Dette innkjøpet følgjer prosedyren "open plan og design konkurranse". Det er ein innkjøpsprosedyre som opnar for at alle kvalifiserte interesserte leverandørar kan gje tilbod, det vil ikkje bli gjennomført forhandlingar.

### 2.3 OFFENTLEG INNSYNSRETT

For ålmenta sitt innsyn i tilbod og innkjøpsprotokoll gjeld lov om offentlegheit i forvaltninga. Etter denne lova, § 23, tredje ledd, skal tilbod vere offentleg tilgjengelege dokument frå og med det tidspunkt kommunen vel leverandør.

Tilbodet skal leverast i eit papir eksemplar og i to elektroniske utgåve. Dei eine av det elektroniske tilboda skal ha opplysningar som de meiner **ikkje** skal offentliggjerrast, sladda.

Sjå vedlegg, skjema for eigen erklæring innsyn i dokument.

## 3 KRAV TIL LEVERANDØREN

### 3.1. GENERELT OM KVALIFIKASJONSKRAV

Føremålet med å stille krav til leverandørane sine kvalifikasjonar er å sikre at leverandøren er i stand til å oppfylle ei kontrakt. Tilbydar kan bli avvist dersom dokumentasjon og referansar viser at dette ikkje er sannsynleg. Dersom leverandøren er klar over at opplysningane etter kvalifikasjonskrava kan gi uvisse om leverandøren si evne til å oppfylle ei kontrakt, bør relevant tilleggsinformasjon leggjast ved tilbodet. Alle krav må vere oppfylt for at leverandør skal bli kvalifisert.

**Dersom kvalifikasjonskrava ikkje er oppfylt vil tilbodet bli avvist.** (jf. Forskrift om offentlige anskaffelser § 11-10.)

### 3.2 OBLIGATORISKE OG UFRÅVIKELEGE KRAV

Dokumentasjon - prov på at stilte krav er oppfylt
<ul style="list-style-type: none"><li>• Skatteattest</li><li>• Momsattest</li></ul>

Norske leverandører skal legge fram skatteattest for meirverdiavgift frå skattefuten (fylkes-skattekontoret) og skatteattest, utferda av kemner/kommunekasserer (Skjema RF-1244) i kommunen der leverandøren har hovudkontor. Attestane skal ligge føre innan utløpet av tilbudsfristen. Dei skal ikkje være eldre enn 6 månader, rekna frå utløpet av tilbudsfristen.

### 3.3 LEVERANDØREN SI ORGANISATORISKE OG JURIDISKE STILLING

Oppdragsgjevaren sine kvalifikasjonskrav:	Dokumentasjon – prov på at stilte krav er oppfylt
Det vert kravd at leverandøren har eit lovleg etablert føretak	Norske føretak: firmaattest frå Brønnøysund

### 3.4 LEVERANDØREN SIN ØKONOMISKE OG FINANSIELLE KAPASITET

Oppdragsgjevaren sine kvalifikasjonskrav:	Dokumentasjon - prov på at stilte krav er oppfylt
Det vert kravd god soliditet	Føretaket sitt siste årsrekneskap, med notar, samt nyare opplysningar som har relevans til foretaket sine rekneskaptal. skal leggast fram.

### 3.5 LEVERANDØREN SINE TEKNISKE OG FAGLEGE KVALIFIKASJONAR

Oppdragsgjevaren sine kvalifikasjonskrav:	Dokumentasjon - prov på at stilte krav er oppfylt
Det vert kravd erfaring frå tilsvarande oppdrag	Føretaket sine 5 viktigaste leveransar dei siste 3 åra, inkludert verdi, tidspunkt, mottakar og kontaktperson.

### 3.6 BRUK AV UNDERLEVERANDØRAR

Dersom tilbydar inkluderer leveransar frå andre leverandører, skal tilbydar stå ansvarleg for desse når det gjeld oppfylting av kontrakten. Kva underleverandører som skal nyttast skal opplysast i tilbodet. For underleverandører gjeld same krav til kvalifikasjonar som for hovedleverandør.

## 4 KRAV TIL TILBODET

### 4.1 UTFORMING AV TILBODET OG LEVERING

Tilbudet skal vere skriftleg, og skal innehalde eit dagsett tilbodsbrief, underteikna og stempla med verksemda sitt namn.

- Tilbudet skal vere merka: ” **Byutviklingsprosjekt for Fosnavåg** ”
- Tilbudet skal leverast i lukka sending
- Tilbudet skal vere på norsk
- Tilbudet skal innehalde ei skildring av oppgåveforståelse og ei skildring korleis oppgåva skal løysast.
- Tilbudet kan leverast direkte til leveringsadressa, eller sendast med post
- Tilbudet skal leverast i 1 papir eksemplar og 2 elektroniske på minnepenn eller liknande. Av dei to elektroniske skal det eine vere ei sladda utgåve der leverandøren har sladda alt som dei meiner er å sjå på som forretningsløyndomar, den andre skal vere ein elektronisk redigerbar kopi av det komplette tilbudet.

### 4.2 TILBODSFRIST

Siste frist for innlevering av tilbod er **XXXXXXXX kl.14.00**

Tilbudet skal være oppdragsgjeveren i hende på innleveringsstaden før utløpet av tilbodsfristen. Tilbud som kjem inn etter dette tidspunktet, vert automatisk avvist, dette gjeld sjølv om det skuldast tredjepart (posten, bodfirma etc).

### 4.3 OPPRETTHALDING AV TILBODET.

Leverandøren er bunden av tilbudet i 6 månader.

### 4.4 INNLEVERINGSSTAD

Vi ber om at tilbudet vert sendt/levert til:

Herøy kommune  
v/ Jarl Martin Møller  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

**Merk tilbudet med : «Byutviklingsprosjekt for Fosnavåg»**

### 4.5 ENDRING OG ATTENDEKALLING AV TILBOD

Eit tilbod kan kallast attende eller verte endra fram til utløpet av tilbodsfristen. Attendekalling skal vere skriftleg. Endring av tilbudet er å sjå på som eit nytt tilbod, og skal utformast i samsvar med punkt 4.1.

### 4.6 KOMPLETT TILBOD SKAL INNEHALDE :

- Tilbodsbrief med generelle opplysningar om tilbydar.
- Dokumentasjonskrav på kvalifikasjonar :
  - a) Skatteattest og momsattest
  - b) Firmaattest
  - c) HMS - erklæring
  - d) Eigenerklæring innsyn
  - e) Oversikt over referanseoppdrag
- Skildring av oppgåveforståelse og skildring av korleis oppgåva skal løysast.
- Anna dokumentasjon

## 5 OPPDRAGSGJEVAREN SI HANDSAMING AV TILBODA

### 5.1 REGISTRERING AV TILBOD

Mottakar fører på dato for mottak av tilboda, etter kvart som dei kjem inn. På førespurnad skal oppdragsgjeveren gje skriftleg stadfesting på at tilbodet er motteke.

### 5.2 TILBODSOPNING

Tilbodsopninga finn stad på Herøy rådhus så snart som mogleg etter fristen.

Opninga skal verte utført av minst to representantar for oppdragsgjeveren. Det skal skrivast protokoll frå opninga av tilboda. Leverandøren har ikkje rett til å være til stade ved opninga

### 5.3 AVVISING AV LEVERANDØRAR

Oppdragsgjeveren har plikt til å avvise leverandørar som ikkje har sendt inn tilbodet innan fastsette fristar, samt leverandørar som ikkje oppfyller dei fastsette og kunngjorde kvalifikasjonskrava.

Oppdragsgjeveren kan avvise leverandørar som ikkje har sendt inn anna etterspurt dokumentasjon.

### 5.4 AVVISING AV TILBOD

Oppdragsgjeveren pliktar å avvise tilbodet når det:

- ikkje er levert innan fastsette fristar
- på grunn av atterhald eller feil, uklare eller ufullstendige tilbod, eller liknande som kan skape tvil om korleis tilbodet skal vurderast i høve dei andre tilboda.

Oppdragsgjeveren kan avvise tilbodet når det:

- ikkje inneheld alle dei opplysningar, oppgåver, prøver mm. som er kravd
- ikkje er underteikna

### 5.5 AVVISTE OG FORKASTA TILBOD

Avviste og forkasta tilbod vert ikkje returnert.

## AVGJERDA AV KONKURRANSEN

### 6.1 AVLYSING AV KONKURRANSEN OG TOTAL FORKASTING

Oppdragsgjeveren tek atterhald om at konkurransen kan verte avlyst dersom det ligg føre sakleg grunn.

### 6.2 KRITERIA FOR TILDELING

Kriteria er stilt opp i prioritert rekkefølge. Kvart kriterie vil verte vekta etter ein målestokk frå 1 til 10 poeng der 8 poeng vil bli gitt for oppfylt minstekrav.

Tildelinga vert gjort på grunnlag av kva tilbod som økonomisk sett er det mest fordelaktige, basert på følgjande kriterie og vektlegging :

- 40 % Forståing av oppdraget med beskriving av korleis oppdraget er tenkt løyst
- 30% Gruppa/firmaet si kompetanse i den presenterte prosjekt gruppa
- 30 % Erfaringar frå referansar

Nærare beskriving av tildelingskriteria

### **Forståing av oppdraget med beskriving av korleis oppdraget er tenkt løyst:**

Evaluering vil basere seg på det presenterte ide forslaget/analyse av tilnærminga til oppgåveprogrammet, som er innlevert og det vil bli sett på korleis tilbydar har tenkt å løyse det som er skissert som hovudtema i oppgåva:

- Arealbruk og transport
- Klimavenleg bygging
- Energi og bymiljø
- Arkitektur og attraktivitet

**Ide forslaget/analysen er avgrensa til å være maksimalt 10 A4 sider.**

### **Gruppa/firmaet si kompetanse i den presenterte prosjekt gruppa:**

Presentasjon av teamet som skal løyse oppgåva skal innehalde oversikt over kapasitet, kompetanse for ansvarlege nøkkelpersonar, dokumentasjon på sentral godkjenning og dokumentasjon på gjennomførte relevante prosjekt desse personane har jobba med, det skal setjast opp referansepersonar med namn og telefon nummer hjå oppdragsgivar.

I presentasjonane skal det også inngå ei utgreiing for tidlegare samarbeid og organiseringa av desse samarbeida. Det vil telje positivt om ein tidlegare har erfaring med parallelloppdrag.

### **Erfaringar frå referansar**

Det er viktig for oss som oppdragsgivar å kvalitetssikre val av leverandør gjennom evaluering av samarbeidsevnene, kommunikasjonskvalitet og leveringsevne til leverandøren.

Vi vil kontakte referansane som er oppgitt og stille dei spørsmål som relaterer seg til dette.

### **Vektinga av tildelingskriteria skal skje på følgjande vis:**

I vurderinga blir tilboda gitt poeng frå 1 til 10 for kvart av kriteria, det vil bli gitt 8 poeng for oppfylt minstekrav. Det tilbodet med den høgaste samanlagde, vekta poengsummen, vert vurdert som det mest fordelaktige tilbodet.

**NB! Det er leverandøren sin rett og plikt å sjå til at det vert sendt med relevant dokumentasjon som gjer oppdragsgjevar i stand til å vurdere tilbodet i forhold til dei oppgjevne tildelingskriteria.**

All informasjon som er nødvendig for å vurdere kjøpet skal gå fram av tilbodet.

Det skal ikkje være nødvendig å lese vedlagt brosjyremateriell for å finne nødvendig informasjon for kjøpet.

Eventuelle avvik frå kravsspesifikasjonen må også gå klart fram av tilbods brevet.

## **6.3 INNSTILLING PÅ TILDELING AV OPPDRAGET**

Det vil bli inngått kontrakt med 3 tilbydarar, dei skal saman gjennom føre parallelloppdraget slik det er forklart i oppgåveprogrammet.

Vi ber tilbydarane merke seg fyljande moment i oppgåve programmet: «I etterkant er det sannsynleg at kommunen engasjerer enkelte deltakarar i eit arbeid mot eit ferdig produkt. Dette kan være arbeid som omfattar både heilskaplege løysingar på områdenivå og oppdrag med utgangspunkt i gode løysingar av enkelt tema eller - område.»

Juryen si avgjerd om kven som får tildelt kontrakt, skal vere skriftleg, og sendast alle deltakarane samstundes i rimeleg tid før kontrakt vert inngått.

Med "kontrakt vert inngått" meiner ein tidspunktet då begge partar underteiknar kontrakten. Meldinga skal innehalde ei grunngeving for valet og gje ein frist for eventuell innlevering av klage over vedtaket.

# OPPGÅVEPROGRAM

## BYUTVIKLINGSPROSJEKT FOR FOSNAVÅG PARALLELLOPPDRAG





## Innhold

Invitasjon .....	4
Bakgrunn .....	5
Vår visjon .....	5
Fosnavåg i støypeskeia .....	5
Målsetjingar for Fosnavåg by .....	6
Overordna mål.....	6
Parallelloppdraget skal bidra til.....	6
Framtidens bygder .....	7
Om parallelloppdraget .....	7
Resultat.....	7
Gjennomføring .....	8
Oppgåva.....	8
Generelt.....	8
Prosess for å utvikle Fosnavåg.....	8
Hovudtema i oppgåva: .....	9
Arealbruk og transport.....	9
Klimavenleg bygging.....	10
Energisystem .....	10
Materialbruk i bygningar .....	10
Klimatilpassing.....	11
Arkitektur og attraktivitet. ....	11
Attraktivitet .....	11
Arkitektur og funksjon.....	12
Praktiske opplysningar .....	12
Aktivitetsplan.....	12
Oppstartseminar: .....	12
Arbeidsperiode 1: .....	12
Midtvegsseminar/verkstad : .....	12
Arbeidsperiode 2: .....	12
Avsluttande seminar dato: .....	13
Midtvegs innlevering.....	13
Avsluttande innlevering .....	13
Illustrasjonar:.....	13

Illustrasjoner for området på overordna nivå .....	13
Planar og snitt for karakteristisk(e)delområde .....	13
Prinsipp for gang- og sykkelvegnett .....	13
Illustrasjoner og eksteriørperspektiv.....	13
Berekingar for å dokumentere forventa utnytting av området:.....	13
Anna: .....	14
Innleveringsform .....	14
Organisering .....	14
Evaluering.....	15
Honorar .....	15
Forsikring.....	15
Eigedoms- og opphavsrett.....	15
Utstilling av utkast.....	15
Forhold etter paralleloppdraget.....	15
Kontaktpersoner:.....	15
Vedlegg.....	16

## Invitasjon

Særpreg, identitet og ynskje om vekst og utvikling av kystbyen Fosnavåg står sentralt når ein inviterer til parallelloppdrag.

Gjennom bærekraftige prinsipp og innovative løysingar skal ein legge grunnlaget for at Fosnavåg tek nye steg framover der attraktivitet og bærekraft står sentralt.

Frå eit einsleg og einssidig fiskevær med nokre få bustadhus kring 1900, har staden vakse seg fram, utvikla seg og skifta form i fleire epokar.

Dei naturgitte forutsetningane med avgrensande fjellformasjonar, hamna og øvrig avgrensing mot sjøen har heile tida gitt klare rammer for utviklinga av Fosnavåg sentrum. I nyare tid har dette resultert i aukande knappheit på areal, men samstundes har denne utfordringa gitt føringar for ein arealeffektiv bruk av sentrumsområda.

Utviklingsalternativa har vore meir intensiv utnytting av tilgjengelege areal eller innvinning av nytt areal ved utfylling i sjøen. Dette er også bakteppet for dagens situasjon når ein no skal legge grunnlaget for vidare vekst og utvikling av kommunesenteret.

Gjennom visjonen «Herøy- ei båtlengd føre» skal ein styrkje felleskjensla, skape engasjement, sikre medverknad og drive utviklinga framover.

Velkommen til vakre Fosnavåg og lukke til med parallelloppdraget.

Fosnavåg, september 2014

Arnulf Goksøy

Ordførar

## Bakgrunn

### Vår visjon

"Herøy – ei båtlengd føre"

Herøy kommune sin visjon tek utgangspunkt i båten. Båten er motivet i kommunevåpenet og det er sagt at konkurransen mellom reiarane i kommunen er det som har drive utviklinga framover. Det å vere "ei båtlengd føre", har gjort at næringslivet på enkelte område er leiande på den internasjonale marknaden. Visjonen er ikkje retta mot næringslivet, men er ein visjon for organisasjonen og kommunen som heilskap og som gjenomsyrer Herøyværingen på alle samfunnsområde.

Visjonen til Herøy kommune skal vere offensiv og har forankring i det marine og maritime, den knyt saman historie og framtid, den skal skape identitet, styrke felleskjensla og mane til å skape noko nytt. Kommunen skal gjere bevisste val på kvar vi skal vere i forkant og kvar andre kan drage utviklinga vidare.

### Fosnavåg i støypeskeia

Fosnavåg er det økonomiske og administrative sentrum i kommunen. Her er rådhus, bygater og hamn der både fiskebåtar og turistar legg til. Det skålforma landskapet med vågen i botnen og dei bratte fjellssidene har vore med på å strukturere busetting og utvikling. Desse stramme rammene vil også prege den vidare utviklinga, men ein vil gje plass til utviding av sentrum både ved å fylle ut i vågen og å utvikle eksisterande område.

For å gje retning til utviklinga har Herøy kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune starta eit prosjekt med fokus på bærekraftig utvikling og byplanlegging.

Ein ynskjer at staden vert kjent for å vere ein spydspiss i «bærekraftig byutvikling», lik det ein er i maritim sektor. Dette vil kunne gjere staden meir attraktiv for busetjing og gjere framtidig rekruttering av kompetanse lettare, ein kompetanse som både kommune og bedrifter treng.

Kommunen har gjennom stadanalysen frå 2008 vurdert ulike framtidsbilete knytt til ambisjonar og utviklingsvilje for å skape ein samordna by.

Analysen såg nærare på utviklingspotensiale og område for å styrke funksjonar, særpreg og identitet. Gjennom revidering av kommuneplanen sin arealdel ønskjer ein no å sjå fleire store utbyggingsprosjekt i Fosnavåg sentrum og nærområdet til Fosnavåg i samheng og skape synergieffekt mellom dei ulike prosjekta. Mellom anna skal ein finne ny bruk for eit nedlagt fiskebruk som ligg nær sentrum.

## Målsetjingar for Fosnavåg by


### Overordna mål

Fosnavåg by skal:

- vere ein attraktiv og bærekraftig stad med urbane kvalitetar
- vere ein blågrønn stad med maritimt preg som tek vare på bymiljø
- ha bærekraftige og innovative løysingar mot transport, val av materiale og energibruk
- ha sosiale møteplasser, bumiljø og arkitektoniske kvalitetar av høg klasse
- ha ein kvardag utan bil ved korte reiser
- ha eit folkerikt sentrum tilrettelagt for alle
- utvikle kvalitetane med nærleik til sjø
- ta omsyn til lokale klimatiske tilhøve

### Parallelloppdraget skal bidra til

Den maritime innovasjonskrafta er sterk og bidreg til auka identitet, styrkjer felleskjensla og manar aktivt til å skape noko nytt. Gjennom bevisste val skal parallelloppdraget bidra til å styrkje den innovative krafta som er i samfunnet og gjere Fosnavåg til ein attraktiv plass for bustad- og næringsetablering.



Kart som viser influensområde, 500 meters byen (blå figur).

Vidareutvikling av kvadraturen med heilskapleg sjøfront og understreking av staden sitt kjennemerke står sentralt. Vidare vil følgjande element stå sentralt i oppgåva:

- sambinding mellom ny og gamal bydel
- estetikk
- byrom
- parkering
- ramme for framtidig utbygging
- folks medverknad og samarbeid om ulike sentrumstiltak mellom ulike nivå
- Arkitektur som synleg element skal vise kommunen som spydspiss

## Framtidens bygder

Byutviklingsprosjektet i Fosnavåg er eit pilotprosjekt i den nasjonale satsinga Framtidens bygder i regi av Norske arkitekters landsforbund i samarbeid med TreFokus og miljøstiftelsen ZERO.

Programperioden for Framtidens bygder varer ut 2015. Formålet er å vise i praksis korleis ein planlegg og byggjer på mindre stadar og som fører Norge i retning av eit klimanøytralt samfunn. I Framtidens bygder er det fokus på fire hovudtema; areal og transport, klimavenleg bygging, energi og bymiljø, arkitektur og attraktivitet. Desse hovudtema vil også gjelde for parallelloppdraget i Fosnavåg.

## Om parallelloppdraget

Parallell oppdrag er valt for å få ein meir open prosess med brei fagleg diskusjon. Prosessen er valt fordi:

- grupper skal dele røynsle undervegs
- prosessen mot ferdige forslag kan påverkast
- kompetanseheving gjennom dialog skal prioriterast
- ein skal få eit best mogleg grunnlag for utarbeiding av ein reguleringsplan

Ingen vinner vert kåra og dei ulike forslaga kan alle bidra til utforming av ein områdeplan. Evalueringskomiteen vil i sin rapport ikkje foreta noko rangering eller gi noko tilråding om oppdragstildeling. I etterkant av oppdraget er det sannsynleg at kommunen engasjerer enkelte deltakarar i eit vidare arbeid mot eit ferdig produkt. Dette kan vere arbeid som omfattar både heilskaplege løysingar på områdenivå og oppdrag med utgangspunkt i gode løysingar av enkelttema eller –område. Kven som vert valt og korleis dette skal gjennomførast vert opp til kommunen å avgjere i ettertid.

## Resultat

Føremålet med parallelloppdraget er å få fram gode, realistiske og visualiserte idear og løysingar for ei attraktiv og bærekraftig byutvikling i Fosnavåg. I oppdraget vert det og etterspurt ei skildring av kva for prosessar som kan bidra til å sikre utviklinga av Fosnavåg slik gruppene ser det for seg.

Forslaga skal leggjast fram på ein slik måte at idear kjem klart fram og eignar seg som grunnlag for medverknad og offentleg debatt. Det er samstundes eit mål at prosessen rundt parallelloppdraget

skal bidra til kompetanseheving hjå alle involverte partar, både kommunen sine tilsette, dei ulike deltakande gruppene, grunneigarar og næringslivet i og rundt Fosnavåg.

Forslaga skal danne grunnlag for seinare utarbeiding av ein område/detaljreguleringsplan som omfattar både delar av eksisterande sentrum og det nye byutviklingsområdet. Arbeidet med reguleringsplan(ar) tek til etter at parallelloppdraget er ferdigstilt.

## Gjennomføring

Arkitektgruppene skal delta på eit første seminar i Fosnavåg, eit todagars seminar midtvegs og eitt avsluttande seminar. Endelege datoar vert å kome attende til.

Evaluering av forslag er forventa gjennomført 4 veker etter det siste avsluttande seminaret og konklusjonane frå evalueringa vert publiserte.

På midtvegsverkstaden skal gruppene leggje fram arbeidet dei har gjort. Dei skal ta imot kommentarar og råd frå fagfolk innan relevante tema, frå kommunen sitt eige fagmiljø, grunneigarar, næringsliv og andre partar. Verkstaden skal leiast av ein eigen prosessleiar som legg opp til diskusjon mellom gruppene og andre deltakarar. Tilbakemeldingar som gruppene får på midtvegsverkstaden skal dei ta med seg i det vidare arbeidet. I samband med endeleg innlevering skal det haldast eit avsluttande seminar der gruppene presenterer sine løysingar. Løysingane vil verte diskutert og kommentert.

## Oppgåva

### Generelt

Gjennom parallelloppdraget ynskjer kommunen å få ulike forslag til korleis sentrum av Fosnavåg skal utviklast framover slik at Fosnavåg viser seg som attraktiv og tenleg for framtida.

Hovudfokus vert å synleggjere moglegheitene som dette prosjektet kan gi for Fosnavåg på kort og lang sikt. Vi ønskjer og idear som viser utviklingspotensialet til sjøfronten og sambindingar mellom ny og gamal bydel. Nye Fosnavåg skal vise seg som ei heilskapleg eining med attraktive utbyggingsområde med bærekraftige prinsipp og som følgjer opp dei gjennomgåande perspektiva i kommuneplanen sin samfunnsdel jfr. vedlegg.

Idear skal ha ein klar handel- og næringsdrivande effekt.

Sambindinga mellom Vågsholmen og Fosnavåg sentrum med omsyn til korleis gang- og sykkelvegnettet over sundet skal koplast saman vil vere viktig å synleggjere og verknadane av ei slik sambinding.

### Prosess for å utvikle Fosnavåg

Ønskje om å skape ein bærekraftig, innovativ og urban by handlar ikkje berre om å endre staden si utforming, det handlar og om å endre folks haldningar og vanar. Gode prosessar og strategiar som sikrar folk medverknad til å delta må vere ein viktig del i arbeidet med å forme Fosnavåg for

framtida. Sikre eigarskap, stoltheit og lokal forankring er viktig. I arbeidet med å transformere ein stad kan midlertidige aktivitetar i sentrum vere ein måte å prøve ut nye bruksområde, samtidig som ein skapar aktivitet og merksemd rundt prosessen.

Punkta nedanfor er ikkje utfyllande .

Forslaga for gjennomføring av ideane i konkurransen skal m.a. gi innspel om:

- korleis medverknad skal sikrast i utviklingsprosessen og korleis engasjement kan skapast og oppretthaldast etter at parallelloppdragets slutt .
- korleis innbyggjarar kan motiverast til å bidra til ein bærekraftig bruk av bygningar og ressursar.
- korleis næringslivet kan bidra til utvikling av byen (offentleg - privat samarbeid)
- korleis midlertidig bruk av sentrum og andre areal kan inngå som ein bevisst strategi i byutviklinga.
- Korleis ein kan oppnå ei stegvis utvikling med prioriterte tiltak undervegs i prosessen.

### Hovudtema i oppgåva:

- Arealbruk og transport
- Klimavenleg bygging
- Energisystem
- Arkitektur og attraktivitet

### Arealbruk og transport

Omfattar tema knytt til arealbruk, transport, mobilitet, uteareal.

Ein forventar at Fosnavåg vil verte forsterka som eitt kommunikasjonsentrum i åra som kjem. Gjennom handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel har ein prioritert 3 tiltak som oppgåva må ta omsyn til. Dette gjeld hurtigbåtkai, djupvasskai og framtidretta kryssing av Vaulane. Fosnavåg skal utviklast med bærekraftige og innovative løysingar innan transport. Forslaga skal vise løysingar for både gang- og sykkeltransport, kollektivtransport samt tiltak som reduserer behovet for bil og parkering. Ei målsetjing er at gange og sykkel skal nyttast på dei korte turane, mindre enn 2km.

Punkta nedanfor er ikkje utfyllande .

Forslaga skal m.a. gi innspel om:

- plassering, bruk og utforming av offentlege møteplassar .
- legge til rette for moglegheit i livstilendring der bærekraft perspektivet er ivaretatt
- samspel mellom offentlege plassar, privat og offentleg tenesteyting, kollektivtransport, kvadratur og sjøfront .
- korleis ein legg til rette for korte gangavstandar mellom offentlege uteareal, bysentrum, lokale servicetilbod, arbeidsplassar og sjøfront.
- sambinding mellom sentrum og Vågsholmen og betra gateutforming/ -struktur der dei mjuke trafikantane er prioriterte.
- alternative løysingar for parkering, bilbruk og miljøvenlege transportmiddel i sentrum.



- prinsipp for interne gang- og sykkelvegnett i oppgåveområdet som er lett tilgjengelege, effektive, trygge og attraktive i all slags vêr året gjennom herunder sykkelparkering .
- tiltak som legg til rette for at Fosnavåg kan etablere gode og attraktive kaiareal retta mot passasjertrafikk i ytre del av hamna.
- tiltak som legg til rette for attraktive og solrike bryggeareal retta mot småbåtturisme

### Klimavenleg bygging

Bærekraftige materiale som er haldbare og er kortreiste løftar staden sine kvalitetar og attraktivitet samtidig som det tener det lokale næringslivet.

Dei enkelte bygningane si utforming i forhold til integrert energidesign, kvalitet på uteareal og miljøvenlege materiale skal bidra til eit bærekraftig bymiljø. Punkta nedanfor er ikkje utfyllande .

Forslaga skal m.a. gi innspel om:

- bustadtypologiar som bidreg til redusert arealbruk per person.
- planar for busetnad og organisering av nye volum som gjennom utforming og plassering er optimalisert med tanke på energiløysningar.
- nye bygningar i område med minimum passivhusstandard eller andre løysingar som gir minimale klimagassutslepp.
- moglege bærekraftige strategiar og løysingar for materialbruk.
- konsept for energirehabilitering og -effektivisering av dagens bygningsmasse.

### Energisystem

Fosnavåg skal utviklast med bærekraftige og innovative løysingar innan energiforbruk og energiforsyning. Det er ønskeleg med forslag som viser strategiar for auka bruk av fornybar energi, innovative energiløysingar og gir rom for utnytting av lokale ressursar og naturgjevne føresetnadar.

Punkta nedanfor er ikkje utfyllande .

Forslaga skal m.a. gi innspel om:

- kollektive løysingar
- korleis ein kan utnytte lokale fornybare energikjelder (eks. solenergi, vind, bølge, hav bioenergi).

### Materialbruk i bygningar

Drøfting av kva som er klimavenleg materiale som er haldbare, kortreiste og som løftar staden sine kvalitetar og attraktivitet. Materialbruken skal være tilpassa framtidens kystklima og ein må drøfte

korleis materialval og byggemetodar kan tilføre kompetanse til og utvikling av det lokale næringslivet.

### **Klimatilpassing**

Bygg og møteplassar skal utformast med omsyn til lokale klimatiske tilhøve og skape eit godt mikroklima. Forslaga må også ta omsyn til framtidig ekstremvær, havnivåstigning, bølgepåverknad og rasfare.

- Vurder ulike landskapsformer, grønne strukturar eller liknande som reduserer utfordringane.
- Beskriv prinsipp for handtering av overvatn og flaum.

### **Arkitektur og attraktivitet.**

Ein skal sjå korleis eksisterande sentrum, Vågsholmen og dei nye områda kan utviklast til eit heilskapleg og attraktivt sentrumsområde med høg arkitektonisk kvalitet og knytast naturleg saman med omgivnaden. Viktige element blir dei moglegheitene og avgrensingar som ligg i dei nye prosjekta som er beskrivne i vedlegg 6.

Fosnavåg skal utviklast til ein attraktiv og bærekraftig by med urbane kvalitetar med møteplassar som har høg arkitektonisk kvalitet, er godt tilrettelagde og universelt utforma. Utviklinga av Fosnavåg skal spele på staden sine kvalitetar ved sjøen. Folkehelse og fysisk rekreasjon skal inngå som ein viktig del i planlegginga av Fosnavåg sentrum.

Attraktive byar og stadar med fokus på miljø for næringsutvikling og nyskapande næringsliv er viktig for bedrifter med omsyn til vekst. Kommunar som lukkast i å legge til rette for langsiktig næringsutvikling opplever auka interesse for nyetableringar. Fosnavåg skal utviklast til ein by som forsterkar eit robust næringsliv og gir rom for at nytt næringsliv vert skapt.

### **Attraktivitet**

Punkta nedanfor er ikkje utfyllande .

Forslaga kan m.a. gi innspel om:

- varierte bustadar og uteområde som er attraktive for alle i ulike livsfasar.
- utnyttinga av Fosnavåg si plassering ved sjøen gjennom tilrettelegging for auka bruk av strandlina.
- tilrettelegging for gode og solrike uteområde som reduserer utfordringane knytt til støy og vind og som bidreg til fysisk rekreasjon i og utanfor sentrum.
- korleis kulturaktivitetar og -arenaer kan bidra til Fosnavåg si sosiale bærekraft gjennom forslag til konkrete prosjekt (drøfte).
- korleis utnytting av eksisterande eller skape nye truverdige arenaer og møteplasser for innbyggjarar og gjestar som kan bidra til at Fosnavåg si økonomiske bærekraft vert styrka (drøfte).

## Arkitektur og funksjon

God og bærekraftig arkitektur er ein viktig premis for å sikre gode levevilkår og for at folk skal trivast i byen sin. Gode arkitektoniske løysingar er ein føresetnad for god utvikling av staden og vil verte vektlagt mykje i evalueringa.

- Byggje vidare på sentrumskvadraturen med ein heilskapleg sjøfront
- Sentrum for alle, alle aldersgrupper skal trivast i sentrum.
- Vise korleis ein best mogleg tek vare på naturkvalitetar og knyter eksterne kvalitetar til sentrum.
- Undersøkje og illustrere kva utnyttingsgrad som sikrar eit godt bu- og bymiljø, gir urbane kvalitetar og samstundes gir lavast mogleg klimagassutslepp (nye bygg, uterom, gater og andre offentlege rom). Lokalisering og sambruk.
- Syne og skissere egna stadar for ei differensiert bustadmasse (livsstil, uteområde, leik, arealeffektivitet osv.).
- korleis ein kan styrkje «handels- og næringsområde 500» frå det nye hotellet til ytre del av Fosnavåg.

## Praktiske opplysningar

### Aktivitetsplan

Totalt tidsforbruk er sett til:

- seminar ved oppstart
- arbeid i periode 1
- midtvegsverkstad
- arbeid i periode 2
- seminar ved avslutning
- Utstilling.

### Oppstartseminar:

Grupper mottok supplerande info og det vert gjennomført besøk i Fosnavåg sentrum.

### Arbeidsperiode 1:

Grupper arbeider sjølvstendig med utvikling av idear og skisser.

### Midtvegsseminar/verkstad :

Grupper presenterer idear for kvarandre, oppdragsgjevar og fagekspertar. Utveksling av idear, kritikk og diskusjon. Verkstad for medverknad og folkemøte.

### Arbeidsperiode 2:

Grupper arbeider sjølvstendig med vidareutvikling av skisser på bakgrunn av tilbakemeldingar frå verkstaden

### Avsluttande seminar dato:

Presentasjon og drøfting av ferdige oppgåver - utstilling. Seminaret skal gi inspirasjon og engasjement for å ta prosessen vidare med utarbeiding av reguleringsplan og legge til rette for god og trygg medverknad frå innbyggerane.

### Midtvegs innlevering

På verkstaden skal gruppene vise eit første hovudgrep for utvikling av Fosnavåg by. Materialet skal ha ei form som gjer evalueringskomité og andre deltakarar på verkstaden i stand til å vurdere innhaldet og gi tilbakemeldingar.

- *Skisse illustrasjonsplan:* Idear skal presenterast i ein overordna illustrasjonsplan i målestokk som viser struktur på busetnad, handel- og næring, trafikk- og uteområdebruk, grønstruktur og rekreasjonsområde.
- *Skisse av et delområde:* Plan og snitt av eit delområde med karakteristiske trekk.
- *Utkast til prosessbeskriving :* Beskrivande tekst eller stikkord som forklarar moglege strategiar for utvikling av sentrum/delområde.

### Avsluttande innlevering

Det er deltakarane sitt eige ansvar å velje presentasjonsform og kva grad av detaljar som skal vere med. Det skal takast omsyn til at materialet skal ha god lesbarheit og vere tilgjengeleg, ikkje berre for evalueringsgruppa men og for publikum. Følgjande materiale skal presenterast på det avsluttande seminaret og leverast etter avslutta arbeidsperiode:

#### Illustrasjonar:

##### *Illustrasjonar for området på overordna nivå*

Etter nærare avtale skal det framleggast plan i egna målestokk for heile området med tilhøyrande beskriving. Planen skal vise struktur for busetnad og uteområde (infrastruktur og opphaldsareal), og gjere greie for organisering og plassering av ulike funksjonar som eksempelvis handel.

##### *Planar og snitt for karakteristisk(e)delområde*

Planar og snitt i valfri målestokk som viser utsnitt av eitt eller fleire karakteristiske delområde, med fokus på bygnings- og bustadtypologi.

##### *Prinsipp for gang- og sykkelvegnett*

Drøfte prinsipp for gang- og sykkelamband innanfor området. Frå bustadar og andre funksjonar til kollektivtilbod, sykkelvegnett utanfor området, samt viktige servicefunksjonar.

##### *Illustrasjonar og eksteriørperspektiv*

Det skal leverast illustrasjonsskisser i tillegg til 3D-skisser og/eller fotomontasje i valfri målestokk.

##### *Berekingar for å dokumentere forventet utnytting av området:*

Totalt bruksareal (BRA) for heile planområdet, som:

- Nytt BRA, fjerna BRA og rehabilitert BRA
- Fordeling av totalt BRA mellom bustad og andre funksjonar
- Fordeling av BRA på ulike delområde
- Sum bustadar per dekar:
  - for området totalt sett

- for dei ulike delområda

#### **Anna:**

- Overordna energistrategi  
Beskriving av overordna energistrategi, med forventa type energiforsyning og forbruk, i tillegg til diagram eller liknande som forklarar prinsipp og grep for heile forslaget.
- Beskriving i form av tekst/diagram/skisser som viser korleis utfordringar knytt til vind og støy kan løysast.

### **Innleveringsform**

Til midtvegsverkstaden ønskjer ein digital presentasjon. Materialet som vert presentert skal og leverast som utskrift/hefte i A3 format. Både presentasjon og tilhøyrande hefte skal sendast over digitalt seinast to dagar før midtvegsverkstaden via Dropbox eller tilsvarande teneste.

Til avsluttande innlevering skal det leverast maks 8 A1 plansjar i liggande format. Materialet som vert presentert skal også leverast som hefte i A3 format. Plansjar saman med 5 eksemplar av heftet skal leverast fysisk (utskrift). I tillegg skal plansjar og hefte sendast over digitalt, i redigerbar form, via Dropbox eller tilsvarande teneste.

Endeleg fristar og detaljar rundt digital levering vert annonsert i god tid. Målestokk skal gå fram på alle planar og profilar. Deltakande grupper har sjølv eit ansvar for å forsikre seg om at digitale sendingar er mottatt.

### **Organisering**

Parallelloppdraget sin organisasjon består av:

- *Deltakande grupper*; 3 grupper vert plukka ut til å delta i parallelloppdraget som eit resultat av ein open anbodskonkurranse.
- *Opponentpanelet* er samansett av ekspertar innan aktuelle fagfelt (planlegging/arkitektur, miljø/klima, transport, landskapsarkitektur/grønt, eigedomsutvikling, prosjekterande, entreprenørar, grunneigarar osv.). Rolla til opponentpanelet vil m.a. vere å utfordre dei ulike gruppene undervegs i prosessen i tilknytning til verkstadane
- *Evalueringsskomité*; representantar frå Herøy kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, fagfolk innanfor dei aktuelle fagområda, arkitektar/landskapsarkitektar oppnemnt av NAL/NLA, og eventuelt fleire. Komiteen vil ha avgjerdsmynde og ansvar for den faglege evalueringa av forslaga undervegs og ved avslutning.
- *Prosessleiing*; Fagavdelinga i Norske arkitekters landsforbund har prosessleiing for den opne prosessen i parallelloppdraget. Det inneber ansvar for programmet (innhald og metode) for seminaret ved oppstart, midtvegsverkstaden og avslutning/presentasjon.

- *Sekretariat*; samansett av representantar frå Herøy kommune som vil hjelpe evalueringskomiteen og prosessleing med administrative og praktiske oppgåver.

## **Evaluering**

Det vil verte gjort ei grundig evaluering av forslaga. Første tilbakemelding vert gitt til grupper under midtvegsverkstaden. Etter at endelege forslag er levert inn skal det gjevast ei avsluttande evaluering som skal presenterast i ein evalueringsrapport. Målet er at evalueringa skal få fram kva for kvalitetar i forslaga som bør takast med i det vidare arbeidet med reguleringsplan for området. Målet er og at evalueringa skal bidra til læring hjå alle involverte. Evalueringa vert gjort av evalueringskomiteen. Komiteen vil innhente naudsynt ekspertise innan energibruk, areal- og transportplanlegging, bustadkvalitetar/livsstil, eigedomsutvikling m.m. Evalueringskomiteen deltek som opposentar undervegs.

## **Honorar**

Kvar gruppering vert honorert med kroner 250 000. I tillegg vert det dekt reise og opphald inntil kroner 100 000 for kvar gruppering for dei tre samlingane.

## **Forsikring**

Oppdragsgjevar vil ikkje forsikre det innleverte materialet. Ein legg til grunn at deltakarane oppbevarer originalmaterialet og har ein digital versjon av det utarbeidde materialet sjølve.

## **Eigedoms- og opphavsrett**

Herøy kommune har den materielle eigedomsretten til alt innlevert materiale, både i papirformat og i digital form. Kommunen har rett til å nytte alle idear og forslag i det vidare arbeidet med planlegging av Fosnavåg. Kommunen har ikkje rett til å nytte materialet direkte i annan samanheng eller å overføre materialet til andre sitt bruk.

## **Utstilling av utkast**

Herøy kommune har fri rett til å stille ut og publisere det innleverte materialet, under føresetnad at opphavsperson/gruppe vert namngjeven.

## **Forhold etter parallelloppdraget**

I utgangspunktet skal ingen vinnar kårast, men dei ulike løysingsforslaga kan alle bli brukt i utforming av ein reguleringsplan. Det vert opp til kommunen å avgjere om det skal tildelast oppdrag i etterkant av parallelloppdraget.

## **Kontaktpersoner:**

Jarl Martin Møller

e-post: jarl@heroy.kommune.no

Telefon arbeid: 70081300

Telefon mobil: 97506761

## Vedlegg

Følgjande dokument skal lesast:

- Planstrategi for Herøy kommune, 2012-2016
- Kommuneplanen sin samfunnsdel, 2013-2025
- Kjerneområde og historie
- Stadanalyse for Fosnavåg 2008

Relevante dokument, utgreiingar og kart vil vere tilgjengelege ved oppstart av parallelloppdraget samtidig som relevante dokument og materiale vert lagt ut på felles Dropbox og er lista opp i dokumentet **Utgreiingar, vedlegg og kart som ligg ved oppgåveprogrammet.**

UTKAST



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2014/668
		Arkiv:	A40

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
147/14	Formannskapet	16.09.2014
	Kommunestyret	24.09.2014

### HØYRING 2 - UTVIKLINGSPLANAR FOR DEI VIDAREGÅANDE SKULANE I EIKSUNDREGIONEN

#### Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande uttale til «høyring 2 – utviklingsplanar for dei vidaregåande skulane i Eiksundregionen»:

1.  
Herøy kommunestyre viser til at det beste for Søre Sunnmøre er at dagens skulestruktur (Alternativ 1) vert vidareført og blir lagt til grunn for utviklingsplanen for dei vidaregåande skulane i regionen.
2.  
Herøy kommunestyre held fast på at «Bygg og anleggsteknikk» skal vere eit tilbod ved Herøy vgs. Byggnæringa i Herøy er og vil vere ein viktig samarbeidspartnar for skulen samstundes som det vil vere viktig å oppretthalde studietilbodet for ungdomen i kommunane Herøy, Vanylven, Sande, Ulstein og Hareid.
3.  
Herøy kommunestyre held fast på at «Restaurant og matfag» skal vere eit tilbod ved Herøy vgs. Med fleire nye satsingar innan næringa på landsida og den sterke maritime koblinga ligg alt til rette for at studietilbodet kan utviklast i tida framover ved Herøy vgs og vere eit attraktivt studietilbod lokalt og regionalt.



4.

Herøy kommunestyre held fast på at «elektrofag og TAF» skal vere eit tilbod ved Herøy vgs.

Faga har sterke bindingar og fellesområde og høyrer naturleg saman med TIP. Den naturlege staden for elektrofag, TAF og TIP er Herøy vgs. Gevinstar med samlokalisering og dei gode erfaringane som fylkeskommunen viser til i «høyring 2» bør ha avgjerande vekt.

5.

Herøy kommunestyre er positiv til at Herøy vgs vert bygd ut og modernisert og vil gjennom dialog med fylkeskommunen styrkje fasilitetane ved skulen og samdriftsfordelane ved tilrådd lokalisering.

6.

Herøy kommunestyre vil vise til at utdanningsprogrammet «Helse og oppvekstfag» er eit godt og viktig utdanningsprogram med sterke lokale og regionale samfunnsinteresser. Ei styrking og utvikling av utdanningsprogrammet innan velferdsteknologi må vurderast då kommunar har eit stort behov for personell med utvida kompetanse innan fagfeltet. Herøy vgs bør fremjast som ein pilotskule innanfor fagfeltet velferdsteknologi.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy videregående skule

Herøy næringsforum

Fosnavåg shippingklubb

**Vedlegg:**

Utviklingsplanar for vidaregåande skular i Møre og Romsdal, høyring 2  
Herøy vidaregåande skule, utviklingsplan

**Saksopplysningar:**

Utviklingsplanar for vidaregåande skular i Møre og Romsdal er no ute til høyringsrunde 2 der kommunen kan kome med innspel til planforslaget som ligg føre.

Følgjande fristar er satt i den vidare prosessen :

Høyringsfrist for høyring 2	:12.09.2014
Utviklingsplanar ferdig	:30.09.2014
Utdanningsutvalet, behandling	:10.11.2014
Fylkestinget, godkjenning	:08-10.12.2014

## **Samandrag**

Arbeidet med å utarbeide utviklingsplanar for dei vidaregåande skulane på Søre Sunnmøre har vore ein omfattande prosess med brei involvering. Det er sju kommunar i regionen og i alt fire vidaregåande skolar og ei avdeling i Vanylven. Fylkeskommunen viser til at engasjementet naturleg nok har vore størst i dei kommunane som i dag har eit vidaregåande tilbod, og prosjektleiinga har hatt kontakt med alle desse både på administrativt og politisk nivå undervegs i prosessen. Høyring 1 har vore til politisk behandling i dei fleste av kommunane, og vedtak sendt som uttale til høyringa. Rektorane på dei fire vidaregåande skulane har hatt plass i prosjektgruppa og det er oppretta referansegrupper på kvar av skulane. Deltakarar i referansegruppene er representantar frå alle utdanningsprogram, driftstilsette, verneombod, tillitsvalde og elevrepresentantar.

Fram mot Høyring 1 i mai 2014 har det vore eitt breitt fokus og ein har vurdert moglege alternative strukturar for den vidaregåande opplæringa i regionen. Ein gjorde vurderingar av eksisterande tomter og bygningsmasse i høve til ulike alternativ. Det vart og sett fokus på tilbodsstrukturen og moglege endringar.

Det kom inn i alt 38 uttalar til Høyring 1. Det vitnar om stor interesse både frå skulane, kommunane, næringslivet og andre interessentar.

I Høyring 2 er det gjort val i høve til kva ein legg til grunn som framtidig skulestruktur og framlegg om endringar i tilbodsstrukturen. På bakgrunn av dette er det utarbeida framlegg til utviklingsplanar for kvar av skulane. Utviklingsplanane munnar ut i bygningsmessige og utomhus tiltak. Det er knytt kostnader og tidslinje for gjennomføring til tiltaka.

## **Skulestruktur**

Fram til Høyring 2 var det ønskjeleg å minske talet på alternativ det skulle arbeidast vidare med. I tillegg til Alternativ 1, vurderte ein det som mest interessant og realistisk å gjere ei grundigare vurdering av alternativ 2B, og kanskje 2A og 2D. Det vil seie dei alternativa som i praksis inneber ei samlokalisering av Volda vgs og Ørsta vgs, og/eller Herøy vgs og Ulstein vgs.

Sett i høve til den sterke motstanden det er regionen mot å gjere endringar i skulestrukturen, finn fylkeskommunen ikkje at argumenta som talar for samanslåing er sterke nok til å gjere endringar i hovudstrukturen på kort sikt. Ein har difor valt å legge til grunn at dagens skulestruktur(Alternativ 1) blir lagt til grunn for utviklingsplanen for dei vidaregåande skulane i regionen. Det er i tillegg lagt til grunn

nokre endringar i tilbodsstruktur og elevtal.

I dei vedlagde framlegga til utviklingsplan for kvar av skulane, kjem det fram at det er tilrådd nybygg både ved Ørsta vgs og Herøy vgs. Fylkeskommunen viser til at med vedtak om å byggje nye yrkesfaglege vidaregåande skular i Fosnavåg og Ørsta, vil ein ha lagt føringar for skulestrukturen i regionen i eit svært langt tidsperspektiv.

## **Tilbodstruktur**

På bakgrunn av Høyring1, uttalar som har kome inn og vurderingar gjort i samband med Høyring 2, foreslår ein at kvart av følgjande utdanningsprogram vert samla ved ein skule:

- Service og samferdsel ved Ulstein vgs
- Bygg og anleggsteknikk ved Ørsta vgs
- Restaurant og matfag ved Herøy vgs

## **Herøy kommunestyre si førre handsaming.**

Kommunestyret handsama saka i møte 22.05.2014 og gjorde slikt vedtak:

### **1. Alternativ for framtidig skulestruktur.**

*Herøy kommunestyre meiner at alternativ 1: Noverande struktur for dei fire vidaregåande skulane må leggest til grunn for utviklinga framover.*

### **2. Lokalisering av studieprogram og programområde.**

*Herøy vgs har over lang tid utvikla eit særst godt og nært samarbeid med næringslivet på søre Sunnmøre. Ordningane og avtalane ein har fått til med verft, utstyrprodusentar og reiarlag set Herøy vgs i ei særstilling, ikkje berre lokalt, men også utover regionen. Skulen er lokalisert i hjartet av den maritime klynga på Sunnmøre.*

*Herøy vgs vert også nytta mellom anna til alternative opplæringsarenaer for elevane og lærarane i faget prosjekt til fordjuping. Også her har skulen gode intensjonsavtalar med lokalt næringsliv om formidling av elevar til læreplassar.*

*Utgreiinga viser at elektrofag elles i fylket er lokalisert saman med teknikk og industriell produksjon, sidan desse faga har sterke bindingar og fellesområde. På bakgrunn av utgreiinga meiner Herøy kommunestyre at Elektrofag bør flyttast til Herøy vgs. TAF og teknikk og industriell produksjon har tilsvarande bindingar. Dei 2 første åra har TAF dei same læreplanane som Vg1 TIP og Vg2 industriteknologi. Herøy vgs har*

gjennom mange år hatt ansvaret for delar av den praktiske opplæringa av TAF elevane og gjennomføring av tverrfagleg eksamen for dei. På bakgrunn av den erfaringa og av utgreiinga meiner Herøy kommunestyre at TAF bør flyttast til Herøy vgs dei 2 første åra. Herøy kommunestyre meiner at studieprogram og programområde som er ved skulen i dag skal vidareførast og vidareutviklast.

Herøy vgs er ressurssskule/senter for personar med vaksenrett. Det er på tale å starte opp reinhaldsfag og barne- og ungdomsfag frå hausten. Helsefagarbeidar er alt i gang. Det er stort behov for desse fagpersonane og tilbodet som vert gitt til dei. Når det gjeld utdanningstilbodet for helsefagarbeidarar, er det viktig at tilbodet vert vidareutvikla. Herøy kommunestyre ser gjerne at Herøy vgs vert pilotkommune når det gjeld velferdsteknologi i helsefagarbeidarutdanninga.

Utdanningstilbodet Restaurant og matfag er også viktig for rekrutteringa til næringslivet i kommunen. Nytt hotell i Fosnavåg vil truleg også legge til rette for praksisplassar m.m. Frå næringslivet i kommune, spesielt når det gjeld skipsdesign, vert det etterlyst eit utdanningstilbod som tilsvarar det som tidlegare vart kalla «teknisk teikning». Herøy kommunestyre ber om at det vert vurdert å utvide TIP med teikning og at dette får fagbrevstatus.

### **3. Innspel og argumentasjon i høve til tomtealternativ, bussavstiging, idrettshall m.m.**

Skulen ligg sentralt i forhold til Campus Fosnavåg som har kulturhus, bibliotek, idrettshall, aktivitetspark, fotballbaner og badeland. Den ligg også sentralt i forhold til den maritime klynga på søre Sunnmøre som skulen har eit utstrakt samarbeid med.

Reguleringsplanen for området viser at det er lagt til rette for at Herøy vgs kan disponere eit område på 20 daa. I tillegg er det lagt til rette for sambruk mellom skulen og kommunen av det store parkeringsområdet ved Campus Fosnavåg. Det kan også leggast til rette for bussoppstillingsplassar langs vegen mellom skulen og Campus Fosnavåg slik at parkering og bussoppstilling kan leggast til område utanfor det som er regulert til skuleområde.

Det vert etablert eit simulatorsenter i Fosnavåg sentrum som skal stå ferdig til september 2014. Simulatorsenteret skal driftast av Høgskulen i Ålesund, som har i sin avtale med simulatorsenteret at dei skal bidra med sin kompetanse inn i Herøy vgs. Samarbeidet mellom ungdomsskule og vidaregåande skule er viktig i forhold til å sjå heile opplæringsløpet i samanheng.

- Det styrkar samarbeidet mellom lærarar om opplæringa, og kan hindre fråfall i vidaregåande skule
- Det gjer det muleg for elevar i ungdomsskulen å hospitere i vidaregåande skule for å bli tryggare på rett utdanningsval
- Det gjer det muleg for ungdomsskuleelevar å ta fag på vidaregåande nivå, slik opplæringslova gir høve til

At Ytre Herøy ungdomsskule og Herøy vidaregåande skule er lokalisert så nær kvarandre, gjer det muleg å ha eit endå sterkare og endå betre samarbeid. Avstand mellom skuleslaga og transport av elevar, kostar både tid og pengar.

*Herøy vidaregåande skule kan ha eit tettare samarbeid med Herøy kommune om opplæring og praksis for elevar, når kommunen no skal utvide aktivitetstilbodet til ulike grupper, som truleg vil trenge assistanse seinare i arbeidslivet.*

*Fordelen med eit slikt samarbeid er at tilbodet og ressursane blir meir samla, og Herøy vgs slepp å gjere avtalar med mange ulike arbeidsplassar som ikkje kan bli eleven sin framtidig aktivitet på same vis. Resultatet vil vere eit meir heilskapleg tilbod, og ein smidig overgang frå skule til vaksenliv.*

*Det vil vere gåavstand mellom skulen og «praksisplassen».*

*Herøy kommune har planar om å byggje nytt bibliotek på gateplan ved Herøy kulturhus og er interessert i å legge til rette for sambruk mellom kommunen og Herøy vgs av biblioteket.*

*Herøy kommunestyre meiner at Herøy vgs må vidareutviklast i det området skulen ligg i dag.*

### **Vurdering og konklusjon:**

Ein er glad for at ein legg til grunn at argumenta som talar for samanslåing ikkje er sterke nok til å gjere endringar i hovudstrukturen. Det beste for Søre Sunnmøre vil vere at dagens skulestruktur (Alternativ 1) vert vidareført og blir lagt til grunn for utviklingsplanen for dei vidaregåande skulane i regionen.

At fylkeskommunen ønskjer å styrkje den vidaregåande skulen i Herøy og prioriterer nybygg vil vere med å forsterke skulen si betydning lokalt og regionalt. Ved å tilrettelegge og forsterke utdanningstilbodet som Herøy vgs tilbyr legg fylkeskommunen grunnlaget for eit mangfald for all ungdom på Søre Sunnmøre. Kommunen har i si utgreiing ved «høyring 1» peikt på skulen si plassering og mogelegheitene som lokaliseringa gir. Offentlege og private investeringar som er sett igong og under planlegging vil forsterke skulen sine utviklingsmoglegheiter og gi klare fordelar m.a med sambruk.

### **Bygg og anleggsteknikk**

Kommunen er ikkje samd i utgreiingane der ein ønskjer å flytte «Bygg og anleggsteknikk» til Ørsta. Kommunen vil halde fast på at bygnæringa i Herøy er og vil vere ein viktig samarbeidspartnar for skulen. Med dei utviklingsplanane som er lagt til grunn i samfunnet lokalt vil det vere særdeles viktig at studietilbodet vert liggande fast ved skulen. Eit studietilbod som vil dekkje Herøy, Vanylven, Sande, Ulstein og Hareid sine behov. Ein kan ikkje sjå av argumentasjonen som er framført i «høyring 2» at det skulle vere grunnlag for å endre dette skuletilbodet, snarare tvert om.

### **Restaurant og matfag**

Kommunen er samd med det som er lagt til grunn for at «Restaurant og matfag» fortsatt skal vidareutviklast ved skulen i Herøy. Med fleire nye hotell i ytre, store sentrale bedrifter innan næringa (Marine Harvest), turistnæring i vekst, lokalmat, unikt samarbeid med alle lokale rederi (også utanfor Herøy) og nye spennande utviklingsprosjekt som eksempelvis krill-satsinga til Olympic seafood gir skulen bredde og mogelegheiter i sitt studietilbod framover. Alt ligg til rette for at tilbodet

knytt til denne studieretninga kan utviklast i tida framover. Å flytte «Restaurant og matfag» frå Herøy vil gje store negative verknadar slik kommunen ser det.

## **Elektrofag og TAF**

Kommunen påpeiker, som vist i «høyring 1», at elektrofag og TAF bør lokaliserast saman med teknikk og industriell produksjon i Herøy. Fylkeskommunen viser i sine vurderingar til at desse faga har sterke bindingar og fellesområde og høyrer naturleg saman. Kommunen er samd i fylkeskommunen sine vurderingar.

Fylkeskommunen viser til at den naturlege staden for elektrofag er Herøy vgs, men konkluderer med at hovedgrunnen til å ikkje sjå nærare på dette er på grunnlag av at det er eit vel etablert tilbod ved Ulstein vgs og gode samarbeidsforhold med næringa.

Kommunen kan ikkje sjå at argumenta som er framført har ei slik tyngde at dei gode samlokaliseringsevinstane som fylkeskommunen viser til i «høyring 2» ikkje skulle ha avgjerande vekt. Kommunen konkluderer med at elektrofag og TAF bør flyttast til Herøy vgs slik som framført i kommunestyret sitt vedtak den 22.05.2014 og i tråd med fylkeskommunen sine egne gode erfaringar ved dei andre vidaregåande skulane i fylket.

## **Helse og oppvekstfag**

Helse og oppvekstfag er eit godt og viktig utdanningsprogram med god søknad til Herøy vgs. Utdanningsprogrammet er særst viktig med omsyn til lokale og regionale samfunnsinteresser og ei styrkje og utvikling av programmet må vurderast i tida som kjem. Kommunar vil i tida framover ha stort behov for personell som har ei utvida kompetanse innan helserelatert oppgåver.

Kommunen har frå 2012 hatt eit samarbeid på regionalt hald der fokus har vore å teste ut teknologien ute blant brukarane. Dei udelt positive erfaringane som kommunen har fått med å implementere mellom anna spelteknologi på ulike avdelingar og utnytte mobile tenester i felt blant heimetenestene vert ført vidare frå kommunen si side.

Kommunen har eit ønskemål om å vere med i utviklinga der velferdsteknologi er i fokus gjennom m.a. «smarte heimar». Ein vil søkje å vere oppdatert, orientert og vere med på dei trendar som tener kommunen som organisasjon og kommunen sine brukarar på ein best mogleg måte. Det vil vere avgjerande for offentleg sektor at utdanningsprogram ved vidaregåande skular søkjer å vere oppdatert på nasjonale føringar innanfor området og ein soleis legg til rette for at kommunen får tilgong på nye kompetente medarbeidarar i tida som kjem innafør fagfeltet.

Herøy kommune ønskjer dialog om eit samarbeid med den vidaregåande skulen og ein ønskjer at Herøy vgs vert fremja som ein pilotskule innanfor fagfeltet velferdsteknologi.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 04.09.2014

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

# UTVIKLINGSPLANAR FOR DEI VIDAREGÅANDE SKOLANE EIKSUNDREGIONEN

---



## HØYRING 2

---

21.AUGUST - 2014



## Innhold

GENERELT .....	4
Politiske vedtak .....	4
Målsetjing og innhald .....	5
Organisering .....	5
Framdrift og milepælar .....	6
SAMANDRAG .....	7
Generelt.....	7
Skolestruktur .....	7
Tilbudsstruktur .....	8
Utviklingsplanar .....	9
GRUNNLAGSINFORMASJON .....	11
Befolkningsutvikling/ elevgrunnlag .....	11
Utvikling befolkning Eiksund regionen. v/Trygve Grydland .....	11
Samandrag – Utvikling i elevgrunnlag .....	17
Søking og elevpendling.....	18
Kommunane .....	18
Skolane .....	24
Hybelbuarar .....	26
Samferdsel – kollektivløysingar .....	26
Vidaregåande skolar og tettstadsutvikling .....	27
MÅLSETJINGAR FOR TILBODS- OG SKOLESTRUKTUR I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING I MØRE OG ROMSDAL .....	28
Overordna målsettingar .....	28
Dimensjonering .....	29
Opplæringsordning.....	32
Fag- og læringsmiljø .....	33
Skoleskyss og reisetid .....	33
Økonomi .....	33
SKOLESTRUKTUR .....	34
Hovudalternativ i Høyring 1 .....	34
Alternativ 1 – Dagens struktur .....	34
Alternativ 2A – 1 skole i Ytre + 1 skole i Indre .....	36
Alternativ 2B – 2 skolar i Ytre + 1 skole i Indre.....	37

Alternativ 2C – 2 skolar i Ytre + 1 skole i Indre(Utan Ørsta).....	38
Alternativ 2D – 1 skole i Ytre + 2 skolar i Indre .....	39
Alternativ 3 – Felles skole for yrkesfag.....	40
Alternativ 4 – Felles skole for Eiksundregionen .....	41
Val av framtidig skolestruktur for Eiksundregionen.....	41
Oppsummering - skolestruktur .....	43
<b>UTDANNINGSPROGRAM OG PROGRAMOMRÅDER .....</b>	<b>44</b>
Generelt om tilbudet i Eiksundregionen .....	44
Høyring 1 og uttalar.....	45
Vurdering av konsekvensar ved samlokalisering av dei tre aktuelle utdanningsprogramma. ....	46
Service og samferdsel - SA.....	48
Elevtalsutvikling med vurdering .....	48
Uttalar i høyring 1.....	49
Klasse-/elevtal og innstilling til lokalisering av utdanningsprogrammet.....	49
Andre alternativ som er vurdert.....	50
Bygg- og anleggsteknikk – BA .....	50
Elevtalsutvikling med vurdering .....	50
Uttalar i høyring 1.....	51
Klasse-/elevtal og innstilling til lokalisering av utdanningsprogrammet.....	51
Andre alternativ som er vurdert.....	52
Restaurant- og matfag – RM .....	52
Elevtalsutvikling med vurdering .....	52
Uttalar i høyring 1.....	53
Klasse-/elevtal og innstilling til lokalisering av utdanningsprogrammet.....	53
Andre alternativ som er vurdert.....	54
Oppsummering - tilbodsstruktur.....	54
<b>NY STRUKTUR FOR EIKSUNDREGIONEN .....</b>	<b>55</b>
<b>UTVIKLINGSPLANAR .....</b>	<b>57</b>
Herøy vgs .....	57
Tiltak med kostnadsvurdering.....	57
Konsekvensar ved alternativ tilbodsstruktur .....	57
Ulstein vgs .....	59
Tiltak med kostnadsvurdering.....	59
Konsekvensar ved alternativ tilbodsstruktur .....	59

Volda vgs .....	60
Tiltak med kostnadsvurdering .....	60
Konsekvensar ved alternativ tilbodsstruktur .....	61
Ørsta vgs .....	61
Tiltak med kostnadsvurdering .....	61
Konsekvensar ved alternativ tilbodsstruktur .....	62
Alternativ for Herøy og Ørsta – Samla vurdering .....	63
Gjennomføring av Høyring 2 .....	64
Vedlegg .....	64

## GENERELT

### Politiske vedtak

Fylkestinget har i sak T-79/11 samrøystes vedtatt følgjande verbalframlegg;

*“Fylkestinget ber om at det vert lagt fram utviklingsplanar for alle dei vidaregåande skulane i fylket i løpet av økonomiplanperioden.”*

Det vart så i sak Ud-5/12 lagt fram ein plan for arbeidet med utviklingsplanar for alle dei vidaregåande skolane. I saka vart det berre prioritert å lage utviklingsplan for Ørsta vgs.

Sak PN-28/13: *«Plannemnda godkjenner framlagte prosjektplan for utviklingsplanar for skulane Ørsta vgs, Volda vgs, Ulstein vgs og Herøy vgs.»*

Då orienteringssak om prosjektplan vart lagt fram for Utdanningsutvalet 24.10.2013, vart det gjort følgjande protokolltilførsel:

*«Vi ber om at Utdanningsutvalget fortløpende blir informert om framdriften og utviklingen i Utviklingsplanen for Eiksundregionen. Dessuten uttrykker vi ønske om at rektorene får plass i prosjektgruppen.»*

Sak UD-6/14 – «Struktur og tilbod for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal»  
*«Som grunnlag for ein rapport om struktur og tilbod sluttar utdanningsutvalet seg til dei målsettingane som er lagt fram i saka.»*

I Utdanningsutvalet 05.06.2014 vart det gjeve ei munnleg orientering om gjennomføring av «Høyring 1»

## Målsetjing og innhald

Ørsta vgs, Volda vgs, Ulstein vgs og Herøy vgs rekrutterer i hovudsak frå same inntaksområde. Infrastrukturen er i stadig utvikling i området, og det er derfor naturleg å sjå på utviklingsplanane for dei fire vidaregåande skulane samla. Planen bør byggast opp med ei todeling:

### Del 1

Felles utfordringar i høve til behov for elevplassar, totalt arealbehov, samfunnsutvikling, transportutfordringar (kollektivløysingar) og kommuneutvikling. Del ein bør også innehalde vurdering av teknisk tilstand på skolebygga, samt vurdering av utnyttingsgrad og utnyttingspotensiale.

### Del 2

Alternative løysingar med konsekvens for kvar skole. Alternativa vert illustrert med skisser for kvar skole, samt drøfting av konsekvensar knytt til alternativa.

## Organisering

### Prosjektgruppa

- Prosjektleder – Ståle Solgard (Utdanningsavdelinga)
- Byggje- og vedlikehaldssjef – Per Olaf Brækkan
- Arkitekt Svein Skylstad AS – Svein Skylstad
- Rektor Ulstein vgs – Margaret Alme
- Rektor Herøy vgs – Gullik Kjellstadli
- Rektor Ørsta vgs – Roger Fylling
- Rektor Volda vgs – Trond Hjelseth

### Referansegrupper på kvar skole

- Tillitsvalde
- Verneombod
- Elevrepresentantar
- Driftsansvarleg
- Representantar frå alle studieprogram

### Intern arbeidsgruppe

- Prosjektleder – Ståle Solgard(UTD)

- Plan- og analyseavdelinga MRFK
  - Trygve Grydland
  - Anders Smith-Øvland
- Samferdselsavdelinga MRFK
  - Jorunn Sølvsberg
  - Svein Ivar Aarskog
- Regional- og næringsavdelinga
  - Arne Dag Gjærde

## Framdrift og milepælar

Endra framdrift i samsvar med sak SBU 13/14

11.04.2014	Utsending – Høyring 1
15.05.2014	Frist for uttale til høyring 1
05.06.2014	Utdanningsutvalet – Orientering
15.08.2014	Utsending – Høyring 2 Utviklingsplanar med skisser og økonomi
12.09.2014	Frist - Høyring 2
30.09.2014	Utviklingsplanar ferdig
10.11.2014	Utdanningsutvalet
8-10.12.2014	Fylkestinget

## SAMANDRAG

### Generelt

Arbeidet med å utarbeide utviklingsplanar for dei vidaregåande skolane i Eiksundregionen har vore ein omfattande prosess med brei involvering. Det er sju kommunar i regionen og i alt fire vidaregåande skolar og ei avdeling i Vanylven. Engasjementet har naturleg nok vore størst i dei kommunane som i dag har eit vidaregåande tilbod, og prosjektleiinga har hatt kontakt med alle desse både på administrativt og politisk nivå undervegs i prosessen. Høyring 1 har vore til politisk behandling i dei fleste av kommunane, og vedtak sendt som uttale til høyringa. Rektorane på dei fire vidaregåande skolane har hatt plass i prosjektgruppa og det er oppretta referansegrupper på kvar av skolane. Deltakarar i referansegruppene er representantar frå alle utdanningsprogram, driftstilsette, verneombod, tillitsvalde og elevrepresentantar. I tillegg har prosjektleiar og arkitekt hatt møter med rektor/driftsleiar og synfaring ved kvar av skolane. Arkitekt Svein Skylstad As er engasjert som arkitekt for prosjektet.

Fram mot Høyring 1 i mai 2014 hadde vi eit breitt fokus og vurderte moglege alternative strukturar for den vidaregåande opplæringa i regionen. Ein gjorde vurderingar av eksisterande tomter og bygningsmasse i høve til ulike alternativ. Det vart og sett fokus på tilbodsstrukturen og moglege endringar.

Det kom inn i alt 38 uttalar til Høyring 1. Det vitnar om stor interesse både frå skulane, kommunane, næringslivet og andre interessentar. Alle uttalane er lesne og gjennomgått av prosjektgruppa. Mange av uttalene er kommentert, eller referert til i høyringsdokumentet, men det store omfanget gjer at det ikkje er mogleg å referere alle. For at alle skal få nå fram med sine synspunkt, er difor alle uttalane å sjå på som vedlegg til Høyring 2.

I Høyring 2 er det gjort val i høve til kva ein legg til grunn som framtidig skolestruktur og framlegg om endringar i tilbodsstrukturen. På bakgrunn av dette er det utarbeida framlegg til utviklingsplanar for kvar av skolane. Utviklingsplanane munnar ut i bygningsmessige og utomhus tiltak. Det er knytt kostnader og tidslinje for gjennomføring til tiltaka.

### Skolestruktur

Når ein starta arbeidet med utviklingsplanane var det semje om at ein skulle gå breitt ut og vurdere alternativ som kunne vere aktuelle både på kort og lang sikt. På denne måten kunne ein gjere vurderingar i høve til kapasitet og utbyggingsmoglegheiter på fylkeskommunen sine tomter og sikre oss at dei vedtaka om utbyggingar vi gjer på kort sikt, ikkje blir ein hemske og hindring for framtidige strukturelle endringar.

Fram til Høyring 2 var det ønskeleg å minske talet på alternativ det skulle arbeidast vidare med. I tillegg til Alternativ 1, vurderte vi det som mest interessant og realistisk å gjere ei grundigare vurdering av alternativ 2B, og kanskje 2A og 2D. Det vil seie dei alternativa som i praksis inneber ei samlokalisering av Volda vgs og Ørsta vgs, og/eller Herøy vgs og Ulstein vgs. Medan ein la vekk alternativ som medfører pendling for store elevgrupper mellom indre og ytre delar av regionen. Desse alternativa kan ha gode grunngevingar i eit fagleg perspektiv, med større fagmiljø og betre breidde i det faglege tilbodet, men vil vere problematisk i høve til mellom anna auka reisetid for ei

stor gruppe elevar, og ikkje minst i eit miljø- og kostnadsperspektiv i høve til auka transport. Ein positiv samfunnsvinst kunne vere eit betre utbygd kollektivtrafikktilbod i regionen som også ville kome arbeidstakarar og andre reisande til gode.

Regionen omfattar med dagens struktur fire vidaregåande skolar, samt avdelinga i Vanylven. Kvar av skolane har lange tradisjonar i sine kommunar. Dei er viktige institusjonar i kommune og lokalmiljø og er ikkje minst ein viktig faktor i høve til arbeidsplassar og lokal næring. Det er gjennom mange år utvikla samarbeid med lokalt næringsliv og andre samarbeidspartnarar. På bakgrunn av dette, er det ikkje uventa at det gjennom Høyring 1, kjem fram eit stort engasjement frå dei kommunane som er så heldige å ha ein vidaregåande skole, for å behalde skolestrukturen som den er i dag.

På trass av betra kommunikasjon mellom indre og ytre delar av regionen, er det relativt liten utveksling av elevar mellom indre og ytre delar av regionen. Dette heng saman med fleire ting, men det viktigaste er nok at elevane pr i dag har eit breitt studietilbod å velje mellom i sin del av regionen. I tillegg er ikkje kollektivtransporttilbodet godt nok til at det er tilstrekkeleg attraktivt å dagpendle mellom Ytre og Indre. Dette gjeld både reisetid og frekvens. Ved å samlokalisere skolar på tvers av regionane ville vi påført mange elevar lengre reisetid og fått negative konsekvensar i eit miljø- og kostnadsperspektiv. Vi har difor lagt hovudvekta på å vurdere samlokalisering i Indre og/eller i Ytre.

Sett i høve til den sterke motstanden det er regionen mot å gjere endringar i skolestrukturen, finn ein ikkje at argumenta som talar for samanslåing er sterke nok til å gjere endringar i hovudstrukturen på kort sikt. Ein har difor valt å legge til grunn at dagens skolestruktur(Alternativ 1) blir lagt til grunn for utviklingsplanen for dei vidaregåande skolane i regionen. Det er i tillegg lagt til grunn nokre endringar i tilbodsstruktur og elevtal.

I dei vedlagde framlegga til utviklingsplan for kvar av skolane, kjem det fram at det er tilrådd nybygg både ved Ørsta vgs og Herøy vgs. Med vedtak om å byggje nye yrkesfaglege vidaregåande skolar i Fosnavåg og Ørsta, vil ein ha lagt føringar for skolestrukturen i regionen i eit svært langt tidsperspektiv.

## Tilbodsstruktur

Samla sett, gjev skolane i Eiksundregionen eit nesten komplett utdanningstilbod. Det einaste utdanningsprogrammet som manglar, er studiespesialisering med formgjeving. I tillegg er tilbodet på Design og handverk noko tynt, med Blomsterdekoratør som einaste vg2-tilbod. Også for mange av dei andre utdanningsprogramma, er ikkje elevgrunnlaget stort nok til at ein dekkjer alle programområder innanfor regionen.

Vi har i dag ein del utdanningsprogram som det blir gjeve tilbod om på fleire skolar, men som har ein så dårleg søknad at det bør vurderast om det skal samlast på ein av skolane i regionen. Også med dagens struktur har vi ein del program som det berre blir gjeve tilbod om ved ein av skolane:

- Musikk, dans og drama – Volda vgs
- Medium og kommunikasjon – Volda vgs
- Design og handverk – Ørsta vgs

- Idrettsfag – Ulstein vgs
- Naturbruk – Herøy vgs

På bakgrunn av Høyring1, uttalar som har kome inn og vurderingar gjort i samband med Høyring 2, foreslår ein at kvart av følgjande utdanningsprogram vert samla ved ein skole:

- Service og samferdsel ved Ulstein vgs
- Bygg og anleggsteknikk ved Ørsta vgs
- Restaurant og matfag ved Herøy vgs

Generelt er hovudargumentet frå administrasjonen side for å fremje desse strukturendringane at dei tre utdanningsprogramma har hatt liten søknad over fleire år, og det er dårlege utsikter til at dette skal endre seg slik strukturen ligg i dag. Ved å samle eit utdanningsprogram ved ein av skolane kan ein legge grunnlaget for eit større og kvalitativt betre fagmiljø. Dette kan ha ein positiv rekrutteringseffekt både i høve til lærarar og elevar. Ein negativ konsekvens er at ein kan misse noko nærleik til viktige samarbeidspartnarar der tilbodet forsvinn. Lang reisetid til tilbodet, kan og ha ein negativ innverknad på søkinga.

Tidsperspektivet for å gjennomføre endringane i tilbodsstrukturen er ikkje endeleg fastsett, men dette er å sjå på som langsiktige tiltak som skal koplast til dei føreslegne tiltaka i utviklingsplanane for kvar av skolane. Sidan klasse- og elevtal er oppretthalde på dagens nivå, er det naudsynt å gjennomføre bygningsmessige tiltak på den skolen som skal ta over fagtilbodet. Det tek normalt 4-5 år frå det er gjort vedtak om løyvingar, til eit prosjekt er ferdig realisert. Det som kan framskande ei samlokalisering, er om ein får ein negativ utvikling i søkinga som gjer at klassetalet blir redusert og ei samanslåing kan gjennomførast utan bygningsmessige tiltak.

## Utviklingsplanar

Som vedlegg til Høyring 2, ligg framlegg til utviklingsplanar for dei fire skolane. Utviklingsplanane tek utgangspunkt i dimensjoneringa som er foreslått i Høyring 2 og gjer vurderingar i høve til eksisterande bygningsmasse. Det er foreslått bygningsmessige tiltak med kostnader og ei tidslinje for mogleg gjennomføring ved kvar av skolane.

Ørsta vgs er vurdert som den skolen som har dei mest prekære behova for tiltak. Arkitekten har i si vurdering foreslått nybygg på ny tomt som den beste løysinga. Før politisk behandling vil ein kvalitetssikre om renovering kan vere eit aktuelt alternativ. Dette vil heilt klart ha ein del ulemper knytt til gjennomføring av byggeprosjekt og skoledrift i byggeperioden, men kan vere økonomisk fordelaktig. Nybygg utan kroppsøvingslokale er estimert til 343,8 mill.

Herøy vgs har ein bygningsmasse på om lag same alder som Ørsta, i tillegg til ein del paviljongbygg som har kome til etter kvart. Godt vedlikehald gjer likevel at skolen visuelt framstår betre enn i Ørsta. I Høyring 1 var det foreslått ein miks av nybygg og renovering. I høyring 2 har ein vurdert nybygg på



eksisterande tomt som det beste alternativet. Nybygg inkl. riving utan kroppsøvingslokale er estimert til 262 mill.

Ulstein vgs er lokalisert i eit område av regionen der det er forventet ein auke i elevtalet i åra som kjem. Det er difor vurdert som fornuftig å legge til rette for ein auke i kapasiteten for Studiespesialiserande. Dette saman med å legge til rette for å samle Service og ein del mindre tiltak, gjer at ein får eit samla investeringsbehov på 66 mill.

Volda vgs har dei seinare åra vore gjennom ei omfattande renovering av hovudbygget. Det som skal til for å gjere skolen komplett, er at Medium og kommunikasjon og Musikk, dans og drama blir samlokalisert med resten av skolen. Desse utdanningsprogramma held i dag til i den gamle Handelsskulen, som er vurdert som dårleg egna. Samlokaliseringa er kostnadsrekna til 94,4 mill.

## GRUNNLAGSINFORMASJON

For å få betre samanheng mellom argumentasjon og referansar, har vi valt å ta med ein vesentleg del av grunnlagsinformasjonen frå Høyring 1 også i denne høyringa.


### Befolkningsutvikling/ elevgrunnlag

#### Utvikling befolkning Eiksund regionen. v/Trygve Grydland

Møre og Romsdal har opplevd ei god folketalsutvikling dei siste ti åra, og særleg sidan 2007. Veksten i folketalet skyldast i hovudsak eit fenomen, innvandring frå utlandet. Desse innvandrarane kjem for å arbeide, og dette gjer at folketalsutviklinga i Møre og Romsdal er tett knytt til utviklinga i arbeidsmarknaden. Som kartet under synar så kjem veksten i dei ytre delane av fylket og kring byane. I Eiksundregionen har veksten vore høgare enn i fylket sett under eitt. Ulstein, Herøy, Hareid og Volda hadde ein vekst over fem prosent i perioden 2003-2013, medan Ørsta og Sande hadde ein noko svakare vekst i same tidsperiode. Vanylven var den einaste kommunen som opplevde ein sterk nedgang i regionen i tidsrommet.


#### Folketilveksten i Møre og Romsdal etter type 10 år, 1.1 2003-2013

Kjelde: SSB




Flyttebalansen til Møre og Romsdal består av eit innanlandsflyttetap, medan vi får ein solid vinst i frå innvandring frå utlandet. Figuren under synar korleis aldersfordelinga i nettoflytting er. Som ein kan sjå så flyttar svært mange unge frå Møre og Romsdal i aldersgruppa 18-30 ut, medan nokre få flytta heim seinare. Dette kan ein sjå i den positive innanlandsflyttinga i aldersgruppa 32-40 og 0-8 år. Innvandringa frå utlandet er der i mot positiv i alle aldersgrupper, men er særleg høg i aldersgruppa 20-40 år. Det grønne feltet er samla nettoflytting når ein tek med både netto innanlands- og utanlandsk flytting. Som ein kan sjå har fylket eit samla flyttetap i aldersgruppa 18-28 år, medan den

er positiv i dei yngre aldersgruppene og frå 28 år og eldre. Eiksundregionen skil seg ikkje frå resten av fylket i flyttemønsteret. Internt i regionen er det skilnader mellom kommunane, der Ulstein kommune spesielt skil seg frå resten med høg tilflytting frå utlandet, medan Vanylven har same fråflyttingsprofil som dei andre kommunane, men utan ei innvandring frå utlandet til å motverke fråflyttinga innanlands.




Om vi ser spesifikt på folketalsutviklinga i Eiksundregionen så har befolkningsutviklinga vore negativ sidan år 2000 om det ikkje hadde vore for arbeidsinnvandringa til regionen. Figuren nedanfor synar ei historisk befolkningsutvikling kor folketalet og befolkningsveksten er korrigert for nettoinnvandring, noko som tilsvara om lag 4500 innbyggjarar i regionen sia år 2000. Av desse har 30 prosent flytta til Ulstein kommune. Den raude delen av stoplane er kumulert innvandring frå utlandet.




Figuren synar også ei befolkningsframskrivning fram til 2023 kor det er nytta mellomalalternativet til SSB med (grøn + lilla) og utan nettoinnvandring (berre grøn). Som ein kan sjå vil regionen oppleve ein svak vekst utan nettoinnvandring frå utlandet. Det er ikkje noko som tilseier at regionen eller fylket ikkje vil ha innvandring frå utlandet i framtida, men det er viktig at ein veit kor stor betydning den har for folketalsutvikling og kva ei folketalsutvikling utan innvandring vil sjå ut.

Figuren under syna befolkning og framtidig befolkning (SSB mellomalalternativ) i 2040 fordelt etter kjønn og alder. Det er særleg i dei eldre aldersgruppene befolkningsveksten vil komme, samstundes som regionen opplev ein svakare vekst i alle aldersgrupper, trass at den i enkelt aldersgrupper er låg.

## Folketal og folketalsframskriving fordelt på aldersgrupper og kjønn til 2040 etter alt. MMMM - Eiksundregionen



## Samla vekst mot 2040.




Ei befolkningsframskriving med horisont mot 2040 er prega av stor usikkerheit, men teiknar likevel eit bilete av korleis folketalet i fylket vil utvikle seg i tida framover. Usikkerheita i ei befolkningsframskriving aukar jo lengre tidshorizonten er. Årsaka er at den byggjer på ei initialbefolkning som blir påverka av ratar for dødelegheit, fruktbarheit, flytting og innvandring. Desse ratane kan endre seg raskt, særleg i ein region kor til dømes næringslivet har så stor betydning for folketalsutviklinga som i Møre og Romsdal. I Eiksundregionen er det venta befolkningsauke fram mot 2040 i fem av dei sju kommunane, og særleg i Ulstein, kor veksten er venta å være nærare 50 prosent. Sande og Vanylven vil i følgje prognosane oppleve ein svak befolkningsnedgang. Regionen sett under eit vil ha ein vekst i overkant av 20 prosent, noko som er sterkare enn til dømes Molderegionen og Kristiansundsregionen.

### Aldersgruppa 16-19 år.

Om ein spesifikt ser på aldersgruppa 16-19 år er det store variasjonar i korleis utviklinga har vore og korleis den i følgje befolkningsprognosane vil være. Om vi tek utgangspunkt i ei historisk utvikling sidan 1986, der talet på 16-19 åringar i befolkninga det året blir brukt som indeks så ser ein at det samla fram mot 2012 (året som SSBs befolkningsprognosar springer ut frå) har vore ei nedgang på nærare 20 prosent sidan 1986 for regionen sett under eit. Fram mot 2040 aukar folketalet i aldersgruppa, men når ikkje heilt opp til nivået i 1986. Med andre ord er det venta ei svak vekst frå 2012 til 2040, men ikkje nok til at talet blir like høgt som i 1986. For dei ulike kommunane er det svært store skilnader i korleis befolkningsutvikling i aldersgruppa har vore, og korleis prognosane

peikar. Ulstein vil ha ein svært høg vekst, og motverkar den store nedgangen som prognosane synar for Sande og Vanylven. Dei vil i følgje prognosane ha ei befolkning i aldersgruppa som berre er 40 prosent av kva den var i 1986. No vil utvikling sjå verre ut enn om vi hadde brukt 2012/2013 tal som utgangspunkt for indeksen, men da vil ein mista den historiske konteksten som er at denne aldersgruppa har hatt ei svært dårleg utvikling.




Pendling og arbeidsplassar.

Det er to kommunar i regionen som har eit overskot av arbeidsplassar registrert i kommunen sett i forhold registert sysselsette bustatt i kommunen. Det er Ulstein og Volda, men det er særleg Ulstein som skil seg ut, med eit stort behov for innpendling. Dei to kommunane har òg ein svært ulik profil på arbeidsmarknaden. I Ulstein dominerer den maritime næringa, medan Volda har ein stor andel offentlege arbeidsplassar, som følgje av at både det ligg både sjukehus og høgskole i kommunen. Ulstein og Herøy har eit maskulint næringsliv, prega av høge inntekter. Begge kommunane kjem høgt om ein rangerar gjennomsnittleg bruttoinntekt for menn i fylket, men ikkje tilsvarende for kvinner. Til dømes er gjennomsnittleg bruttoinntekt for kvinner under 50 prosent av gjennomsnittleg bruttoinntekt for menn (sjå Fylkesstatistikk). Eit døme på den sterke arbeidsmarknaden i regionen kan være at det pendlar fleire frå Ålesund til Ulstein enn omvendt. Kvardagsregionkartet synar kva kommunar som har høgast innpendling, og kvar pendlarane kjem i frå. Det er ikkje eit kart som får frem den fullstendige dynamikken i ein region, men som synar dei sterkaste trendane.

## Kvardagsregionar

Kjelde: SSB / Møre og Romsdal fylkeskommune



### Samandrag – Utvikling i elevgrunnlag

Samla sett er elevtalet på ein topp no som ein ikkje vil ta att før i ca 2030.

Den kommunen som skil seg vesentlig ut er Ulstein, som har ein markert vekst for denne aldersgruppa i perioden (omlag 44%). Det gjer at den samla forventa elevtalsauken i regionen i stor grad vil kome ved dei skolane som naturleg rekrutterer frå Ulstein kommune. Med dagens skolestruktur vil det i hovudsak gjelde Ulstein vgs og Herøy vgs.

I Hareid går den aktuelle elevgruppa ned dei komande åra, men er forventa å stabilisere seg på dagens nivå mot slutten av perioden.

Vanylven og Sande ser ut til å fortsette ein pågåande nedgang i vel 10 år framover før det stabiliserer seg på det nivået.

Ørsta og Herøy er forventa å ligge på om lag på dagens nivå, med ein svak vekst mot slutten av perioden.

Volda kommune har først ein nedgang i denne aldersgruppa, men ser ut til å kome over dagens nivå igjen mot slutten av perioden.

Prognosane for 2040 tilseier ein samla auke i elevtalet for regionen på omlag 160-170 elevar.

Med den dimensjoneringa vi har lagt til grunn så langt er elevtalsauken rimeleg jamt fordelt mellom skolane. Sidan den forventa elevtalsveksten viser seg å vere så skeivt fordelt i regionen, må ein i det vidare arbeidet vurdere å legge til rette for ein større kapasitetsauke for dei skolane som er



forventa å rekruttere mest frå Ulstein kommune. Særleg frå 2025 og utover kan dette behovet gjere seg gjeldande.

## Søking og elevpendling

### Kommunane

Oversikten nedanfor viser kva skolar elevane frå dei ulike kommunane søkte seg til i skoleåret 2013/2014.

### Hareid

SKOLAR	ELEVAR	%
Akademiet vgs Ålesund As	15	7,5 %
Vestborg vgs As	1	0,5 %
Den Norske skolen i Rojales	2	1,0 %
Den Norske skole Gran Canaria	1	0,5 %
Fagerlia videregående skole	7	3,5 %
Gjermundnes videregående skule	2	1,0 %
Haram videregående skule	4	2,0 %
Herøy videregående skule	38	19,1 %
Stranda videregående skule	1	0,5 %
Sunddal videregående skole	1	0,5 %
Ulstein videregående skule	85	42,7 %
Volda videregående skule	1	0,5 %
Ørsta videregående skule	4	2,0 %
Ålesund videregående skole	9	4,5 %
Borgund videregående skole	27	13,6 %
Tøndergård skole og ressurscenter	1	0,5 %
<b>SUM</b>	<b>199</b>	

Kommentarar:

- Alle 15 som går Medium og kommunikasjon vel tilbod i Ålesund framfor Volda vgs.
- Ein relativt stor del yrkesfagelevar til Borgund, men ein del av dette skuldast vg2/-3 tilbod som ikkje fins i regionen.
- Samla søker 64,3% eit tilbod innan regionen. Det er vesentleg mindre enn dei andre kommunane.

### Herøy

SKOLE	ELEVAR	%
Akademiet vgs Ålesund As	5	1,4 %
Kongshaug Musikkgymnas As	1	0,3 %
Vestborg vgs As	8	2,3 %
Den Norske skole Costa Blanca	1	0,3 %
Fagerlia videregående skole	10	2,8 %
Gjermundnes vidaregåande skule	2	0,6 %
Haram vidaregåande skule	3	0,8 %
Herøy vidaregåande skule	130	36,8 %
Romsdal vidaregåande skole	1	0,3 %
Ulstein vidaregåande skule	144	40,8 %
Volda vidaregåande skule	25	7,1 %
Ørsta vidaregåande skule	6	1,7 %
Ålesund vidaregåande skole	8	2,3 %
Borgund vidaregåande skole	9	2,5 %
<b>SUM</b>	<b>353</b>	

Kommentarar:

- Elevane søker i hovudsak Herøy vgs og Ulstein vgs(77,6%).
- 8,8% til Volda/Ørsta. Mest til Musikk, dans og drama/Medium og kommunikasjon/Design og handverk(Utdanningsprogram som det berre er tilbud om i Volda/Ørsta).
- 9,0% søker til skular i Ålesund.

### Ulstein

SKOLE	ELEVAR	%
Akademiet vgs Ålesund As	5	1,6 %
Krokeidesenteret As	1	0,3 %
Vestborg vgs As	2	0,7 %
Firda vidaregåande skule	1	0,3 %
Fagerlia videregående skole	12	3,9 %
Haram vidaregåande skule	1	0,3 %
Herøy vidaregåande skule	37	12,1 %
Kristiansund vidaregåande skole	1	0,3 %
Sykkylven vidaregåande skule	1	0,3 %
Ulstein vidaregåande skule	195	63,9 %
Volda vidaregåande skule	10	3,3 %
Ørsta vidaregåande skule	13	4,3 %
Ålesund vidaregåande skole	10	3,3 %
Borgund vidaregåande skole	16	5,2 %
<b>SUM</b>	<b>305</b>	

Kommentarar:

- Elevane søker i hovudsak Herøy vgs og Ulstein vgs(76,0%), men med klar overvekt til Ulstein vgs(63,9)
- 7,6% til Volda/Ørsta.
- 9,0% søker til skular i Ålesund.

### *Sande*

SKOLE	ELEVAR	%
Akademiet vgs Ålesund As	2	2,4 %
Vestborg vgs As	1	1,2 %
Fagerlia vidaregåande skole	4	4,7 %
Gjermundnes vidaregåande skule	1	1,2 %
Herøy vidaregåande skule	14	16,5 %
Ulstein vidaregåande skule	48	56,5 %
Volda vidaregåande skule	3	3,5 %
Ørsta vidaregåande skule	1	1,2 %
Ålesund vidaregåande skole	5	5,9 %
Borgund vidaregåande skole	6	7,1 %
<b>SUM</b>	<b>85</b>	

Kommentarar:

- Over halvparten av elevane vel eit studieførebuande tilbod ved Ulstein vgs.
- 5% reiser til Volda/Ørsta. Alle på tilbod som ikkje fins i Ytre.
- Ingen særskilde trendar i søknaden til skulane utanfor regionen.

## Volda

SKOLE	ELEVAR	%
Norges Toppidrettsgymnas Lillehammer As	1	0,3 %
Akademiet vgs Ålesund As	1	0,3 %
Tryggheim skular As	1	0,3 %
Unge Sjømenns Kristelige Forening (Gann)	1	0,3 %
Framnes Kristne vidaregåande skule	1	0,3 %
Sygna vgs As	1	0,3 %
Vestborg vgs As	3	0,8 %
Mesna videregående skole	1	0,3 %
Sauda vidareg skule (Inkl. Fil. Sand)	2	0,5 %
Atlanten videregående skole	3	0,8 %
Fagerlia videregående skole	5	1,3 %
Herøy vidaregåande skule	5	1,3 %
Kristiansund videregående skole	1	0,3 %
Sykkylven vidaregåande skule	2	0,5 %
Ulstein vidaregåande skule	11	2,9 %
Herøy vidaregåande skule, avd Vanylven	2	0,5 %
Volda vidaregåande skule	229	59,5 %
Ørsta vidaregåande skule	103	26,8 %
Ålesund videregående skole	4	1,0 %
Borgund vidaregåande skole	5	1,3 %
Gauldal videregående skole	1	0,3 %
Malvik videregående skole	1	0,3 %
Breivang videregående skole	1	0,3 %
<b>SUM</b>	<b>385</b>	

Kommentarar:

- 86,3% søker til Volda vgs og Ørsta vgs.
- 4,2% til Ulstein/Herøy. (Mest til TP/TAF, Idrettsfag, naturbruk og maritime fag)
- 3,9% til skular i Ålesund. (Dei fleste til tilbod som ikkje fins i regionen)

### Ørsta

SKOLE	ELEVAR	%
Kongshaug Musikkgymnas As	1	0,3 %
Vestborg vgs As	4	1,0 %
Sauda vidareg skule (Inkl. Fil. Sand)	2	0,5 %
Atlanten vidaregåande skole	1	0,3 %
Fagerlia vidaregåande skole	6	1,5 %
Gjermundnes vidaregåande skule	2	0,5 %
Haram vidaregåande skule	2	0,5 %
Herøy vidaregåande skule	6	1,5 %
Kristiansund vidaregåande skole	2	0,5 %
Sykkylven vidaregåande skule	2	0,5 %
Ulstein vidaregåande skule	13	3,3 %
Volda vidaregåande skule	197	49,5 %
Ørsta vidaregåande skule	131	32,9 %
Ålesund vidaregåande skole	10	2,5 %
Borgund vidaregåande skole	19	4,8 %
<b>SUM</b>	<b>398</b>	

Kommentarar:

- 82,4% søker til Volda vgs og Ørsta vgs.
- 4,8% til Ulstein/Herøy. (Mest til TP/TAF, Idrettsfag, naturbruk og maritime fag)
- 8,8% til skular i Ålesund. (Dei fleste til tilbud som ikkje fins i regionen)

### Vanylven

SKOLE	ELEVAR	%
Akademiet vgs Ålesund As	1	0,7 %
Gjennestad videregående skole	1	0,7 %
Vestborg vgs As	1	0,7 %
Øya videregående skole	1	0,7 %
Måløy vidaregåande skule	3	2,2 %
Fagerlia videregående skole	2	1,5 %
Gjermundnes vidaregåande skule	1	0,7 %
Herøy vidaregåande skule	3	2,2 %
Romsdal vidaregåande skole	1	0,7 %
Spjelkavik vidaregåande skole	1	0,7 %
Ulstein vidaregåande skule	27	19,7 %
Herøy vidaregåande skule, avd Vanylven	45	32,8 %
Volda vidaregåande skule	35	25,5 %
Ørsta vidaregåande skule	9	6,6 %
Ålesund vidaregåande skole	1	0,7 %
Borgund vidaregåande skole	4	2,9 %
Tøndergård skole og ressurscenter	1	0,7 %
<b>SUM</b>	<b>137</b>	

Kommentarar:

- Dei fleste vg1 elevane vel eitt av tilboda ved Herøy vgs, avdeling Vanylven. Den einaste «konkurrenten» er idrettsfag ved Ulstein vgs.
- Elevane som skal gå vg2/-3 studiespesialisering vel Volda vgs.
- Yrkesfag elevane vel Ørsta vgs og elektrofag ved Ulstein vgs.

## Skolane

Tabellane under viser kva kommune elevane ved dei vidaregåande skolane i regionen kjem i frå.

### Herøy vgs

KOMMUNE	ELEVAR	%
Vanylven	3	1,3 %
Sande (M.R.)	14	6,0 %
Herøy (M.R.)	130	55,6 %
Ulstein	37	15,8 %
Hareid	38	16,2 %
Volda	5	2,1 %
Ørsta	6	2,6 %
Skodje	1	0,4 %
SUM	234	

### Ulstein vgs

KOMMUNE	ELEVAR	%
Skien	1	0,2 %
Molde	1	0,2 %
Ålesund	1	0,2 %
Vanylven	27	5,0 %
Sande (M.R.)	48	8,9 %
Herøy (M.R.)	144	26,8 %
Ulstein	195	36,3 %
Hareid	85	15,8 %
Volda	11	2,0 %
Ørsta	13	2,4 %
Stranda	3	0,6 %
Sykkylven	1	0,2 %
Skodje	1	0,2 %
Sula	3	0,6 %
Giske	1	0,2 %
Haram	1	0,2 %
_ Ukjent	1	0,2 %
SUM	537	

### *Volda vgs*

KOMMUNE	ELEVAR	%
Vanylven	35	7,0 %
Sande (M.R.)	3	0,6 %
Herøy (M.R.)	25	5,0 %
Ulstein	10	2,0 %
Hareid	1	0,2 %
Volda	229	45,5 %
Ørsta	197	39,2 %
Stranda	1	0,2 %
Sykkylven	1	0,2 %
Fræna	1	0,2 %
SUM	503	

### *Ørsta vgs*

KOMMUNE	ELEVAR	%
Ålesund	3	1,1 %
Vanylven	9	3,3 %
Sande (M.R.)	1	0,4 %
Herøy (M.R.)	6	2,2 %
Ulstein	13	4,7 %
Hareid	4	1,5 %
Volda	103	37,6 %
Ørsta	131	47,8 %
Stranda	2	0,7 %
Sykkylven	1	0,4 %
Haram	1	0,4 %
SUM	274	

### *Herøy vgs, avd. Vanylven*

KOMMUNE	ELEVAR	%
Selje	1	2,1 %
Vanylven	45	93,8 %
Volda	2	4,2 %
SUM	48	



## Hybelbuarar

Tabellen viser tal på hybelbuarar registrert ved skulane, sortert etter kommune:

	Herøy vgs	Ulstein vgs	Volda vgs	Ørsta vgs	SUM
Hareid	1	0	0	0	1
Herøy	0	1	13	2	16
Ulstein	2	0	1	0	3
Sande	2	2	1	0	5
Volda	5	0	19	23	47
Ørsta	6	2	7	9	24
Vanylven	5	22	32	9	68
Andre	2	4	3	9	18
SUM	23	31	76	52	182

- Nesten alle elevane frå Vanylven som går på skolar utanfor kommunen vel å bu på hybel.
- Mange elevar frå Volda og Ørsta kommune vel å bu på hybel sjølv om dei går på skole i Ørsta og Volda. Dette har truleg samanheng med lange reiseavstandar innanfor kommunane.
- Om lag halvparten av elevane frå Herøy som går på skole i Volda og Ørsta bur på hybel medan elevane frå Hareid, Ulstein og Sande vel å bu heime.
- Elevane frå Volda og Ørsta som går ved Herøy vgs bur alle på hybel, medan dei som går ved Ulstein vgs bur heime.
- Elevane frå Hareid, Ulstein, Sande og Herøy bur i liten grad på hybel når dei går på Herøy vgs og Ulstein vgs.

## Samferdsel – kollektivløysingar

I møter med skoleleiingane og elevane i regionen, kjem det tydeleg fram at ingen av skolane er fullt ut nøgde med dagens kollektivtilbod. Generelt sett handlar dette om liten fleksibilitet i høve til ruter utanom felles fastsette tider for skolestart og skoleslutt og det er avgrensingar i høve til kva bussruter elevane kan nytte seg av. Busstilbodet verkar heller ikkje å vere godt tilpassa ein situasjon der vi tenkjer oss større mobilitet mellom kommunar i Indre og skoletilbod i Ytre og motsett. Kollektivtransporttilbodet ser ut til å vere ein betydeleg flaskehals for fleire av alternativa til ny tilbodsstruktur.

Ein vil i det vidare arbeidet freiste å klarleggje kva konsekvensar det nye «Garnes prosjektet» kan ha å seie i høve til meir effektiv reisetid og rutetilbod.

## Vidaregåande skolar og tettstadsutvikling

Det har undervegs i prosessen vore vurdert om ein skulle sjå på nye tomtealternativ med ei meir geografisk sentral plassering i regionen. Arne Dag Gjerde ved Regional og næringsavdelinga trekkjer fram ein del argument og kriterier som talar for meir sentrumsnær plassering:

- *I en tidligere veileder for utbygging av skoleanlegg fra Utdanningsdirektoratet, var skolen som samfunnsinstitusjon spesielt løftet fram. Dette må vektlegges også ved skolen si plassering ift byplan/senterplan iflg veilederen. Historisk var dette også et viktig moment ved datidas byplanlegging: «kunnskap skal styra rike og land». Skolen skal sikres en sentral plassering i byens/stedets sentrum.*
- *Rent praktisk er det også flere sider som er viktig ved vurdering av skolen si plassering sentralt eller perifert. Ei sentral plassering gir mogleghet for at ulike funksjoner kan nytte felles areal og slik være samfunnsøkonomisk gunstig. Dette gjelder areal til kollektivtrafikk, grøntareal/parker, bibliotek, møterom, konsertrom mfl.*
- *Siden ulike kontor/næringsareal vanligvis ligger sentralt plassert, vil skolen si samhandling med disse være enklere ved sentral plassering av skolen.*
- *Andre offentlige tjenester som elever/tilsatte i ulike sammenhenger har bruk for: tannlege/lege/politi/kommunale kontorer vil også være lettere å gjøre bruk av ved sentral plassering av skolen.*
- *Den fortetting som skjer i norske byer og tettsteder nå, vil også gjøre transportbehovet mindre for elever/lærere ved ei slik plassering.*
- *Fagrådet for bærekraftig bypolitikk som den 16. 12 2014 avleverte sin sluttrapport til regjeringa, argumenterer også for sentral plassering av ulike offentlige institusjoner for å redusere transportbehovet.*

## MÅLSETJINGAR FOR TILBODS- OG SKOLESTRUKTUR I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING I MØRE OG ROMSDAL

I sak UD 6/14 har utdanningsutvalet gjort vedtak om målsetjingar i høve til struktur og tilbod for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal. Desse målsetjingane er lista opp nedanfor og nytta som utgangspunkt for vurderingar i høyringsdokumentet.

### Overordna målsettingar

#### **1. Skolestrukturen skal for kvar region i fylket vere føreseieleg over tid for elevane, tilsette, næringsliv, offentleg sektor og organisasjonar elles.**

Dei vidaregåande skolane er viktige samfunnsaktørar både når det gjeld næringsliv, kulturliv, idrett og organisasjonsliv elles. Eit overordna mål er difor at ein i regionen har ein føreseieleg skolestruktur.

Ein robust skolestruktur vil leggje eit grunnlag for å byggje fagmiljø slik at pedagogisk og fagleg planleggings- og utviklingsarbeid kan ha kontinuitet.

#### **2. Tilbodsstrukturen ved den einkilde skole skal vere føreseieleg over tid for elevane, tilsette, lokalt næringsliv, offentleg sektor og lokale organisasjonar elles.**

For både fylkeskommunal og kommunal planlegging er det viktig at ein har ein føreseieleg tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring lokalt. For rekruttering av lokal og regional arbeidskraft er det viktig å ha ein vidaregåande skole med relevante tilbod for både elevar, tilsette og arbeidslivet regionalt og lokalt.

Ein robust tilbodsstruktur vil og leggje grunnlag for å byggje fagmiljø som har kontinuitet, noko som er viktig i skolen sitt langsiktige kvalitetsarbeid.

#### **3. Det skal vere fritt skoleval.**

I samband med prosjektet Omstilling 2000 – Struktur gjennomgangen - fatta utdanningsutvalet slikt vedtak i sak Ud-32/2000 A;

«21. Frå skoleåret 2001/02 kan søkjarar til vidaregåande opplæring i fylket søkje den skolen dei ønskjer. Vedtaket i sak Sk-128/94 A er med dette oppheva.»

Vedtaket vart stadfesta av fylkesutvalet i sak U-93/00 A og av fylkestinget i sak

T-26/00 – «Fylkesrådmannen får fullmakt til å iverksetje omstillings- og innsparingstiltak slik det går fram av lista ovanfor og i henhold til retningslinjene som blir trukke opp i Sak U-93/00 A.»

Dette vart stadfesta i sak Ud-44/00 A - Omstilling 2000 – oversendingsframlegg.

Erfaringane med fritt skoleval er at elevane i stor grad søker næraste skole når skolen har eit tilbod som dei primært ønsker. På grunn av den regionale skole- og tilbodsstrukturen har det alltid vore «lekkasjar» mellom inntaksområda, spesielt søkinga inn til dei tre byane.

Fritt skoleval har ikkje ført til store endringar i søkjarane sin skoleønske, det er andre faktorar som t.d. kommunikasjonar og skystid som har gjort at det er større elevutvekslingar mellom inntaksområda.

#### **4. Flest mogleg av Vg1-elevane skal ha moglegheit til å bu heime.**

Dersom dei fleste elevane skal ha moglegheit for å bu heime må den vidaregåande skolen lokalt ha tilbod som er attraktive å søkje for både gutar og jenter. Dette har ein og lagt vekt på i den tilbodsstrukturen som er bygt opp med kombinerte skolar i distrikta og at desse skolane har sentrale utdanningsprogram som t.d. Studiespesialisering, Helse- og oppvekstfag og Teknikk og industriell produksjon.

Ein god infrastruktur når det gjeld skoleskyss vil og vere med å leggje tilhøva til rette for at elevane kan bu heime sjølv om dei ikkje vel næraste skole.

#### **5. 90% av rettssøkjarane skal få sitt primærønske om val av Vg1-utdanningsprogram oppfylt.**

Dette er ei målsetting som har vært innarbeidd i Økonomiplanen og som står som ei målsetting for inntaket. Målsettinga har konsekvensar for den regionale tilbodsstrukturen, noko som vil bety at dei fire regionane kvar for seg må gi tilbod om flest mogleg utdanningsprogram.

I den strukturen ein har er det berre «grønt» Naturbruk som er sentralisert til ein skole – Gjermundnes vidaregåande skole.

I dei siste åra har oppfylting av primærønsket variert mellom 86 - 89%.

#### **6. 90% av elevane på Vg2-yrkesfag som søker lærekontrakt primært skal få sitt ønske oppfylt.**

Status er at om lag 85% av Vg2-elevane som primært søkte lærekontrakt har fått ønsket sitt oppfylt, men det er berre om lag 56% av Vg2-elevane i relevante yrkesfag som søker lærekontrakt primært. Difor er utfordringa at ein må ha fleire lære plassar samtidig som at ein må motivere yrkesfagelevane til å velje lære plass framfor skoleplass (t.d. påbygging) eller andre tiltak.

## **Dimensjonering**

#### **7. Samla skolekapasitet skal dimensjonera ut frå forventa elevtalsutvikling i regionen og ta omsyn til utveksling av elevar mellom regionane.**

I ei kapasitetsvurdering må ein både ha eit langsiktig og mellomlangt perspektiv. Dei elevane som søker vidaregåande skole rekrutterast i all hovudsak direkte frå ungdomsskolen til Vg1. Av alle søkjarane til dei vidaregåande skolane utgjør dei med ungdomsrett om lag 90%, det er få vaksne søkjarar som tek i mot tilbod om plass.

Som grunnlag for dimensjoneringa i regionane legg ein til grunn elevtal registrert i grunnskolen og ungdomsskolen, framskrivingstal for 16-åringar frå SSB og erfaringstal når det gjeld elevutveksling mellom regionane..

**8. Kapasiteten ved kvar skole skal dimensjonerast ut frå forventa elevtalsutvikling i inntaksområdet og forventa utveksling av elevar mellom inntaksområda i regionen.**


Datagrunnlaget for inntaksområdet til kvar skole følgjer same modell som for kvar region, pkt. 7.

**9. Dimensjonering av yrkesfagtilboda skal i hovudsak samsvare med næringslivet og offentleg sektor sine behov for faglært arbeidskraft i fylket, i regionen og lokalt.**

Søkjerbiletet til Vg1 er no at 49% av ungdomane søker studiespesialiserande utdanningsprogram (studiespesialisering, musikk/dans/drama, idrettsfag og medier og kommunikasjon) medan 51% søker primært dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. For nokre år tilbake var fordelinga om lag 45/55.

Figuren viser prognose for utvikling av behovet for kompetanse fram mot 2030 (frå SSB sine Økonomiske analyser 3/2012 – Utdannes det riktig kompetanse for fremtiden?)

Figur 2. Sysselsetting etter utdanning, andel av total sysselsetting, 1986-2030



Figur 1

I rapporten oppsummerast utfordringane med m.a.

«Ved hjelp av demografiske og økonomiske modeller finner Statistisk sentralbyrå at det norske utdanningssystemet er godt tilpasset fremtidens etterspørsel etter utdannet arbeidskraft. Men det utdannes trolig for få personer med videregående fagutdanning rettet inn mot industri og bygge- og anleggsvirksomhet, ingeniører, andre med realfagsbakgrunn, helsepersonell og lærere. På den andre siden kan utdanningen av personer med økonomi og administrasjon, samfunnsfag, sosialfag og humanistiske og estetiske fag være i overkant av den forventede veksten i etterspørselen.»

«I tillegg til endring i utdanningspolitikken og påvirkning av ungdoms utdanningsvalg, vil ubalansene (relatert til dagens utdanningsetterspørsmål) bli motvirket ved at arbeidsgiverne fyller behovene for en gruppe de ser knapphet på med en nærliggende gruppe. I de siste årene har knapphet på arbeidere med videregående fagutdanning rettet inn mot industri og bygge- og anleggsvirksomhet, ingeniører og andre med realfagsbakgrunn og helsepersonell også blitt motvirket gjennom økt innvandring. Men det er likevel et bekymringsfullt trekk at underdekningen for disse gruppene ser ut til å vedvare samtidig som det utdannes for mange innenfor økonomi og administrasjon, samfunnsfag og humanistiske og estetiske fag.»

Desse problemstillingene vart og omtalt i Stortingsmelding 44 – Utdanningslinja – og behandla i sak Ud-34/12 (Yn-11/12) – Evaluering av Kunnskapsløftet - der ein peikte på hovudutfordringa for rekruttering til arbeidslivet;

«Medan berekningar av arbeidskraftbehovet framover viser at ein i 2025 vil ha behov for at 50 prosent av arbeidsstyrken har utdanning på videregående nivå, er det berre 17 prosent av ungdomskullet som går ut av videregående med slik kompetanse. At berre vel 70 % gjennomfører videregående opplæring, viser at ein etter kvart vil risikere å få ei stor gruppe på arbeidsmarknaden som konkurrerer om stadig færre ufaglærte jobbar. Når nesten 50 prosent av ungdomskullet går vidare til høgare utdanning, tyder det på at mange nok vel den vegen. På den andre sida viser gjennomføringsstatistikk for høgare utdanning at 41 prosent av dei som begynte i 2001, ikkje hadde fullført med ein akademisk grad ti år etter».

Det er difor viktig at ein har gjennomgåande tilbod innafor yrkesfag med ei utvikling som gjer at fleire vel læreplan som fullføring av si opplæring.

#### **10. For at fylket og regionane skal ha tilgang til arbeidskraft med høgare utdanning er det ønskeleg å auke talet på elever på som tek studiekompetanse spesielt med fordjuping i realfag.**

I SSB sin Økonomiske analyse 3/2012 – «Utdannes det riktig kompetanse for fremtiden?» - og i NAV sine bedriftsundersøkingssrapporter vert det understreka at ein vil få knappheit på ingeniørar og sivilingeniørar dersom ikkje fleire vel realfag. I SSB sin Økonomiske analyse seier ein;

«Etterspørselskurvene for både ingeniørar, sivilingeniørar og andre personer med realfagsbakgrunn burde trolig også ha vært hevet for å ta hensyn til det udekkede behovet i utgangspunktet. For ingeniørane utdannes det dessuten færre enn det som

er nødvendig for opprettholde bestanden. En vesentlig årsak til dette er at gruppen har et stort innslag av eldre arbeidstakere som snart går av med pensjon. Sivilingeniørane består i større grad av yngre arbeidstakere sammenlignet med ingeniørane. Både for ingeniørar og sivilingeniørar er etterspørselen frem mot 2030 påvirket av en forutsetning om en mogleg nedtrapping av petroleumsvirksomheten. Det er imidlertid stor usikkerhet forbundet med når og hvor raskt dette vil gjøre seg gjeldende, og betydningen av alternative forutsetninger om utviklingen i denne næringen er drøftet av Gjelsvik (2011). Forutsetninger om økende bruk av ingeniørar og sivilingeniørar i alle andre næringer som følge av den teknologiske utviklingen trekker etterspørselen opp.»

Det er viktig å motivere elevar til å velje realfag og sikre at skolane kan gi tilbod om fordjuping innafor dei ulike realfaga, gjerne som samarbeid mellom fleire skolar gjennom nett- og fjernundervisningsressursar, jf. pkt.16.

**11. Fagtilboda bør i all hovudsak fordelast slik at naboskolar og skolar i same region ikkje blir store konkurrentar.**

Dersom skysordninga ikkje er eit vesentleg moment er det uheldig at naboskolar gir same utdanningstilbod. Det svekker elevgrunnlaget å oppretthalde like tilbod og fører til at ein ikkje har ein føreseileg og robust struktur, noko som gir rekrutteringsutfordringar og kan gi labilitet i ulike fagmiljø på skolane.

**12. Fagtilboda og fagmiljøa bør styrkast kvalitativt og kvantitativt ved at dei blir konsentrert til færre skolar enn den strukturen ein har i dag.**

Det betyr at ein må vurdere ei samordning av utdanningstilbod i kvar region slik at ein kan oppretthalde ein robust skole- og tilbodsstruktur.

**13. Elevane som startar opplæringa i eit utdanningsprogram på Vg1 skal i hovudsak ha eit påbyggjande Vg2/Vg3-tilbod på same skole innafor dei studiespesialiserande utdanningsprogramma (heilskaplege utdanningsløp).**

Normalt må ein ha fleire parallelle klassar i studiespesialisering for at skolen skal ha nok ressursar til å gje eit breitt tilbod av programfag som elevane kan velje mellom. For mange distriktsskolar har ein knapt søking til to parallelar, difor er det innført ein ressurstilodelingsmodell til skolar med 1 - 1,5 klassar innafor studiespesialisering på kvart trinn. Ressursmodellen skal bidra til at elevane som vel studiespesialisering på ein distriktsskole og skal få kunne velje mellom fleire programfag. For å nå målsettinga må denne ressursmodellen vidareførast, men og reviderast, jf. og punkt 16.

## Opplæringsordning

**14. Det skal leggjast til rette for alternative opplæringsløp/opplæring i bedrift.**

Med hovudmodellen for yrkesfagopplæring – 2 år i skole og 2 år i bedrift er ein sikra ein god gjennomføringsmodell. Men den fungerer ikkje godt nok for alle med potensiale til å bli fagarbeidarar. Difor har ein fleire alternativ til å gjennomføre ei praktisk retta opplæring med opplegg som praksisbrev og opplæringskontrakt, og ein fleksibel modell som vekslar mellom skolefag og praktisk retta opplæring. For å betre gjennomføringa og for å motivere ungdom til å gjennomføre opplæring vil ein bruke alle desse tre mogleghetene. I staden for systemet med småskalatilbod og halvklassar vil ein ta i bruk vekslingsmodellen og forplikte offentlege og private verksemder med

intensjonsavtalar/lærekontrakt gjennom inntaket. Dette vil bidra til at verksemdene kan rekruttere lokal/regional kompetent arbeidskraft.

**15. Det kan leggjast til rette for bruk av IKT-løysingar og fjernundervisning som alternativ for å kunne tilby fleire programfagtilbod.**

Innafor framandspråk på nivå III har ein etablert eit fjernundervisningstilbod innanfor fransk, spansk og tysk. Dersom skolane sjølv ikkje har grunnlag for å etablere grupper innafor spesielle programfag vil det vere eit alternativ å tilby val av programfag gjennom fjernundervisningstilbod.

### **Fag- og læringsmiljø**

**16. Gode fagmiljø må sikrast gjennom å rekruttere, behalde og vidareutvikle lærerkompetansen.**

Ein viser til punkta 11 og 12.

**17. Gode fagmiljø/læringsmiljø må sikrast gjennom samarbeid med lokalsamfunn og næringsliv/bedrifter.**

Ein viser til punkta 2 og 9.

### **Skoleskyss og reisetid**

**18. Elever bør ikke ha mer enn 1 time reisetid fra bostedet til skolen.**

Ein viser til pkt. 4.

**19. Det skal leggjast til rette for gode løysingar for skoleskyssen.**

Ein viser til pkt. 3 og 4.

### **Økonomi**

**20. Skole- og tilbodsstrukturen skal gi ein effektiv driftsøkonomi, m.a. ved samling av fagtilbod, betre oppfylling av klassane og betre utnytting av kapasitet på verkstader.**

Ein viser spesielt til punkta 11 og 12.

**21. Skoleareala skal vere driftseffektive for at driftskostnadene skal vere forsvarlege.**



**22. Skoleanlegga skal ha god funksjonalitet og god kopling mellom pedagogikk og utforming/arkitektur. Skoleanlegg bør være generelle og fleksible.**

Punkta 21 og 22 vert vurdert i samband med utarbeiding av utviklingsplanar for skolane.

## **SKOLESTRUKTUR**

### **Hovudalternativ i Høyring 1**

I arbeidet fram mot Høyring 1 vurderte vi i alt sju ulike alternativ for framtidig skolestruktur i Eiksundregionen. Desse vurderingane var grundig gjort greie for i Høyring 1. Vi vel difor her berre å presentere hovudelementa i kvart alternativ: Skolar, Utdanningsprogram, klassetal og elevtal.

### **Alternativ 1 – Dagens struktur**

Alternativ 1 er i all hovudsak ei vidareføring av den strukturen som ligg inne i gjeldande skolebruksplan, med eit noko høgare elevtal for å kompensere for forventa elevtalsauke fram mot 2040.

Skole	Utdanningsområde	Grupper	Elever	SUM
<b>Herøy vgs</b>				<b>312</b>
	Påbygging	1	30	
	Bygg- og anleggsteknikk	2	30	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Naturbruk	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	RM	2	30	
	TPO		12	
<b>Herøy vgs - Vanylven</b>				<b>62</b>
	Studiespesialisering	1	30	
	Helse og oppvekstfag	1	15	
	Teknikk og ind. Produksjon	1	15	
	TPO		2	
<b>Ulstein vgs</b>				<b>604</b>
	Studiespesialisering	11	270	
	Påbygging	1	30	
	Idrettsfag	6	180	
	Elektrofag	3	45	
	Service og samferdsel	3	45	
	TIP/TAF	2	24	
	TPO		10	
<b>Volda vgs</b>				<b>606</b>
	Studiespesialisering	12	360	
	Påbygging	1	30	
	Musikk, dans og drama	3	90	
	Medier og kommunikasjon	3	90	
	Service og samferdsel	2	30	
	TPO		6	
<b>Ørsta vgs</b>				<b>355</b>
	Bygg- og anleggsteknikk	2	30	
	Design og håndverk	2	30	
	Elektrofag	5	75	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Restaurant- og matfag	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	TPO		10	

### Alternativ 2A – 1 skole i Ytre + 1 skole i Indre

Skole	Utdanningsområde	Grupper	Elever	SUM
<b>Ytre vgs</b>				<b>916</b>
	Bygg- og anleggsteknikk	2	30	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Naturbruk	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	RM	2	30	
	Studiespesialisering	11	270	
	Påbygging	2	60	
	Idrettsfag	6	180	
	Elektrofag	3	45	
	Service og samferdsel	3	45	
	TIP/TAF	2	24	
	TPO		22	
<b>Indre vgs</b>				<b>961</b>
	Studiespesialisering	12	360	
	Påbygging	1	30	
	Musikk, dans og drama	3	90	
	Medier og kommunikasjon	3	90	
	Service og samferdsel	2	30	
	Bygg- og anleggsteknikk	2	30	
	Design og håndverk	2	30	
	Elektrofag	5	75	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Restaurant- og matfag	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	TPO		16	
<b>Herøy vgs - Vanylven</b>				<b>62</b>
	Studiespesialisering	1	30	
	Helse og oppvekstfag	1	15	
	Teknikk og ind. Produksjon	1	15	
	TPO		2	

### Alternativ 2B – 2 skolar i Ytre + 1 skole i Indre

Skole	Utdanningsområde	Grupper	Elever	SUM
<b>Herøy vgs</b>				<b>312</b>
	Påbygging	1	30	
	Bygg- og anleggsteknikk	2	30	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Naturbruk	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	RM	2	30	
	TPO		12	
<b>Ulstein vgs</b>				<b>604</b>
	Studiespesialisering	11	270	
	Påbygging	1	30	
	Idrettsfag	6	180	
	Elektrofag	3	45	
	Service og samferdsel	3	45	
	TIP/TAF	2	24	
	TPO		10	
<b>Indre vgs</b>				<b>961</b>
	Studiespesialisering	12	360	
	Påbygging	1	30	
	Musikk, dans og drama	3	90	
	Medier og kommunikasjon	3	90	
	Service og samferdsel	2	30	
	Bygg- og anleggsteknikk	2	30	
	Design og håndverk	2	30	
	Elektrofag	5	75	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Restaurant- og matfag	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	TPO		16	
<b>Herøy vgs - Vanylven</b>				<b>62</b>
	Studiespesialisering	1	30	
	Helse og oppvekstfag	1	15	
	Teknikk og ind. Produksjon	1	15	
	TPO		2	

### Alternativ 2C – 2 skolar i Ytre + 1 skole i Indre(Utan Ørsta)

Skole	Utdanningsområde	Grupper	Elever	SUM
<b>Herøy vgs</b>				<b>558</b>
	Påbygging	1	30	
	Bygg- og anleggsteknikk	4	60	
	Helse og oppvekstfag	8	120	
	Naturbruk	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	16	240	
	RM	4	60	
	TPO		18	
<b>Ulstein vgs</b>				<b>679</b>
	Studiespesialisering	11	270	
	Påbygging	1	30	
	Idrettsfag	6	180	
	Elektrofag	8	120	
	Service og samferdsel	3	45	
	TIP/TAF	2	24	
	TPO		10	
<b>Volda vgs</b>				<b>640</b>
	Studiespesialisering	12	360	
	Påbygging	1	30	
	Musikk, dans og drama	3	90	
	Medier og kommunikasjon	3	90	
	Service og samferdsel	2	30	
	Design og håndverk	2	30	
	TPO		10	
<b>Herøy vgs - Vanylven</b>				<b>62</b>
	Studiespesialisering	1	30	
	Helse og oppvekstfag	1	15	
	Teknikk og ind. Produksjon	1	15	
	TPO		2	

### Alternativ 2D – 1 skole i Ytre + 2 skolar i Indre

Skole	Utdanningsområde	Grupper	Elever	SUM
<b>Ytre vgs</b>				<b>916</b>
	Bygg- og anleggsteknikk	2	30	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Naturbruk	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	RM	2	30	
	Studiespesialisering	11	270	
	Påbygging	2	60	
	Idrettsfag	6	180	
	Elektrofag	3	45	
	Service og samferdsel	3	45	
	TIP/TAF	2	24	
	TPO		22	
<b>Volda vgs</b>				<b>606</b>
	Studiespesialisering	12	360	
	Påbygging	1	30	
	Musikk, dans og drama	3	90	
	Medier og kommunikasjon	3	90	
	Service og samferdsel	2	30	
	TPO		6	
<b>Ørsta vgs</b>				<b>355</b>
	Bygg- og anleggsteknikk	2	30	
	Design og håndverk	2	30	
	Elektrofag	5	75	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Restaurant- og matfag	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	TPO		10	
<b>Herøy vgs - Vanylven</b>				<b>62</b>
	Studiespesialisering	1	30	
	Helse og oppvekstfag	1	15	
	Teknikk og ind. Produksjon	1	15	
	TPO		2	

### Alternativ 3 – Felles skole for yrkesfag

Yrkesfag vgs			667
	Påbygging	1	30
	Bygg- og anleggsteknikk	4	60
	Helse og oppvekstfag	8	120
	Naturbruk	2	30
	Teknikk og ind. Produksjon	16	240
	RM	4	60
	Design og håndverk	2	30
	Elektrofag	5	75
	TPO		22
Ulstein vgs			604
	Studiespesialisering	11	270
	Påbygging	1	30
	Idrettsfag	6	180
	Elektrofag	3	45
	Service og samferdsel	3	45
	TIP/TAF	2	24
	TPO		10
Volda vgs			606
	Studiespesialisering	12	360
	Påbygging	1	30
	Musikk, dans og drama	3	90
	Medier og kommunikasjon	3	90
	Service og samferdsel	2	30
	TPO		6
Herøy vgs - Vanylven			62
	Studiespesialisering	1	30
	Helse og oppvekstfag	1	15
	Teknikk og ind. Produksjon	1	15
	TPO		2

#### Alternativ 4 – Felles skole for Eiksundregionen

Skole	Utdanningsområde	Grupper	Elever	SUM
Eiksund vgs				1877
	Studiespesialisering	21	630	
	Påbygging	3	90	
	Idrettsfag	6	180	
	Musikk, dans og drama	3	90	
	Bygg- og anleggsteknikk	4	60	
	Design og håndverk	2	30	
	Elektrofag	8	120	
	Helse og oppvekstfag	8	120	
	Medier og kommunikasjon	3	90	
	Naturbruk	2	30	
	Restaurant- og matfag	4	60	
	Service og samferdsel	5	75	
	Teknikk og ind. Produksjon	16	240	
	TIP/TAF	2	24	
	TPO		38	
Herøy vgs - Vanylven				62
	Studiespesialisering	1	30	
	Helse og oppvekstfag	1	15	
	Teknikk og ind. Produksjon	1	15	
	TPO		2	

#### Val av framtidig skolestruktur for Eiksundregionen

Når ein starta arbeidet med utviklingsplanane var det semje om at ein skulle gå breitt ut og vurdere alternativ som kunne vere aktuelle både på kort og lang sikt. På denne måten kunne ein gjere vurderingar i høve til kapasitet og utbyggingsmoglegheiter på fylkeskommunen sine tomter og sikre oss at dei vedtaka om utbyggingar vi gjer på kort sikt, ikkje blir ein hemske og hindring for framtidige strukturelle endringar.

Fram til Høyring 2 var det ønskeleg å minske talet på alternativ det skulle arbeidast vidare med. I tillegg til Alternativ 1, vurderte vi det som mest interessant og realistisk å gjere ei grundigare vurdering av alternativ 2B, og kanskje 2A og 2D. Det vil seie dei alternativa som i praksis inneber ei samlokalisering av Volda vgs og Ørsta vgs, og/eller Herøy vgs og Ulstein vgs. Medan ein la vekk alternativ som medfører pendling for store elevgrupper mellom indre og ytre delar av regionen. Desse alternativa kan ha gode grunngevingar i eit fagleg perspektiv, med større fagmiljø og betre breidde i det faglege tilbodet, men vil vere problematisk i høve til mellom anna auka reisetid for ei stor gruppe elevar, og ikkje minst i eit miljø- og kostnadsperspektiv i høve til auka transport. Ein positiv samfunnsvinst kunne vere eit betre utbygd kollektivtrafikktilbod i regionen som også ville kome arbeidstakarar og andre reisande til gode.

Gjennom Høyring 1 med uttalar frå skolane, kommunane, næringsliv og andre interessentar i regionen, kom det fram ein eintydig motstand mot å gjere endringar i høve til skolestruktur. Utanom å vidareføre dagens struktur, var Alternativ 2B, med samlokalisering av Volda vgs og Ørsta vgs, det



som kunne virke mest realistisk å gjennomføre på kort sikt. Dei to kommunane har i lang tid vore ein integrert arbeidsmarknad og har på mange måtar vakse saman. Det synest å vere politisk vilje i begge kommunane til å styrke og vidareutvikle eit meir integrert samarbeid og det er ikkje vurdert som usannsynleg at kommunane på sikt kan bli slått saman. Fylkeskommunen har tidlegare vorte gjort kjend med at også ein felles vidaregåande skole har vore tema i denne prosessen. Gjennom høyringa kjem det tydeleg fram at ingen av kommunane ser at tida er mogen for dette enno. Volda kommune har lange tradisjonar knytt til skoledrift og ser på Volda vgs som ein del av «Campus Volda» og «StudiebygdA» som er viktig for Voldasamfunnet si utvikling og berekraft. Ørsta kommune legg vekt på at dei, som den kommunen med dei største ungdomskulla i regionen, skal ha eit vgs-tilbod. Begge kommunane støttar Alternativ 1 og vil oppretthalde dei vidaregåande skolane i kommunen som i dag.

Volda og Ørsta vgs tilbyr ingen av dei same utdanningsprogramma, men utfyller kvarandre ved at Volda vgs i all hovudsak har studiespesialiserande tilbod og Ørsta vgs har yrkesfaglege tilbod. Det gjer at det er relativt lite å hente i høve til innsparing av areal, med unntak av ein del fellesfunksjonar. På kort sikt, vil ei samanslåing av dei to skolane og kunne føre med seg eit auka investeringsbehov. Volda vgs har i dei siste åra vore gjennom ei omfattande renovering av hovudbygget og er vurdert å ha lang levetid. Det er difor på kort sikt, eit lite ønskjeleg grep å erstatte den eksisterande skolen med nytt bygg på ny tomt. Det er i Høyring 1 gjort arkitektvurderingar av konsekvensar dersom ein samlokaliserar Ørsta vgs sitt tilbod på eksisterande tomt i Volda. Vurderingane visar at dette er mogleg å få til, men kan ikkje seiast å gje fullgode løysingar i høve til dei krava ein stiller til ein nybygd vidaregåande skole. Det vil truleg kunne bli ei løysing som ber preg av to skolar som ligg ved sidan av kvarandre i staden for ein integrert skole. Det vil vere krevjande, og medføre inngrep i eksisterande bygningsmasse, dersom ein skal få til gode fellesareal som omfattar alle elevane.

For Ørsta vgs sin del, tilseier arkitektvurderingane at bygningsmassen er i så dårleg forfatning at nybygg vil vere det beste alternativet. Kommunen har ei ferdig regulert tomt til dette formålet som verkar å vere godt egna. Sett på bakgrunn av dei andre alternativa for skolestruktur vi har drøfta, vil dette vere ei framtidsretta tomt, sidan det her vil vere plass til ein større skole. Det kan vere alt i frå ei samlokalisering med Volda vgs som i Alternativ 2A og 2B, eller ein storskole for heile regionen som i Alternativ 4. Dersom ein skulle velje å renovere bygningsmassen på eksisterande tomt, vil dette gje dårlege moglegheiter for seinare utbygging.

I ytre delar av regionen har Ulstein vgs og Herøy vgs ei tilsvarande fordeling av utdanningsprogram, sjølv om Ulstein vgs med Elektrofag, ikkje kan seiast å vere ein så reindyrka studieforberedande skole som Volda vgs. På same måte som i indre delar av regionen, er det difor truleg liten rasjonaliseringsgevinst i å samlokalisere dei to skolane sidan dei ikkje har nokon av dei same utdanningsprogramma. Ingen av dei to tomtene er vurdert å vere særleg godt egna for ein så stor skole. Sidan Herøy vgs er den skolen med størst behov for opprusting av bygningsmassen og nybygg, ville samlokalisering ved Ulstein vgs ha eit mindre investeringsbehov enn ved Herøy vgs(Arkitektvurderingar – Høyring 1). Arkitektvurderingar i høyring 1 viste at det er plass på tomta til ei slik samlokalisering.

Mange uttalar argumenterer sterkt for å oppretthalde tilbodet til Herøy vgs i Fosnavåg. Det vert vist til behov i næringslivet og eit godt samarbeid mellom skolen og næringane. Nytt simulatorsenter i

kommunen, som skal driftast av Høgskolen i Ålesund, har avtale om å bidra med sin kompetanse til Herøy vgs.

Alle uttalar til Høyring 1 frå ytre delar av regionen støttar å oppretthalde skolestrukturen slik den er i dag. Dette gjeld både skolane, kommunane og næringslivet, men fleire held ope for at strukturendringar kan bli aktuelle seinare og må vurderast som ein del av kommunestrukturarbeidet(Ulstein kommune, Ulstein vgs). Dersom ein vel å følgje innstillinga om byggje ny skole eller renovere Herøy vgs på eksisterande tomt, vil nok ei eventuell samlokalisering av skolane i Ytre ligge svært langt fram i tid. Ingen av desse tomtene vil ha plass nok til ein framtidig storskole for heile regionen. Ingen av tomtene er vurdert å ha ei gunstig plassering i høve til sentrum-/tettstadsutvikling.

Herøy vgs avdeling Vanylven har vi stort sett valt å halde utanfor vurderingane så langt. Skolen held til i leigde lokale i Syvde. Dei disponerer ein bygningsmasse som er i god stand og er godt tilpassa tilbodet ved skolen. Elevane har lang reiseveg til dei andre skolane i regionen og avdelinga har ein viktig funksjon i høve til at færre skal måtte flytte direkte på hybel etter grunnskolen. Utfordringa er utsikter til nedgåande elevtal og kor lenge ein kan oppretthalde eit elevtal som gjer at det er fornuftig å oppretthalde drifta.

## **Oppsummering - skolestruktur**

Regionen omfattar med dagens struktur fire vidaregåande skolar, samt avdelinga i Vanylven. Kvar av skolane har lange tradisjonar i sine kommunar. Dei er viktige institusjonar i kommune og lokalmiljø og er ikkje minst ein viktig faktor i høve til arbeidsplassar og lokal næring. Det er gjennom mange år utvikla samarbeid med lokalt næringsliv og andre samarbeidspartnarar. På bakgrunn av dette, er det ikkje uventa at det gjennom Høyring 1, kjem fram eit stort engasjement frå dei kommunane som er så heldige å ha ein vidaregåande skole, for å behalde skolestrukturen som den er i dag.

På trass av betra kommunikasjon mellom indre og ytre delar av regionen, er det relativt liten utveksling av elevar mellom indre og ytre delar av regionen. Dette heng saman med fleire ting, men det viktigaste er nok at elevane pr i dag har eit breitt studietilbod å velje mellom i sin del av regionen. I tillegg er ikkje kollektivtransporttilbodet godt nok til at det er tilstrekkeleg attraktivt å dagpendle mellom Ytre og Indre. Dette gjeld både reisetid og frekvens. Ved å samlokalisere skolar på tvers av regionane ville ein påført mange elevar lengre reisetid og fått negative konsekvensar i eit miljø- og kostnadsperspektiv. Vi har difor lagt hovudvekta på å vurdere samlokalisering i Indre og/eller i Ytre.

Sett i høve til den sterke motstanden det er regionen mot å gjere endringar i skolestrukturen, finn ein ikkje at argumenta som talar for samanslåing er sterke nok til å gjere endringar i hovudstrukturen på kort sikt. Ein har difor vurdert som beste løysing at dagens skolestruktur(Alternativ 1) blir lagt til grunn for utviklingsplanen for dei vidaregåande skolane i regionen. Det er i tillegg lagt til grunn nokre endringar i tilbodsstruktur og elevtal.

I dei vedlagde framlegga til utviklingsplan for kvar av skolane, kjem det fram at det er tilrådd nybygg både ved Ørsta vgs og Herøy vgs. Med vedtak om å byggje nye yrkesfaglege vidaregåande skolar i Fosnavåg og Ørsta, vil ein ha lagt føringar for skolestrukturen i regionen i eit svært langt tidsperspektiv.

## UTDANNINGSPROGRAM OG PROGRAMOMRÅDER

### Generelt om tilbudet i Eiksundregionen

Samla sett, gjev skolane i Eiksundregionen eit nesten komplett utdanningstilbod. Det einaste utdanningsprogrammet som manglar, er studiespesialisering med formgjeving. I tillegg er tilbudet på Design og handverk noko tynt, med Blomsterdekoratør som einaste vg2-tilbod. Også for mange av dei andre utdanningsprogramma, er ikkje elevgrunlaget stort nok til at ein dekker alle programområder innanfor regionen.

Vi har i dag ein del utdanningsprogram som det blir gjeve tilbod om på fleire skolar, men som har ein så dårleg søknad at det bør vurderast om det skal samlast på ein av skolane i regionen. Også med dagens struktur har vi ein del program som det berre blir gjeve tilbod om ved ein av skolane:

- Musikk, dans og drama – Volda vgs
- Medium og kommunikasjon – Volda vgs
- Design og handverk – Ørsta vgs
- Idrettsfag – Ulstein vgs
- Naturbruk – Herøy vgs

Det vart i Høyring 1 foreslått at også følgjande studieprogram blir vurdert samla på ein skole:

- Bygg og anleggsteknikk (No: Ørsta vgs og Herøy vgs)
- Service og samferdsel (No: Ulstein vgs og Volda vgs)
- Restaurant og matfag (No: Herøy vgs og Ørsta vgs)

Resten av utdanningsprogramma vert i hovudsak vurdert å vere store og robuste nok ved kvar av skolane til at det er tilrådd å oppretthalde dei på fleire skolar:

- Teknikk og industriell produksjon (Herøy vgs, Ulstein vgs(TAF), Ørsta vgs, Vanylven)
- Helse- og oppvekstfag (Herøy vgs, Ørsta vgs, Vanylven)
- Elektrofag (Ulstein vgs og Ørsta vgs)
- Studiespesialisering (Ulstein vgs, Volda vgs, Vanylven(vg1))

Teknikk og industriell produksjon har stort omfang både i Ørsta og Herøy. Ved at skolane har ulike profilar utfyller dei kvarandre på ein god måte med tilbod om programområder på vg2: *Maritime fag* ved Herøy vgs og *arbeidsmaskinar og kjøretøy* ved Ørsta vgs.

Helse- og oppvekstfag har god søknad til vg1 både i Herøy og Ørsta. Utfordringa er som peika på, å få nok søkjarar til å fylle opp programområda på vg2. Det er knytt sterke samfunnsinteresser til å oppretthalde dette tilbodet i fleire delar av regionen for å sikre fortsatt god rekruttering.

Elektrofag har så god søknad ved begge skolane at mykje talar for å oppretthalde dette tilbodet både i indre og ytre del av regionen. Utdanningsprogrammet er elles i fylket vanlegvis lokalisert saman med teknikk og industriell produksjon, sidan desse faga har sterke bindingar og fellesområder. I dette perspektivet hadde Herøy vgs vore ei meir naturleg plassering.

## Høyring 1 og uttalar

I Høyring 1 bad vi om uttalar i høve til å samle følgjande utdanningsprogram ved ein skole:

- Bygg og anleggsteknikk (No: Ørsta vgs og Herøy vgs)
- Service og samferdsel (No: Ulstein vgs og Volda vgs)
- Restaurant og matfag (No: Herøy vgs og Ørsta vgs)

Felles for desse utdanningsprogramma er at det ved kvar av skolane der tilbodet blir gjeve har lavt klasse-/elevtal og at ein over fleire år har hatt liten søknad.

Generelt kan ein seie at det gjennom høyringa kome fram eit stort engasjement både frå kommunane, næringslivet og skolane sjølve om å oppretthalde og gjerne vidareutvikle dagens tilbod ved kvar av skolane. Det totale biletet er likevel noko nyansert, og engasjementet og styrken i argumentasjonen ulik. Ein kan kanskje sjå gode argument for ei samanslåing av tilbod, men i spørsmål om lokalisering, vil dei fleste ønskje tilbodet lagt til sin skole.

I tillegg til dei tre utdanningsprogramma som vi har bedt om å få vurdert, har det gjennom uttalar til Høyring 1 og møter med Herøy vgs og Herøy kommune vorte argumentert for å flytte utdanningsprogrammet Elektrofag frå Ulstein vgs til Herøy vgs. Det same gjeld TAF-tilbodet innan Teknikk og industriell produksjon som blir forslått flytta til skolen dei to første åra då mykje av undervisninga er lik vg1 TIP og vg2 Industriteknologi. Hovudargumentasjonen for flyttinga er den nære koplinga mellom utdanningsprogramma TIP og Elektrofag med sterke fellesområde og bindingar.

Møre og Romsdal fylkeskommune har gode erfaringar med samlokalisering av TIP og Elektrofag ved fleire av dei andre vidaregåande skolane våre. Dersom dette var snakk om nyetablering og ikkje flytting av eit studieprogram, ville ein ganske sikkert ha valt å legge dei to utdanningsprogramma til same skole. Når ein i forslaget til ny tilbodsstruktur vel å behalde utdanningsprogrammet ved Ulstein vgs, er det i hovudsak grunngeve med at det er vel etablert ved Ulstein vgs og det er gode samarbeidsforhold med bedrifter i regionen som må vidareførast. Rektor ved Ulstein vgs trekkjer mellom anna og fram at flytting av programmet kan medføre meir lekkasje til Ålesund av elevar frå Hareid og Ulstein.

Når det gjeld TAF-tilbodet kan ein godt argumentere for fagleg samanheng både med TIP ved Herøy vgs og det studiespesialiserande miljøet ved Ulstein vgs. Eit kvalitativt godt tilbod vil avhenge av at skolane utviklar det samarbeidet som allereie er etablert og finn gode løysingar også for framtida.

## **Vurdering av konsekvensar ved samlokalisering av dei tre aktuelle utdanningsprogramma.**

Samlokaliseringane av dei tre aktuelle utdanningsprogramma har prinsipielle likskapar som gjer at det er hensiktsmessig å vurdere desse samla:

- Dei har om lag same omfang i elev-/klassetal.
- Pr i dag er kvart av programma lokalisert til ein skole i indre del av regionen og ein i ytre.

**Tilbodsstrukturen ved den einkilde skole skal vere føreseieleg over tid for elevane, tilsette, lokalt næringsliv, offentleg sektor og organisasjonane elles.**

Med dei føreslegne endringane vil ein ved kvar av skolane ha ein tilbodsstruktur med levedyktige tilbod som har kontinuitet. Dette vil gje grunnlag for å kunne bygge solide fagmiljø med eit langt tidsperspektiv.

**Flest mogleg av vg1-elevane skal ha moglegheit til å bu heime.**

Det ser ut til å vere stor semje om at dagens kollektivtransporttilbod mellom indre og ytre delar av regionen ikkje er god nok, og kan føre til lange skuledagar for dei som vel ein skole på andre sida av tunnelen. Dette er i hovudsak eit problem knytt til kollektivtransport og ikkje til faktisk reiseavstand. Dersom ein elev frå Hareid vil gå Byggfag, er det berre 5 km lengre til Ørsta enn Fosnavåg. Når reisetida nærmar seg ein time veit vi at mange vil vurdere hybel framfor dagpendling. Dette har ikkje berre med reisetid å gjere, men og med det sosiale i høve til medelevar. Vi ser at mange frå utkantane i Volda og Ørsta vel å bu på hybel, sjølv om dei går på Volda vgs eller Ørsta vgs.

Om flytting av tilbod frå indre til ytre eller motsett, vil føre til endringar i talet på hybelbuarar vil i stor grad avhenge av om kollektivtransporttilbodet tilpassar seg utviklinga i regionen som ein meir dynamisk bu- og arbeidsmarknad.

**Fagtilboda bør i all hovudsak fordelast slik at naboskolar og skolar i same region ikkje blir store konkurrentar.**

I denne regionen er det berre Volda vgs og Ørsta vgs som kan kallast naboskolar og dei har ingen konkurrerende fagtilbod. Sjølv om den geografiske avstanden mellom Herøy vgs og Ulstein vgs er vesentleg større, har dei om lag den same fordelinga av fag seg i mellom som i Indre.

Om vi ser samla på regionen, er det relativt lite utveksling av elevar mellom Indre og Ytre. Det er naturleg å tru at det vil skje ei utvikling her på same måte som i arbeidsmarknaden. I eit utviklingsperspektiv vurderer vi det som fornuftig å sjå på dei tilboda vi foreslår å slå saman som konkurrerende tilbod, og at ein på sikt vil få eit elevtal som kan bli like stort som før samanslåinga.

**Fagtilboda og fagmiljøa bør styrkast kvalitativt og kvantitativt ved at dei blir konsentrert til færre skolar enn den strukturen ein har i dag.**

**Gode fagmiljø må sikrast gjennom å rekruttere, behalde og vidareutvikle lærarkompetansen.**

Desse målsetjingane representerer viktige grunngevingar for dei føreslegne tiltaka. Ved å auke omfanget av tilbodet på den einskilde skole, legg ein grunnlaget for kvalitativt betre fagmiljø. Dette vil vere ein styrke både i høve til å rekruttere og behalde god lærarkompetanse.

**Gode fagmiljø/læringsmiljø må sikrast gjennom samarbeid med lokalsamfunn og næringsliv/bedrifter.**

Dersom fagstrukturen blir endra slik det er foreslått, kan denne målsetjinga bli noko meir krevjande å oppfylle. Dersom eit utdanningsprogram til dømes kun blir gjeve tilbod om ved ein av skolane i Ytre, må skolen søke samarbeidspartnarar i alle delar av regionen.

**Elevar bør ikkje ha meir enn 1 time reisetid frå bostedet til skolen.**

Dette er ei målsetjing som det ikkje er mogleg å oppfylle for alle utdanningsprogram i denne regionen. Særleg for elevane som bur på bygdene og allereie har ein betydeleg reiseveg for å kome seg til sentrum, og i tillegg vel eit utdanningsprogram som krev at dei må reise til ein annan del av regionen. For elevar som bur i eitt av kommunesentera, eller på strekninga til den aktuelle skolen, skal dei fleste kunne nå det tilbodet dei ønskjer seg innanfor regionen på under ein time. Eit klart unntak frå dette, er elevane i Vanylven som har eit bra tilbod til vg1-elevane i eigen kommune, men må flytte på hybel når dei skal over på ein av dei andre skolane.

**Det skal leggest til rette for gode løysingar for skoleskyssen**

I møter med skoleleiingane og elevane i regionen, kjem det tydeleg fram at ingen av skolane er fullt ut nøgde med dagens kollektivtilbod. Generelt sett handlar dette om liten fleksibilitet i høve til ruter utanom felles fastsette tider for skolestart og skoleslutt og det er avgrensingar i høve til kva bussruter elevane kan nytte seg av. Busstilbodet verkar heller ikkje å vere godt tilpassa ein situasjon der vi tenkjer oss større mobilitet mellom kommunar i Indre og skoletilbod i Ytre og motsett.

Det nye «Garnes prosjektet» er truleg eit steg i rett retning i høve til meir effektiv reisetid og rutetilbod.

**Skole- og tilbodsstrukturen skal gi ein effektiv driftsøkonomi, m.a. ved samling av fagtilbod, betre oppfylling av klassane og betre utnytting av kapasitet på verkstadar.**

Dei føreslegne tiltaka er i utgangspunktet ikkje økonomisk motiverte, men har sjølvst i seg eit potensiale for meir effektiv drift når ein samlar eit utdanningsprogram til ein skole. Særleg i høve til utdanningsprogramma som krev verkstad- og praksisareal, kan ein ha ein stor gevinst i høve til

investeringskostnader ved nybygg og renovering og ein tilsvarande reduksjon av areal som krev drift og vedlikehald etter utbygging. For dei aktuelle tilboda her, betyr det at det er lite innsparing i areal ved samlokalisering av Service og samferdsel, og relativt mykje innsparing ved samlokalisering av Bygg og anleggsteknikk og Restaurant og matfag

## Service og samferdsel - SA

### Elevtalsutvikling med vurdering

Ulstein vgs									
	2008			2010			2013		
	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn
Vg1 service- og samferdsel	15	10	17	15	16	16	20	9	19
Vg2 Sal, service og tryggleik	15	13	14	15	11	10	0	3	0
Vg2 IKT-servicefag	15	16	15	15	11	13	15	13	14

Volda vgs									
	2008			2010			2013		
	Kapasitet	Psøker	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn
Vg1 service- og samferdsel	15	8	10	16	7	18	15	8	15
Vg2 sal, service og tryggleik	15	7	7	15	12	13	15	9	12

Med såpass svak søking til Vg1 servise og samferdsel, er det vanskeleg å rekruttere til Vg2 tilbod på to skolar i same region. Dette er eit utdanningsprogram vi vurderer bør samlast på ein av skolane i regionene.

IKT-driftsfag ligg i strukturen knytt til utdanningsprogrammet Service og samferdsel, men dette er eit programområde der det er kryssløp frå alle utdanningsprogram. Det betyr at søkjarane til Vg2 IKT

driftsfag rekrutterer difor ikkje berre frå Vg1 service og samferdsle. For Ulstein vgs sin del, så er det også eit programområde som har søkjarar også frå Vg1 elektrofag.

Dette er også eit utdanningsprogram som i stor grad har rekruttert til Vg3 påbygging til generell studiekompetanse og i lita grad rekrutterer til lokalt næringsliv.

### **Uttalar i høyring 1**

Uttalar frå Ulstein kommune og Ulstein vgs argumenterer for at det blir oppretthalde eit breitt fagtilbod ved skolen, minimum på dagens nivå. Det vert og peika på folketalsvekst og behov for ein kapasitetsauke.

I uttalen frå Volda vgs erkjenner ein at søknaden til programmet er variabel og at ei samordning med Ulstein vgs kan vurderast. Dersom det skal samlokaliseras, ser ein gjerne at dette blir gjort i Volda.

Det blir og lansert eit alternativ til full samlokalisering, med vg1 på begge skolane, IKT-servicefag til Ulstein vgs og Sal, service og tryggleik berre ved Volda vgs.

Vi vurderer dette forslaget som positivt i høve til at fleire vg1 elevar kan få tilbod om studieprogrammet nærare heimstaden, men ein oppfyller ikkje målsetjinga om å styrke fagtilbodet og fagmiljøet kvalitativt ved å samle tilbodet ved ein skole.

Formannskapet i Volda kommune har gjort følgjande vedtak: «Volda kommune ser gjerne at det framleis vert gjeve tilbod om programmet service og samferdsel ved Volda vgs»

*For meir utfyllande informasjon i høve til uttalar, viser ein Møre og Romsdal fylkeskommune sine heimesider, der alle uttalane er tilgjengelege.*

### **Klasse-/elevtal og innstilling til lokalisering av utdanningsprogrammet**

Som hovudalternativ ønskjer ein å samle utdanningsprogrammet ved Ulstein vgs med følgjande dimensjonering:

- Vg1 – 2 klassar – 30 elevar
- Vg2 – Sal, service og tryggleik – 2 klassar – 30 elevar
- Vg2 – IKT-servicefag – 1 klasse – 15 elevar

Det er vanskeleg å seie noko sikkert om utviklinga i søknaden til utdanningsprogrammet etter ei samlokalisering. Ein kan tenkje seg at færre elevar frå indre delar av regionen vil søkje på grunn av auka reiseavstand. På den andre sida er nettopp noko av hensikta med å samle programmet på ein skule, at vi skal få eit større og meir slagkraftig fagmiljø som på sikt blir meir attraktivt både for elevar og lærarar. Ein vel difor å oppretthalde det same klassetalet som før samlokalisering.

Når det gjeld spørsmålet om kva skole utdanningsprogrammet skal lokaliserast til, er ikkje skolane så ulike i høve til søking til vg1 og vg2-Sal, Service og tryggleik. Det som får det til å tippe i Ulstein vgs sin favør, er at dei på grunn av IKT-servicefaget har eit noko større omfang enn Volda vgs. IKT-servicefag rekrutterer og mange elevar frå Elektrofag. I tillegg er det forventa at Ulstein vil vere den kommunen i regionen som har størst folketalsvekst i åra som kjem.



### Andre alternativ som er vurdert

- Behalde Service og samferdsel ved Ulstein vgs og Volda vgs som i dag.
- Samle Service og samferdsel ved Volda vgs

Konsekvensar ved desse alternativa er omtala i arkitektvurderingane for kvar einskild skole.

## Bygg- og anleggsteknikk - BA

### Elevtalsutvikling med vurdering

Herøy vgs									
	2008			2010			2013		
	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn
Vg1 bygg- og anleggsteknikk	14	8	12	7	4	6	14	6	14
Vg2 byggteknikk	14	9	9	7	7	7	7	6	6

Ørsta vgs									
	2008			2010			2013		
	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn
Vg1 bygg og anleggsteknikk	24	19	22	18	10	17	12	8	12
Vg2 byggteknikk	24	19	20	18	17	17	7	5	5

Dette utdanningsprogrammet hatt ein stor nedgang i søkjartala både på landsplan, i Møre og Romsdal, og på Søre-Sunnmøre. Sjølv om bygg- og anleggsteknikk representerer ei stor næring i dette distriktet, så har ikkje dette fått søkjarane til å velje dette utdanningsprogrammet. Med så låge primærsøkjartal, så bør ikkje dette utdanningsprogrammet vere spreidd på fleire skolar på Søre – Sunnmøre. Dette er viktig for å klare å behalde tilbodet både på Vg1 og Vg2 nivå i regionen.

## Uttalar i høyring 1

Skolenes landsforbund ved Ørsta vgs fokuserer på at bygnæringa står sterkt i Volda/Ørsta området og at skolen har eit godt samarbeid med næringa. Bygg- og anleggsgruppa i Ørsta og Volda vektlegg også dette samarbeidet

Utdanningsforbundet ved Ørsta vgs og dei tilsette på Bygg- og anleggsteknikk ønskjer å utvikle tilbodet ved skolen med fleire programområder og eventuelt TAF. Ved eventuell samlokalisering ønskjer ein tilbodet lagt til Ørsta vgs.

Skoleleiinga ved Ørsta vgs ønskjer å spisse tilbodet mot den landbaserte næringa og å utvide tilbodet med nye programområder.

Dei tilsette på Bygg- og anleggsteknikk ved Herøy vgs argumenterer for å behalde utdanningsprogrammet ved skolen. Dei peikar mellom anna på:

- Fare for dårlegare rekruttering
- Større fare for fråfall dersom vg1-elevane bur på hybel får lang reisetid
- Ønskjer å behalde BA for å rekruttere til industrisnikkar

*For meir utfyllande informasjon i høve til uttalar, viser ein Møre og Romsdal fylkeskommune sine heimesider, der alle uttalane er tilgjengelege.*

## Klasse-/elevtal og innstilling til lokalisering av utdanningsprogrammet

Som hovudalternativ ønskjer ein å samle utdanningsprogrammet ved Ørsta vgs med følgjande dimensjonering:

- Vg1 – 2 klassar – 30 elevar
- Vg2 – Byggteknikk – 2 klassar – 30 elevar

Sjølv om søknaden til BA har hatt ei dårleg utvikling siste året vil det vere lite framtidsretta å dimensjonere med mindre enn to klassar både på vg1 og vg2. Det kan vere at ein ved å lokalisere tilbodet berre til Indre, vil heve terskelen for å søkje tilbodet for elevar i Ytre og at ein på kort sikt vil få ein nedgang i søkjartalet, men ei slik samlokalisering kan og bidra til å gjere utdanningsprogrammet både fagleg og sosialt meir attraktivt.

Skolen har ytra ønske om å opprette tilbod om vg2 Klima, energi og miljø. På bakgrunn av den søknaden som er til utdanningsprogrammet i dag og erfaringane vi har med søking til programområdet elles i fylket, vil vi ikkje tilrå dette. Det må eventuelt kome seinare som ein konsekvens av stor auke i søkinga til vg1 og forpliktande avtalar med næringsliv om læreplassar. Næraste tilbod i dag er Borgund vgs.

Når det gjeld lokalisering av Bygg- og anleggsteknikk har Herøy vgs utvikla eit godt tilbod, men Ørsta vgs peikar seg ut som det beste valet. Dette på bakgrunn av mellom anna følgjande:

- Ein langt sterkare søknad til utdanningsprogrammet.

- Lange tradisjonar og eit sterkt fagmiljø
- Byggnæringa står svært sterkt i denne delen av regionen
- Det er etablert eit godt og omfattande samarbeid med næringa

Dersom utfallet skulle bli at Ørsta vgs blir einaste tilbydar av programmet i regionen, vil liknande samarbeid måtte etablerast med næringa i ytre delar av regionen.

#### Andre alternativ som er vurdert

- Behalde BA både ved Herøy vgs og Ørsta vgs

Konsekvensar ved dette alternativet er omtala i arkitektvurderingane for kvar einskild skole.

## Restaurant- og matfag – RM

### Elevtalsutvikling med vurdering

Herøy vgs									
	2008			2010			2013		
	Kapasitet	Psøker	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn
Vg1 Restaurant og matfag	14	15	14	14	14	14	14	11	13
Vg2 kokk og servitørfag	10	11	10	7	6	7	14	11	12
Vg2 Matfag	4	1	1	0	0	0	0	0	0

Ørsta vgs									
	2008			2010			2013		
	Kapasitet	Psøker	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn	Kapasitet	Psøkere	Tatt inn
Vg1 Restaurant og matfag	12	14	12	7	6	7	12	10	12
Vg2 kokk og servitørfag	12	8	10	12	7	7	12	11	11
Vg2 matfag	0	2	0	0	0	0	0	0	0

Dette utdanningsprogrammet opplever også ein nedgang i talet på primærsekkjarar. Vi har tilbodet på to skolar. Begge skolane har berre ein klasse på kvart nivå. For å styrke fagmiljøet kunne ein tenke seg at dette utdanningsprogrammet var samla på berre ein skole i regionene. No er det likevel slik at skolane har retta seg mot ulike delar av næringa. Medan Herøy vgs har ein maritim profil på sitt tilbod med rekruttering m.a. til offshore næringa, så har Ørsta retta seg meir mot det landbaserte næringslivet.

### Uttalar i høyring 1

Leiargruppa ved Ørsta vgs har planar om å spisse tilbodet mot landbasert næring og gje tilbodet ei meir tydeleg retning. Dei vil og søkje internasjonalt samarbeid og tilpasse seg internasjonale standardar.

Dei tilsette ved Ørsta vgs peikar på problema med rekruttering til yrket i høve til behovet for arbeidskraft og læreplassar i nærområdet som i dag ikkje er utnytta. Auka reisetid for elevane kan føre til reduksjon i søkinga. RM/Ørsta vgs har levert ein svært god og grundig uttale om korleis programmet kan utviklast vidare ved skolen i samarbeid med lokalsamfunn og næring.

Skolenes landsforbund ved Ørsta vgs vil bevare dei tilboda skulen har i dag.

Hjørdis Almelid Vikenes viser til etablert samarbeid med Ørsta ungdomsskule og Norsk cøliakiforening som det er ønskje om å halde fram med.

Utdanningsforbundet ved Ørsta vgs har fokus på å vidareutvikle tilbodet med fokus på kortreist mat og landbasert næring. Det visast til at skolen ikkje greier å dekke behovet til den lokale arbeidsmarknaden.

Leiinga ved Herøy vgs rår til at studieprogram og programområder som er ved skolen i dag skal vidareførast. Det same vert støtta av uttalar frå Herøy kommune og Herøy næringsforum.

### Klasse-/elevtal og innstilling til lokalisering av utdanningsprogrammet

Som hovudalternativ ønskjer ein å samle utdanningsprogrammet ved Herøy vgs med følgjande dimensjonering:

- Vg1 – 2 klassar – 30 elevar
- Vg2 – Kokk og servitør – 2 klassar – 30 elevar

Restaurant og matfag er eit utdanningsprogram som stiller høge krav til spesialiserte praksislokale, som er svært kostnadskrevjande både i høve til investering og drift. Med det lave omfanget tilbodet har ved kvar av skolane, talar mykje for å samle tilbodet ved ein skole. Søkjartala til dei to skolane er historisk sett ganske like.

Spørsmålet om lokalisering er vanskelegare. Dei to skolane har kvar sin profil med Herøy som rettar seg mot maritim næring, og Ørsta som rettar seg landbasert næring. Dersom vi, som forslått, skulle

ende opp med RM berre ved ein av skolane, vil den skolen som blir valt måtte ivareta begge desse retningane. Ingen av skolane peikar seg ut som ein heilt klar favoritt. Litt på bakgrunn av at Bygg og anleggsteknikk er forslått lokalisert til Ørsta, valde ein i denne høyringa å innstille på at Restaurant og matfag vert lagt til Herøy vgs, men den administrative innstillinga til dette valet vil bli grundig vurdert heilt fram til endeleg saksframlegg skal leverast.

I høyringsuttalane til Høyring 1, kjem det fram eit stort engasjement ved Ørsta vgs i høve til å behalde og styrke utdanningsprogrammet, medan det i uttalane frå Herøy vgs nesten ikkje er nemnt. Gjennom dei uttalane som er gjeve frå Ørsta vgs og engasjementet dei har vist for å behalde og vidareutvikle utdanningsprogrammet, har dei styrkt moglegheitene for å behalde programmet ved skolen.

### Andre alternativ som er vurdert

- Behalde Restaurant og matfag ved Ørsta vgs og Herøy vgs som i dag.
- Samle Restaurant og matfag ved Ørsta vgs

Konsekvensar ved desse alternativa er omtala i arkitektvurderingane for kvar einskild skole.

### Oppsummering - tilbodsstruktur

På bakgrunn av Høyring1, uttalar som har kome inn og vurderingar gjort i samband med Høyring 2, foreslår ein at kvart av følgjande utdanningsprogram vert samla ved ein skole i regionen:

- Service og samferdsel ved Ulstein vgs
- Bygg og anleggsteknikk ved Ørsta vgs
- Restaurant og matfag ved Herøy vgs

Generelt er hovudargumentet frå administrasjonen side for å fremje desse strukturendringane at dei tre utdanningsprogramma har hatt liten søknad over fleire år, og det er dårlege utsikter til at dette skal endre seg slik strukturen ligg i dag. Ved å samle eit utdanningsprogram ved ein av skolane kan ein legge grunnlaget for eit større og kvalitativt betre fagmiljø. Dette kan ha ein positiv rekrutteringseffekt både i høve til lærarar og elevar. Ein negativ konsekvens er at ein kan misse noko nærleik til viktige samarbeidspartnarar der tilbodet forsvinn. Lang reisetid til tilbodet, kan og ha ein negativ innverknad på søkinga.

Tidsperspektivet for å gjennomføre endringane i tilbodsstrukturen er ikkje endeleg fastsett, men dette er å sjå på som langsiktige tiltak som skal koplast til dei føreslegne tiltaka i utviklingsplanane for kvar av skolane. Sidan klasse- og elevtal er oppretthalde på dagens nivå, er det naudsynt å gjennomføre bygningsmessige tiltak på den skolen som skal ta over fagtilbodet. Det tek normalt 4-5 år frå det er gjort vedtak om løyvingar, til eit prosjekt er ferdig realisert. Det som kan framskande ei samlokalisering, er om ein får ein negativ utvikling i søkinga som gjer at klassetalet blir redusert og ei samanslåing kan gjennomførast utan bygningsmessige tiltak.

## **NY STRUKTUR FOR EIKSUNDREGIONEN**

I Høyring 2 er det lagt som føring at Alternativ 1 skal leggest til grunn for det vidare arbeidet med utviklingsplanar for dei vidaregåande skolane i Eiksundregionen. Det er gjort følgjande endringar etter Høyring 1:

- Utdanningsprogrammet Service og samferdsel er foreslått samla ved Ulstein vgs.
- Utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsteknikk er foreslått samla ved Ørsta vgs.
- Utdanningsprogrammet Restaurant og matfag er foreslått samla ved Herøy vgs.
- Det er lagt inn ein auke i elevtalet på studiespesialisering ved Ulstein vgs på 90 elevar.

Dette gjev følgjande tilbodsstruktur, klassetal og elevtal for skolane i regionen:

<b>NY STRUKTUR - HØYRING 2</b>				<b>2029</b>
<b>Skole</b>	<b>Utdanningsområde</b>	<b>Grupper</b>	<b>Elever</b>	<b>SUM</b>
<b>Herøy vgs</b>				<b>312</b>
	Påbygging	1	30	
	Bygg- og anleggsteknikk	0	0	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Naturbruk	2	30	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	RM	4	60	
	TPO		12	
<b>Ulstein vgs</b>				<b>724</b>
	Studiespesialisering	12	360	
	Påbygging	1	30	
	Idrettsfag	6	180	
	Elektrofag	3	45	
	Service og samferdsel	5	75	
	TIP/TAF	2	24	
	TPO		10	
<b>Volda vgs</b>				<b>576</b>
	Studiespesialisering	12	360	
	Påbygging	1	30	
	Musikk, dans og drama	3	90	
	Medier og kommunikasjon	3	90	
	Service og samferdsel	0	0	
	TPO		6	
<b>Ørsta vgs</b>				<b>355</b>
	Bygg- og anleggsteknikk	4	60	
	Design og håndverk	2	30	
	Elektrofag	5	75	
	Helse og oppvekstfag	4	60	
	Restaurant- og matfag	0	0	
	Teknikk og ind. Produksjon	8	120	
	TPO		10	
<b>Herøy vgs - Vanylven</b>				<b>62</b>
	Studiespesialisering	1	30	
	Helse og oppvekstfag	1	15	
	Teknikk og ind. Produksjon	1	15	
	TPO		2	

## UTVIKLINGSPLANAR

I dette kapitlet har vi henta inn nokre nøkkeltal for dei føreslegne tiltaka i utviklingsplanane. Det er gjort vurderingar i høve til investeringskostnader dersom ein skulle velje å avvike frå tilbodsstrukturen som er foreslått i høyringa.

### Herøy vgs

#### Tiltak med kostnadsvurdering

BYGG	Tung	Middels	Lett	Riving	Nybygg	Kostnad	Kommentar
Ny Herøy vgs					6.798	251,6 mill.	
Kroppsøving					1 504m <sup>2</sup>	0 mill.	1)
Utomhus						5 mill	
SUM AREAL					6.800		
KOSTNAD M <sup>2</sup>					37.000kr		
<b>KOSTNAD NYBYGG</b>						<b>256,6 mill.</b>	
Paviljongar og modulbygg				2750		2,5 mill	1)
resterande				3702		3,5 mill	
<b>SUM inkl. Riving</b>						<b>262 mill</b>	

#### Konsekvensar ved alternativ tilbodsstruktur

I høyring 2 har vi som hovudalternativ flytta RM til Herøy og BA til Ørsta. Nedanfor har vi sett på andre moglege alternativ og kva kostnadskonsekvens desse vil ha i høve ein bygg ny skule.

##### 1. Herøy med utdanningsprogram som i dag ( 30RM + 30BA)

- Her er Herøy dimensjonert med 312 elevar og 82 tilsette. 5.311 m<sup>2</sup> NTA, 7.519m<sup>2</sup> BTA utan kroppsøving.

##### 2. Herøy med RM frå Ørsta og uten BA ( 60RM + 0 BA)

- Her er Herøy dimensjonert med 312 elevar og 82 tilsette. 4.803 m<sup>2</sup> NTA. 6.798 m<sup>2</sup> BTA



### 3. Herøy med RM frå Ørsta og med BA beholdt( 60RM + 30BA)

- Her vil Herøy bli dimensjonert med 342 elevar og 87 tilsette., og nettoarealet i pkt.1 bli auka med 240m<sup>2</sup> til 5.541m<sup>2</sup> NTA . BTA auka med +324m<sup>2</sup> BTA til 7.843m<sup>2</sup> BTA.

### 4. Herøy vgs med BA flytta til Ørsta, men med RM som i dag ( 30RM + 0BA)

- Her vil Herøy bli dimensjonert med 282 elevar og 77 lærarar, og nettoarealet blir redusert med 240m<sup>2</sup> til 4.563m<sup>2</sup> NTA. BTA redusert med -324m<sup>2</sup> til 6.474m<sup>2</sup> BTA.

### 5. Herøy vgs utan BA og RM som i heilheit er lagt til Ørsta vgs ( 0RM + 0BA)

- Her er Herøy dimensjonert med 252 elevar og 72 tilsette. NTA blir redusert med minimum 1.225m<sup>2</sup> til 4.086m<sup>2</sup>. BTA blir 5.866m<sup>2</sup> BTA.

Kostnadmessig kan dette oppsummerast i nybyggkostnader slik :

Alternative elevtall på HERØY for RM og BA	BTA	Kr/m <sup>2</sup> BTA	SUM
1. 30RM+30BA	7519	37000	278 203 000
2. 60RM+0BA	6798	37000	251 526 000
3. 60RM+30BA	7843	37000	290 191 000
4. 30RM+0BA	6474	37000	239 538 000
5. 0RM + 0BA	5866	37000	217 042 000

Desse alternativa for BA og RM må sjåast saman med tilsvarende alternativ for Ørsta vgs, om ein ynskjer å oppretthalde tilboda innanfor Eikesundregionen.

## Ulstein vgs

### Tiltak med kostnadsvurdering

BYGG	Tung	Middels	Lett	Riving	Nybygg	Kostnad	Kommentar
Riving paviljongbygg				503		0, 3mill	
Nybygg til studie-spesialisering					1220	45,1 mill	
Ombygging til SS i byggetrinn 2		500				10,0 mill	
Ombygging av administrasjon/merkantilt		125				2,5 mill	
Ombygging rom 220			60			0,9 mill	
Ombygging biblioteket		100				2,0 mill	
Ombygging amfi/aula	70					3,0 mill	Inkl. riving
<b>KOSTNAD</b>						<b>63,8 mill</b>	
Utomhus						2,2 mill	
SUM inkl. Utomhus						66,0 mill	

### Konsekvensar ved alternativ tilbudsstruktur

I høyring 2 har vi som hovudalternativ flytta SS frå Volda vgs til Ulstein vgs, og auka antal elevar på ST med 30. Nedanfor har vi sett på andre mogelege alternativ og kva kostnadskonsekvens desse vil ha i høve til hovudalternativet.

#### 1. Ulstein som i høyring 2 , men utan SS frå Volda.

- Skilnaden på arealbehovet for SS med 45 kontra 75 elevar er 303m<sup>2</sup> BTA. Dette tilsvarer eit redusert nybyggomfang på 11,1 mill, sidan ST då framleis nyttar 2.etasje i byggetrinn 2, som i dag. I tillegg kjem reduserte ombyggingskostnader i byggetrinn 2 fløya for SS. Med lette ombyggingskostnader utgjer dette 4, 55 mill for 303m<sup>2</sup>. Total innsparing 15,6 mill.

I Volda må ein då utvide tilbygget med minimum 2 nye klasserom + 5 lærararbeidsplassar som ein har disponert til ST for klasserom ein mister ved å bygge på ei vinkelfløy. Ca. 5,6 mill for 150m<sup>2</sup>. Eit anna spørsmål er om ein då skal løfte gjenverande SS i Volda opp på FEF-programmet sitt

arealbehov på 325m<sup>2</sup> NTA/439m<sup>2</sup> BTA. Med ca. 2 mill. Til dette, vil totale innsparing ved å ikkje flytte SS til Ulstein vere ca. 8 mill i høve høyring 2 sitt hovudalternativ.

## 2. Ulstein med nybygg for SS istadenfor nybygg for ST

- Ved å bygge nytt for SS istadenfor ST ved Ulstein kan ein spare ca. 350m<sup>2</sup> som representerar 13 mill i nybyggkostnad. Ein lar då ST vere like trangbodd som i dag, men med den lille slakken ein får ved å flytte idrettsfaga til Ulsteinhallen.
- Ein vil då få utnytta tilbygget kun til 75 elevar istadenfor 270 elevar, og ein går glipp av at den største elevmassa er knytt opp mot det luftige atriet, og framleis vil vere lokalisert til 2.etasje i tilbygg 2, med sin trange og mørke korridor. Skulen har klart signalisert at dei ynskjer fleire store fleksible klasserom med plass til 30 elevar i kvart, lokalisert nærast mogeleg atriet.

## Volda vgs

### Tiltak med kostnadsvurdering

BYGG	Tung	Middels	Lett	Riving/sal	Nybygg	Kostnad	Kommentar
Tilbygg MK/MDD					2180	80,7 mill	
Ombygging klasserom ved tilkopling tilbygg sydvest		360				7,2 mill	
Handelsskulesal				-1560			1)
Vaktmesterbolig riving				-183		0,6 mill	
Riving "vaktmesterfløy gymnasbygget" mot sydvest						0,6 mill	
Ombygging ATO	115					3,5 mill	
Ombygging for elevtenester / IKT		117				2,4mill	
<b>KOSTNAD</b>						<b>94,4mill</b>	

## Konsekvensar ved alternativ tilbodsstruktur

I høyring 2 har vi som hovudalternativ flytta SS frå Volda vgs til Ulstein vgs, og redusere elevtalet med 30. Nedanfor har vi sett på andre mogelege alternativ og kva kostnadskonsekvens desse vil ha i høve til hovudalternativet.

### 1. Volda som i høyring 1 ( med SS )

- Sidan ein beheld SS, blir ikkje desse romma frigitt som kompensasjon for dei klasseromma ein misser i innerhjørne ved å bygge på i vinkel på eksisterande gymnasbygg. Ein må derfor utvide tilbygget for MK/MDD med minimum 2 nye klasserom + 5 lærararbeidsplassar som ein har omdisponert. Ca. 5,6 mill for 150m<sup>2</sup>. I tillegg kjem utviding til full FEF- dimensjonering for SS ved Volda. Ca. 2,0 mill. Totalkostnad 7,6 mill. Dvs totalt ca 8 mill billigare enn å flytte SS til Ulstein vgs.

## Ørsta vgs

### Tiltak med kostnadsvurdering

BYGG	Tung	Middels	Lett	Riving	Nybygg	Kostnad	Kom m-entar
Ny Ørsta vgs					9 291m <sup>2</sup>	343,8 mill	
Utomhus							
SUM AREAL					10.795m <sup>2</sup>		
KOSTNAD M <sup>2</sup>					37.000kr		
KOSTNAD NYBYGG						343,8 mill	
Kroppsøving					1 504m <sup>2</sup>	55,6 mill	
Bygg A,B,C + garasje				6 811		0	1)
Bygg D+påbygg				2 210		0	
SUM inkl. Riving og kroppsøving						399,4 mill	

I Ørsta har vi synleggjort kostnader også for egne kroppsøvingslokaler, sidan kommunen har signalisert at det kan vere ynskeleg med idrettshall i direkte tilknytning til nybygg. Om ein får krav av kommunen på å rive eksisterande bygning A,B og C når ein flyttar ut, vil dette koste ca. 6 mill ekstra. Salg av bygg D inkludert tomt er ikkje stipulert.

## Konsekvensar ved alternativ tilbudsstruktur

I høyring 2 har vi som hovudalternativ flytta RM til Herøy og BA til Ørsta. Nedanfor har vi sett på andre moglege alternativ og kva kostnadskonsekvens desse vil ha i høve ein bygg ny skule.

### 1. Ørsta vgs med utdanningsprogram som i dag. ( 30RM + 30BA)

- Her er Ørsta vgs dimensjonert med 355 elevar og 94 tilsette. 6.502 m2 NTA, 9.208 m2 BTA utan kroppsøving.

### 2. Ørsta vgs utan RM, men med BA frå Herøy ( 0RM + 60BA)

- Her er Ørsta vgs dimensjonert med 355 elevar og 94 tilsette. 6.560 m2 NTA. 9.291 m2 BTA

### 3. Ørsta vgs med RM med BA frå Herøy i tillegg.( 30RM + 60BA)

- Her vil Ørsta vgs bli dimensjonert med 385 elevar og 99 tilsette., og nettoarealet i pkt.1 bli auka med 541 m2 til 7.043m2 NTA . BTA auka med 730 m2 BTA til 9.938 m2 BTA.

### 4. Ørsta som i dag, men med RM flytta til Herøy ( 0 RM + 30BA)

- Her vil Ørsta vgs bli dimensjonert med 325 elevar og 89 lærarar, og nettoarealet blir redusert med 541 m2 til 6.019m2 NTA. BTA redusert med 730m2 til 8.561 m2 BTA.

### 5. Ørsta vgs med BA og RM flytta frå Herøy ( 60RM+60BA)

- Her er Ørsta vgs dimensjonert med 415 elevar og 104 tilsette. NTA blir auka med minimum 240 m2 til 7.283 m2. BTA blir auka med 324m2 til m2 BTA.

Kostnadmessig kan dette oppsummerast i nybyggkostnader slik :

Alternative elevtall på Ørsta vgs for RM og BA	BTA	Kr/m2 BTA	SUM
1. 30RM + 30BA	9 208	37 000	340 696 000
2. 0RM + 60BA	9 291	37 000	343 767 000
3. 30RM + 60BA	9 938	37 000	367 706 000
4. 0RM + 30BA	8 561	37 000	316 757 000
5. 60RM +60BA	10 262	37 000	379 694 000

## Alternativ for Herøy og Ørsta – Samla vurdering

Desse alternativa for BA og RM må sjåast saman med tilsvarande alternativ for Herøy vgs, om ein ynskjer å oppretthalde tilboda innanfor Eikesundregionen.

For Ørsta vgs og Herøy vgs har ein fylgjande samanhengar i alternativ.

Alternative elevtall på for RM og BA	Herøy	Ørsta	SUM	Avvik
1. 30RM+ 30 BA Herøy 1. 30RM+ 30 BA Herøy	278 203 000	340 696 000	618 899 000	23 606 000
2. 0RM+60 BA Ørsta. 2. 60RM+0BA Herøy	251 526 000	343 767 000	595 293 000	0
3. 60BA+30RM Ørsta. 4. 30RM+0BA Herøy	239 538 000	367 706 000	607 244 000	11 951 000
4. 0RM+30BA Ørsta 3. 60RM+30BA Herøy.	290 191 000	316 757 000	606 948 000	11 655 000
5. 60RM+60BA Ørsta. 5. 0RM + 0BA Herøy	217 042 000	379 694 000	596 736 000	1 443 000

Som ein ser er det å samle BA og/eller RM på ein av skulane billigast ( 1.2 og 1.5). Ein ser også at å samle enten RM eller BA på ein av skulane, medan ein opprettheld det andre delt på begge, kostar ca. 11-12 mill. meir. ( 1.3 og 1.4). Det dyraste er å ha både RM og BA på begge skulane.(1.1) Dette kostar ca. 23,6 mill. meir i investeringar om ein reknar ny skule både i Ørsta og Herøy. NB! Dette er nybygg utan kroppsøving, sidan ein har leigeavtale på med kommunane både i Herøy og Ørsta.

## Gjennomføring av Høyring 2

Høyring 2 blir publisert på Møre og Romsdal fylkeskommune sine heimesider torsdag 21.august 2014.

Høyringa går i hovudsak ut til dei vidaregåande skulane og kommunane i regionen, men sidan høyringa er lagt ut offentleg, er det høve for alle som har interesse i saka til å kome med uttalar. Alle som sendte uttalar til Høyring 1, vert gjort merksame på at høyringa er i gang. Skolane og kommunane kan formidle høyringa til andre som er aktuelle.

Det er høve til å kommentere alt som vedkjem saka. Vi ber særleg om uttale i høve til dei endringane som er foreslått i tilbodsstrukturen og framlegga til utviklingsplanar for kvar av skolane.

SEND TIL:

Vi ønskjer at uttalar til høyringa i hovudsak sendast på e-post til:

[stale.solgard@mrfylke.no](mailto:stale.solgard@mrfylke.no)

Alternativt til adresse:

Utdanningsavdelinga v/Ståle Solgard  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkeshuset, Julsundvegen 9  
6404 Molde

**FRIST FOR UTTALE: 18.september 2014**

## Vedlegg

1. Utkast til utviklingsplan for Herøy vgs
2. Skisser – Herøy vgs
3. Utkast til utviklingsplan for Ulstein vgs
4. Skisser – Ulstein vgs
5. Utkast til utviklingsplan for Volda vgs
6. Skisser – Volda vgs
7. Utkast til utviklingsplan for Ørsta vgs
8. Skisser – Ørsta vgs
9. Høyring 1
10. Uttalar til Høyring 1



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# HERØY VIDAREGÅANDE SKULE UTVIKLINGSPLAN

AUGUST 2014 Høyring 2



2014



202?

ARKITEKT SVEIN  
**SKYLSTAD AS**



# **1 INNHALDSLISTE**

<b>1</b>	<b>INNHALDSLISTE</b>	<b>2</b>
<b>2</b>	<b>INNLEIING</b>	<b>5</b>
<b>3</b>	<b>SAMANDRAG</b>	<b>6</b>
<b>3.1</b>	<b>BAKGRUNN / FØRESETNADAR / MANDAT</b>	<b>7</b>
<b>4</b>	<b>RAMMEVILKÅR, SITUASJON OG BYGNINGSMASSE</b>	<b>8</b>
<b>4.1</b>	<b>PLOSSERING</b>	<b>8</b>
<b>4.2</b>	<b>EIGEDOMSGRENSER</b>	<b>9</b>
<b>4.3</b>	<b>REGULERING</b>	<b>10</b>
<b>4.4</b>	<b>TILKOMST / TRAFIKKTILHØVE</b>	<b>11</b>
<b>4.5</b>	<b>NABOTILHØVE</b>	<b>11</b>
<b>4.6</b>	<b>PARKERING</b>	<b>12</b>
4.6.1	FRAMTIDIG PARKERING	13
<b>4.7</b>	<b>EKSISTERANDE BYGNINGSMASSE</b>	<b>14</b>
4.7.1	GAMLEBYGGET	15
4.7.2	MELLOMBYGGET	16
4.7.3	ADMINISTRASJONSBYGGET	17
4.7.4	VERKSTADBYGGET	18
4.7.5	PAVILJONG 1	19
4.7.6	GASS/JERNLAGER	19
4.7.7	LESKUR OG ARBEIDSRUM	20
4.7.8	PAVILJONG 2	21
4.7.9	OLAVSHALLEN	22
4.7.10	MODULBYGG 5	23
4.7.11	TILBYGG HEIS	24
4.7.12	PLASTHALL	25
4.7.13	GARASJE- OG MILJØSTASJON	26
4.7.14	MILJØKARTLEGGING	26
4.7.15	TILSTANDSANALYSE	26
<b>4.8</b>	<b>GRUNNTILHØVE</b>	<b>27</b>
<b>5</b>	<b>PROGRAM / PROGRAMANALYSE OG PEDAGOGIKK</b>	<b>28</b>
<b>5.1</b>	<b>ELEV OG GRUPPE/KLASSEANTALL</b>	<b>28</b>
<b>5.2</b>	<b>PROGRAM OG DIMENSJONERING</b>	<b>31</b>
<b>5.3</b>	<b>FUNKSJONSDIAGRAM</b>	<b>32</b>
<b>6</b>	<b>RIVING</b>	<b>33</b>
<b>7</b>	<b>VURDERINGAR</b>	<b>34</b>
<b>7.1</b>	<b>AREALDISPONERING:</b>	<b>34</b>
<b>7.2</b>	<b>STUDIEFØREBUANDE FAG</b>	<b>34</b>
7.2.1	VG3 PÅBYGGING	34
<b>7.3</b>	<b>YRKESFAG</b>	<b>34</b>
7.3.1	BYGG OG ANLEGGSTEKNIKK. (BA)	34
7.3.2	DESIGN OG HÅNDVERK (DH)	34
7.3.3	ELEKTROFAG (EL)	34

7.3.4	HELSE- OG OPPVEKSTFAG (HO)	34
7.3.5	MEDIER OG KOMMUNIKASJON	34
7.3.6	NATURBRUK	34
7.3.7	RESTAURANT- OG MATFAG (RM)	34
7.3.8	SERVICE OG SAMFERDSEL	34
7.3.9	TENIKK OG INDUSTRIELL PRODUKSJON (TP)	34
7.3.10	TILRETTELAGT OPPLÆRING (TPO)	35
<b>7.4</b>	<b>FELLES</b>	<b>35</b>
7.4.1	ROMKATEGORI A	35
7.4.1.1	REALFAGFAG	35
7.4.1.2	AUDITORIUM	35
7.4.2	ROMKATEGORI C	35
7.4.2.1	ADMINISTRASJON/MERKANTIL	35
7.4.2.2	PERSONALROM	35
7.4.3	ROMKATEGORI D	35
7.4.3.1	BIBLIOTEK	35
7.4.3.2	KANTINE/KJØKKEN	35
7.4.3.3	Vestibyle/sosiale møtearenaer/inneamfi	35
7.4.3.4	ELEVTENESTER	35
7.4.4	ROMKATEGORI E1	35
7.4.4.1	IKT	35
7.4.4.2	REINHOLD	35
7.4.4.3	DRIFT	36
7.4.4.4	AVFALL OG VAREMOTTAK	36
7.4.5	ROMKATEGORI E2	36
7.4.5.1	TEKNISKE ROM	36
7.4.6	KROPPSØVING	36
7.4.7	UTOMHUS/SKOLEGÅRD	36
<b>7.5</b>	<b>VURDERINGAR AV BRUTTOAREALET</b>	<b>36</b>
<b>7.6</b>	<b>VURDERINGAR AV ENERGI/DRIFT</b>	<b>36</b>
<b>8</b>	<b>NYE TILTAK</b>	<b>37</b>
<b>8.1</b>	<b>NYBYGG</b>	<b>37</b>
<b>8.2</b>	<b>NY ALTERNATIVE UTBYGGINGAR</b>	<b>37</b>
<b>8.3</b>	<b>LOGISTIKKUTFORDRINGAR:</b>	<b>38</b>
8.3.1	UTBYGGINGSLOGISTIKK	38
8.3.2	DRIFTSLOGISTIKK	38
8.3.2.1	VARETRANSPORT	38
8.3.2.2	AVFALLSTRANSPORT	38
<b>8.4</b>	<b>FRAMDRIFT:</b>	<b>38</b>
<b>9</b>	<b>TIDSLINJE</b>	<b>39</b>
<b>10</b>	<b>MODULBEHOV</b>	<b>39</b>
<b>11</b>	<b>VISJON</b>	<b>40</b>
<b>12</b>	<b>KORTSIKTIGE TILTAK</b>	<b>41</b>
<b>13</b>	<b>KOSTNADAR</b>	<b>42</b>
<b>14</b>	<b>SITUASJONSPLANAR</b>	<b>43</b>
<b>14.1</b>	<b>SITUASJONSPLAN EKSISTERANDE</b>	<b>43</b>

<b>14.2</b>	<b>SITUASJONSPLAN UTVIKLINGSPLAN</b>	<b>43</b>
<b>15</b>	<b>VEDLEGG</b>	<b>44</b>
<b>15.1</b>	<b>TEIKNINGAR</b>	<b>44</b>

---

## **2 INNLEIING**

Denne utviklingsplanen er utarbeidd etter oppdrag frå Møre og Romsdal Fylke, ved Byggje- og vedlikehaldssjef Per Olaf Skuseth Brækkan.

Utviklingsplanen inngår som ein del av samla utviklingsplan for dei vidaregåande skulane i Eikesundregionen. Dette dokumentet inngår som vedlegg til høyring 2, i det som der er omtala som alternativ 1.

Deltakarar i prosjektgruppa:

Prosjektleder: Ståle Solgard  
Byggje- og vedlikehaldssjef Per Olaf Skuseth Brækkan  
Arkitekt: Svein Skylstad, Arkitekt Svein Skylstad as  
Rektor Ulstein vgs: Margaret Alme  
Rektor Herøy vgs: Gullik Kjelstadli  
Rektor Ørsta vgs: Roger Fylling  
Rektor Volda vgs: Trond Hjelseth

Referansegruppe ved Herøy vgs:

Tillitsvalde  
Verneombod  
Elevrepresentantar  
Driftsansvarleg  
Representant frå alle studieprogramma.

### 3 SAMANDRAG

#### Formål

Denne utviklingsplanen omhandlar konsekvensar og kostnader ved Herøy vgs, som eit resultat av ein samla gjennomgang av den framtidige skulestrukturen for dei vidaregåande skulane i Eikesundregionen. Skulestrukturen i Eikesundregionen omfattar dei 4 skulane Ørsta vgs, Volda vgs, Ulstein vgs og Herøy vgs. Vanylven vgs. Blir sett på separat.

#### Eksisterande situasjon

Skulen held i dag til i 6 ulike bygg utan innvendig kommunikasjon.

Bygningane har gradvis grodd fram frå 1952 til 2009, og består av ei samanbygt z-forma "skulekjerne" av Gamlebygget, Mellombygget, Administrasjonsbygget, Verkstadbygget og Heistilbygget.

Rundt denne skulekjernen ligg frittliggande bygg som paviljong 1, paviljong 2, Olavshallen (motorverkstad), gass/jernlager, Plasthall, miljøstasjon/garasje og modulbygg 5, som er overbygt med leskuret inn mot skulekjernen.

Vi foreslo i høyring 1 å rive alt unnateke "skulekjernen" ovanfor. Denne bygningsmassen utgjer 3788m<sup>2</sup> brutto eller knappe 59% av skulens samla areal.

Dette er så lite og har så store begrensningar at vi foreslår å bygge alt nytt.

#### Areal og elevtalsendring

I høve eksisterande skuledrift er det i denne utviklingsplanen foreslått å legge ned utdanningsprogrammet Bygg- og anleggsgag og flytte dette til Ørsta. Restaurant- og matfag er foreslått lagt ned i Ørsta og flytta til Herøy vgs. Dette utgjer ikkje noko elevtalsendring totalt sett. Arealmessig i FEF-modellen utgjer skilnaden 721m<sup>2</sup> BTA i favør høyring 2. Med 37.000 kr/m<sup>2</sup> for nybygg, utgjer differansen 26,7 mill., medan den i Ørsta utgjer 83m<sup>2</sup> tilsvarande 3,1 mill. i høyring 1 sin favør. Slik sett er den teoretiske differansen på Høyring 1 og høyring 2 sine FEF-modellar for Herøy vgs og Ørsta vgs ca. 23 mill. i Høyring 2 sin favør.

	Eksisterande 2014	Utviklingsplan 2014
Påbygging		30
Yrkesfag		270
TPO		12
<b>SUM</b>		<b>312</b>
Teknisk fagskule		0
<b>TOTALSUM</b>		<b>312</b>
Avvik		xxxx

#### FORESLÅTTE TILTAK:

Fase 1: Flytte eller rive Miljøstasjon/garasje og plasthall

Fase 2: Bygge heilt ny skule

Fase 3: Flytte inn

Fase 4: Riving av paviljong 1 og 2, Miljøstasjon/garasje/plasthall og Olavshall. Salg av modulbygg 5 og plasthall. Vurdering av Gamlebygget, mellombygget, administrasjonsbygget og verkstadbygget. Eventuelt riving også av desse.

Fase 5: opparbeiding av utomhusområde etter riving

Fase 6: Revisjon av utviklingsplan

#### KOSTNADER:

På Herøy foreslår vi eit nybygg på 6.800m<sup>2</sup> BTA til 251,6 mill. I tillegg kjem ca. 6 mill. I rivekostnader og 5 mill i etterfølgande utomhuskostnader om ein riv heile den gamle bygningsmassa. Modulbygg 5 og plasthall

kan ein selge for gjenbruk. Salgsinntekt ikkje stipulert.

**Pedagogiske mål:**

Utviklingsplanen sin ambisjon er å tilpasse skulen til gjeldande ny struktur, det såkalla kunnskapsløftet, ved ein samla gjennomgang av bygningsmassen, med tanke på at dei ulike utdanningsprogramma skal få sine baseareal og spesialrom i tråd med gjeldande føringar frå Utdanningsavdelinga i Fylkeskommunen.

**Miljøforbettringsmål:**

Energisparing, inneklimateoppgradering

**Driftsteknisk opprustingsmål:**

SD anlegg, energisparing, energiklassifisering.

**Visjon:**

Det er ikkje utarbeidd eigne visjonsmål i arbeidet med utviklingsplanen utover nytt skulebygg.

**Virkemiddel:**

Nybygg

**Arealberegningssmodellen (FEF modellen) 2014.**

Dette er ein felles Fylkeskommunal arealmodell for å kvalitetssikre arealbehovet for dei ulike utdanningsprogramma ved ulike elevtal og ulike Vg2 og Vg3 tilbod.

### **3.1 BAKGRUNN / FØRESETNADAR / MANDAT**

I sak T-79/11 blei fylgjande vedtak gjort:

*"Fylkestinget ber om at det vert lagt fram utviklingsplanar for alle dei vidaregåande skulane i fylket i løpet av økonomiplanperioden".*

Sak PN-28/13 .

*" Plannemnda godkjenner framlagte prosjektplan for utviklingsplanar for skulane Ørsta vgs, Volda vgs, Ulstein vgs og Herøy vgs.*


